


# Prosjekt “Verneplan for Smøla kommune” Fagrapport

**Registrerte verneverdier og geografisk avgrensning av område som ut frå naturfagleg verdi er interessante for vurdering av vern etter “Lov om naturvern”**



***Framsidedfoto:***

*Øylandskapet utafor Sætran på Nord-Smøla (foto: Alv Ottar Folkestad)*

*Motiv frå myrane ved Frostaheia mot Moldvassheia (foto: Øyvind Leren)*



# FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Miljøvernavingdelinga

Fylkeshuset, 6400 Molde

	Rapport nr: 6/98																										
	Tilgjenge Open																										
Tittel: Prosjekt «Verneplan for Smøla kommune» Fagrapport	Dato: 31.12.1998																										
Forfattar: Folkestad, Alv Ottar	Sidetal: 104																										
<p>Denne fagrapporten gjev eit samla oversyn over dei naturfaglege verdiane i Smøla kommune og er det viktigaste grunnlagsmaterialet for det vidare arbeidet med ein verneplan. Det er vidare eit viktig bidrag i samanheng med «Smølaprosjektet» som er eit samarbeidsprosjekt mellom Smøla kommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, NVE, utbyggjar av vindkraft og grunneigarar på Smøla.</p> <p>På grunn av at dei verneverdige områda på Smøla er arealmessig omfattande og at trugselbiletet til denne tid har vore heller moderat, har det innafor naturforvaltninga vore semje om å utsette verneplanarbeidet etter naturvernlova. Dette for å koordinere naturinteressene for heile Smøla kommune utan å dele opp planprosessen i ulike naturfaglege tema (Fylkesvise verneplanar). Dei aktuelle grensene for eventuelle verneområde er derfor ikkje fastlagt, og det har ikkje vore gjennomført nokon planprosess etter sakshandsamingsreglane i naturvernlova. Ut frå dei naturfaglege data som ligg føre, konkluderar rapporten med at følgjande geografisk avgrensa område er aktuelle å vurdere i ein verneplanprosess.</p> <table><tr><td>1. Øyområdet Kullisvaet - Olsøysvaet (LVO/res.)</td><td>210,69 Km<sup>2</sup></td></tr><tr><td>2. Sentrale myr og heiområde på «Fast-Smøla» (LVO/res.)</td><td>49,01 Km<sup>2</sup></td></tr><tr><td>3. Hopavassdraget (res.)</td><td>10,10 Km<sup>2</sup></td></tr><tr><td>4. Aunvågen - Straumøya (res.)</td><td>3,46 Km<sup>2</sup></td></tr><tr><td>5. Monsøyområdet (res.)</td><td>1,59 Km<sup>2</sup></td></tr><tr><td>6. Storrassøy - Skalmen (res.)</td><td>15,54 Km<sup>2</sup></td></tr><tr><td>7. Fløtjønnna (res.)</td><td>0,25 Km<sup>2</sup></td></tr><tr><td>8. Edøyvalen (res.)</td><td>0,08 Km<sup>2</sup></td></tr><tr><td>9. Kyrhaugvatna (res.)</td><td>0,22 Km<sup>2</sup></td></tr><tr><td>10. Litleneset (res.)</td><td>0,57 Km<sup>2</sup></td></tr><tr><td>11. Remman (res.)</td><td></td></tr><tr><td>12. Sjøvågen (res.)</td><td>0,58 Km<sup>2</sup></td></tr><tr><td>13. Straumøya m.fl. (res.)</td><td>1,71 Km<sup>2</sup></td></tr></table> <p>Vedlagte kart i målestokk 1:100 000 viser registrerte verneverdiar og geografiske avgrensingar av dei områda det er aktuelt å arbeide vidare med i verneplanssamanheng. Det går vidare fram av rapporten at det er aktuelt å gjennomføre nokre tilleggsregistreringar når det gjeld botanikken.</p>	1. Øyområdet Kullisvaet - Olsøysvaet (LVO/res.)	210,69 Km <sup>2</sup>	2. Sentrale myr og heiområde på «Fast-Smøla» (LVO/res.)	49,01 Km <sup>2</sup>	3. Hopavassdraget (res.)	10,10 Km <sup>2</sup>	4. Aunvågen - Straumøya (res.)	3,46 Km <sup>2</sup>	5. Monsøyområdet (res.)	1,59 Km <sup>2</sup>	6. Storrassøy - Skalmen (res.)	15,54 Km <sup>2</sup>	7. Fløtjønnna (res.)	0,25 Km <sup>2</sup>	8. Edøyvalen (res.)	0,08 Km <sup>2</sup>	9. Kyrhaugvatna (res.)	0,22 Km <sup>2</sup>	10. Litleneset (res.)	0,57 Km <sup>2</sup>	11. Remman (res.)		12. Sjøvågen (res.)	0,58 Km <sup>2</sup>	13. Straumøya m.fl. (res.)	1,71 Km <sup>2</sup>	
1. Øyområdet Kullisvaet - Olsøysvaet (LVO/res.)	210,69 Km <sup>2</sup>																										
2. Sentrale myr og heiområde på «Fast-Smøla» (LVO/res.)	49,01 Km <sup>2</sup>																										
3. Hopavassdraget (res.)	10,10 Km <sup>2</sup>																										
4. Aunvågen - Straumøya (res.)	3,46 Km <sup>2</sup>																										
5. Monsøyområdet (res.)	1,59 Km <sup>2</sup>																										
6. Storrassøy - Skalmen (res.)	15,54 Km <sup>2</sup>																										
7. Fløtjønnna (res.)	0,25 Km <sup>2</sup>																										
8. Edøyvalen (res.)	0,08 Km <sup>2</sup>																										
9. Kyrhaugvatna (res.)	0,22 Km <sup>2</sup>																										
10. Litleneset (res.)	0,57 Km <sup>2</sup>																										
11. Remman (res.)																											
12. Sjøvågen (res.)	0,58 Km <sup>2</sup>																										
13. Straumøya m.fl. (res.)	1,71 Km <sup>2</sup>																										
	ISBN 82-7430-111-0 ISSN 0801-9363																										
Fagansvarleg: Trond Haukebø (seksjonsleiar) 	For administrasjonen: Per Fredrik Brun (fylkesmiljøvernsjef) 																										

1. FORORD.....	4
2. INNLEIING.....	5
3. LANDSKAP OG NATUR I SMØLA.....	7
4. TEMAVISE, REGISTRERTE VERNEVERDIAR.....	14
4.1 MYRREGISTRERINGAR.....	14
4.1.1 Røkmyrane og Holmvassmyrane 1b-2.....	15
4.1.2 Røkmyrane og Jøstølmyrane 2.....	16
4.1.3 Toppmyra (felt A og B) og Kjysvassmyra (felt C-E) 1a.....	17
4.1.4 Svartvassmyra eller Kvitmjølsokna 2.....	18
4.1.5 Langhaugmyra/Høljemyra (deler) 3 (-4).....	18
4.1.6 Hopasingsmyra 2.....	19
4.1.7 Svarthaugmyra 2.....	19
4.1.8 Kolbergmyra 3.....	20
4.1.9 Høgåsen, Valmyrrabben (1c)-2.....	21
4.2 HAVSTRAND.....	22
4.2.1 Skarpegardsvågen **.....	22
4.2.2 Rosvolløya **.....	23
4.2.3 Sjøvågen ("Sjyvågen") ***?.....	23
4.2.4 Nelvikvågen *.....	24
4.2.5 Rokstadelva *.....	25
4.2.6 Grunnvågen *.....	25
4.2.7 Einesvågen/Litjneset ***.....	26
4.2.8 Fløjtjønnan ?.....	26
4.2.9 Gjeldberg *.....	27
4.2.10 Langvassvågen *.....	27
4.2.11 Leirvikvågen *.....	29
4.2.12 Fuglevågen *.....	29
4.3 KYSTLYNGHEI.....	31
4.3.1 Kuliøya MR510-537 175-195 1800 da ***.....	31
4.3.2 Skjølberg MR50 24-25 **.....	32
4.3.3 Fuglevågen MR47-51 28 **.....	32
4.3.4 Gjeldberg-Dyrnes MR42-43 28-32 **.....	32
4.3.5 Nelvik-Rokstad MR57-58 25-30 *.....	33
4.4 EDELLAUVSKOG.....	34
4.4.1 Kuli MR 542188 ***.....	34
4.5 BARLIND OG KRISTTORN.....	35
4.5.1 Nelvika *.....	35
4.5.2 Rosvoll **.....	35
4.6 KULTURLANDSKAP.....	37
4.6.1 Øyane sør-aust for Smøla ****.....	38
4.6.2 Skomsøya MR 40 29 *.....	44
4.6.3 Skarpnaset MR 40 31 **.....	45
4.6.4 Monsøya MR 44 35-45 36 *.....	45
4.6.5 Teinosen MR 59 27 *.....	45
4.6.6 Kjeøya MR 58 32 *.....	45
4.6.7 Store Føllingen MR 58 33 *.....	46
4.6.8 Innerremmingen MR 63 23 *.....	46
4.6.9 Åstøya MR 60 27 *.....	46
4.6.10 Hestøya MR 56 23 **.....	46
4.6.11 Vikjelsøya MR 56 23-57 23 ***.....	47
4.6.12 Nordre Vikjelsholmen MR 57 22 *.....	47
4.6.13 (Vestre) Krongelholmen MR 58 22 *.....	47
4.7 MARINE VERNEOMRÅDE.....	48

4.7.1	<i>Strekningen Grip-Breidsvaet på Smøla</i> .....	48
4.8	VERNEPLAN FOR VASSDRAG .....	50
4.9	VÅTMARKER.....	52
4.9.1	<i>Kulisvaet-Olsøysvaet (Breisvaet)</i> **** .....	53
4.9.2	<i>Fuglevågsvassdraget/Maurdalen</i> **** .....	54
4.9.3	<i>Åndhaugen-Rokstadelva</i> *** .....	55
4.9.4	<i>Rokstad/Vikan</i> **** .....	55
4.9.5	<i>Hopavassdraget</i> **** .....	56
4.9.6	<i>Daumannshaugen/Skomsøyvågen</i> ** .....	57
4.9.7	<i>Monsøya</i> *** .....	57
4.9.8	<i>Litjneset-Hopen</i> *** .....	58
4.9.9	<i>Innervalen-Nesevågen</i> * .....	59
4.9.10	<i>Oladyet</i> * .....	59
4.9.11	<i>Leira</i> ** .....	59
4.9.12	<i>Gjeldbergvågen</i> ** .....	60
4.9.13	<i>Øyavågen</i> *** .....	60
4.9.14	<i>Åndalsvatnet</i> * .....	61
4.9.15	<i>Fløtjønna</i> **** .....	61
4.9.16	<i>Øygårdsvågen</i> ** .....	62
4.9.17	<i>Sjøvågen ("Sjyvågen")</i> ** .....	62
4.10	SIØFUGL .....	64
4.10.1	<i>Remman</i> **** .....	64
4.10.2	<i>Skalmen/Singskjera</i> *** <sup>1)</sup> .....	65
4.10.3	<i>Måøya</i> ** .....	65
4.10.4	<i>Straumøya, Hestøya, Vikjelsøya</i> ** .....	66
4.10.5	<i>Krongelholman</i> ** .....	66
4.10.6	<i>Åstøya</i> *** .....	66
4.10.7	<i>«Skjølbergøyane»</i> *** <sup>2)</sup> .....	67
4.10.8	<i>Sortna MR</i> *** .....	68
4.10.9	<i>Lyngvær MR</i> *** .....	68
4.10.10	<i>Solværet-Blåsværsvaet MR</i> *** .....	68
4.10.11	<i>Breisvaet med omgivnader MR</i> **** .....	69
4.11	FERSKVASSINNSEKT .....	69
4.12	ANDRE TEMA, ARTAR ETC. ....	71
4.12.1	<i>Kalkgrunnvegetasjon</i> *** .....	71
4.12.2	<i>Hekkelokalitetar for smålom og storlom</i> **** .....	71
4.12.3	<i>Lokal forvaltningplan for grågåss</i> ** .....	72
4.12.4	<i>Hekkelokalitetar for havørn</i> **** .....	72
4.12.5	<i>Leveområde for smølalirype</i> ***(*) .....	73
4.12.6	<i>Oterlokalitetar</i> ***(*) .....	73
5.	AVGRENSING AV OMRÅDE I SMØLA AV SPESIELT HØG, NATURFAGLEG VERNEVERDI ...	74
5.1	STORE OMRÅDE OG LANDSKAP (>10 km <sup>2</sup> ) .....	74
5.1.1	<i>Sør-Smøla øyområde</i> .....	74
5.1.2	<i>Hopavassdraget</i> .....	81
5.1.3	<i>Brattværskjergarden</i> .....	82
5.2	MINDRE OMRÅDE OG EINSKILDLOKALITETAR (INNTIL 10 km <sup>2</sup> ).....	84
5.2.1	<i>Straumøya, Hestøya og Vikjelsøya</i> .....	84
5.2.2	<i>Monsøyområdet</i> .....	85
5.2.3	<i>Aunvågen, Strauman, Straumøya</i> .....	87
5.2.4	<i>Remman</i> .....	89
5.2.5	<i>Kyrhaugvatnet</i> .....	90
5.2.6	<i>Edøyvalen</i> .....	92
5.2.7	<i>Fløtjønna</i> .....	93
5.2.8	<i>Sjøvågen ("Sjyvågen")</i> .....	95
5.2.9	<i>Litjneset-Einvågen</i> .....	97
6.	BEHOV FOR TILLEGGREGISTRERINGAR OG OPPDATERING AV KUNNSKAPSGRUNNLAG	99

## 1. FORORD

Denne rapporten summerer opp det som er kjent av registrerte og verdivurderte, naturfaglege verdiar innan alle aktuelle tema i Smøla kommune. Bakgrunns materialet er samla over ei svært lang tidsperiode, med første registreringar før 1970 og første utkast til aktuelle verneområde sett inn i ein internasjonal samanheng frå 1973 (to ulike tema). Oppdatering av kunnskap og grunnlagsmateriale har skjedd heilt opp til 1998.

At naturverdiane innan fleire ulike tema og sett i ein heilskap kvalifiserer til områdevern etter Naturvernlova, var utan vidare klart frå første stund, men grunnlaget for å vurdere ulike område og tema i høve til kvarandre vart lagt etter kvart som registreringar omkring ulike tema vart gjennomførte. Med utgangspunkt i miljøvernstyresmaktene sin konklusjon om at eventuelt områdevern i Smøla måtte setjast inn i ein heilskapleg plansamanheng og som ein samla verneplan, vart behovet for å ta fatt på verneplanarbeidet utløyst gjennom initiativet frå Smøla kommune og aktuelle utbyggerar om å få utarbeidd planar for vindkraftutbygging i kommunen.

Gjennom det såkalla Smølaprosjektet, eit eit lokalt forankra planleggingsprosjekt, igangsett 1998, skal kommunen som lokal planstyresmakt ha ansvaret for å samordne kommuneplanrullering med planar om vindkraftutbygging, utviklingsplan for jordbruket, utarbeiding av ein forvaltingsplan for kulturlandskapet og utarbeiding av ein verneplan etter Naturvernlova, i samarbeid med aktuelle utbyggerar av vindkraft og med Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Fagrapporten om dei registrerte verneverdiane i Smøla skal danne grunnlaget for utarbeiding av verneplanen etter Naturvernlova, og arbeidet med denne vart igangsett 1. september og avslutta 31. desember 1998. Fagrapporten vart utarbeidd gjennom eit eige prosjekt, og miljøvernkonsulent Alv Ottar Folkestad vart engasjert til dette arbeidet. For å kunne samarbeide nært med Smølaprosjektet og løpande vurdere status og areal i høve til dei faglege registreringane, var Folkestad stasjonert og hadde sin arbeidsplass på Smøla under prosjektperioden. I denne tida møtte han og som fylkesmannens representant i prosjektgruppemøta i Smølaprosjektet.

## 2. INNLEIING

Då Miljøverndepartementet vart oppretta i 1972, vart det igangsett arbeid med såkalla fylkesvise verneplanar bygt på temavis registrering av viktige naturområde og vurdert ut frå kor vidt områda var av internasjonal, nasjonal, regional eller lokal verneverdi. I åra etterpå er ei rekkje slike temavise verneplanar vedtekne, og for enkelte fylke er arbeidet slutført i samsvar med intensjonane. For andre fylke er slike verneplanar berre vedtekne for nokre tema.

«Verneplan for våtmarker i Møre og Romsdal» vart slutført ved Kgl. Res. i 1988, «Verneplan for myr i Møre og Romsdal» blei stadfesta i 1996, «Verneplan for edel-lauvskog i Møre og Romsdal» er inne til slutthandsaming hos sentrale styresmakter, medan «Verneplan for havstrand i Møre og Romsdal», «Verneplan for sjøfuglreservat i Møre og Romsdal», «Verneplan for barskog i Vest-Norge», «Verneplan for barlind og kristtorn» og «Verneplan for kystlynghei» er under handsaming på ulike planstadiar. Utanom dette er «Verneplan for vassdrag I-IV» vedteken, det er lagt fram ein Fylkesdelplan for elveoslandskap og det er gjennomført registreringar av verdifulle kulturlandskap og for verdifulle, marine område.

I Smøla kommune er det i samband med slikt verneplanarbeid kartlagt område av til dels svært stor naturfagleg verneverdi for ei rekkje tema. Det har vore konkludert med at Smøla merker seg ut både nasjonalt og i internasjonalt samanheng, særleg myrbotanisk, for sjø- og kystfugl og når det gjeld samleomgrepet våtmarker. Dessutan er her førekomstar av meir spesiell karakter, både sjeldne artar i ytterkanten av utbreiing og artar med spesielle miljøkrav. Med utgangspunkt i registrering av verdifulle kulturlandskap i Norge vart Sørvest-Smøla i 1995 klassifisert som årets kulturminne i Norge.

Det vart tidleg konstatert at temavise verneplanar med tematisk vern av avgrensa område ikkje var tilfredstillande for å sikre dei store verneverdiane i Smøla kommune. Dette fordi aktuelle areal i Smøla var store, dels fordi slike område dannar ein mosaikk innimellom område som er av stor verdi for eller er tekne i bruk til ulike andre føremål, og fordi det er stort samfall og overlapping av verneverdige område innan ulike vernetema, dels også at aktuelle område innan ulike tema grensar opp til kvarandre. Temavise verneplanar etter tradisjonelt mønster ville såleis lett føre til ein uryddig og uoversiktleg arealplansituasjon. Det vart derfor konkludert med at det var behov for ein større, samordna verneplan for Smøla kommune, der dei ulike vernetema kunne vurderast i samanheng og handsama under eitt, med utvalg av større, samanhengande område som kunne dekke verneverdiane i ulike tema. Alternativet var oppretting av eit stort tal verneområde av ulike tema og gjennom mange ulike plan- og vedtaksprosessar. Det vart og konstatert at ein slik verneplan måtte samordnast med arealplanlegging eller i Smøla og at dette best kunne gjennomførast i ein felles planprosess, der ein kommuneplan på eine sida og ein verneplan på den andre sida var viktige reiskap for å sikre dei store naturvernverdiane i øykommunen samstundes som lokalsamfunnet sitt behov for areal til nærings- og folketalsutvikling kunne bli stetta.

Over ein lang periode vart ei slik tilnærming til sikring av naturvernverdiane i Smøla kommune prioritert lågt av sentrale styresmakter, først og fremst fordi det vart vurdert å vere lite press på naturområda i kommunen. Dette endra seg radikalt då Statkraft i samarbeid med Smøla kommune tok opp spørsmålet om utbygging av vindkraft på Smøla i 1997. Med utgangspunkt i dette arbeidet og krav til konsekvensutgreiing for bl.a. naturfaglege verdiar som følgje av ei

vindkraftutbygging, vart det i 1998 stilt midlar til rådvelde for Fylkesmannen i Møre og Romsdal med sikte på ein verneplan etter Naturvernlova for Smøla kommune i ein samordna planprosess der konsekvensutgreiing for vindkraftutbygging, kommuneplan for Smøla, utviklingsplan for jordbruket i Smøla og verneplanen i medhald av Naturvernlova er viktige tema. Første steg i dette arbeidet var å summere opp og gje eit samla oversyn over dei naturfaglege verneverdiane innan ulike tema som er registrerte i Smøla. Dette er bakgrunnen for den fagrapporten som vert presentert her.



### 3. LANDSKAP OG NATUR I SMØLA

Denne største, reine øykommunen i Møre og Romsdal er naturfagleg den mest særprega av alle kommunane i fylket. 274 km<sup>2</sup> landareal er litt under gjennomsnittet for kommunane i fylket. Dei fleste andre kommunane har stor spennvidde i naturtyper og landskap, medan Smøla sitt særpreg på ein måte er det motsette: Ei samanhengande strandflate, men variert nok på sin måte. *Smøla er sagt å tyde det oppsmuldra landskapet*, og i delar av kommunen kan det vere vanskeleg å skilje klart mellom sjø og land. Ytst mot havet ligg skjær og småholmar i ein krans, litt større øyar i den indre skjergarden, og eit nettverk av nes og halvøyar, vikar, vågar og valar som endar opp mot pollar og brakkvassstjønner som skjær seg inn i det flate landskapet. Dette går over i langsmale ferskvatn og tjønner langs dei mange vassdraga mellom lange og låge bergryggar, breier seg ut att i dei store myrlandskapa i sentrale delar av øya, med småvatn, tjønner, dammar og pyttar slik at det er vanskeleg å seie kvar sjøen sluttar og ferskvatnet tek over, særleg etter som dette fysisk varierer med tidevatnet og etter årstidene. Heile Smøla, frå ytst til inst har vatn og vassflater som dominerande element i landskap og natur, salt eller ferskt, pr. definisjon er det aller meste av denne kommunen våtmark, eit samleomgrep for utval av naturtyper der vatn er fellesnemnaren.

Statistikken stadfester dette: Medrekna dei minste skjær og skallar er det innregistrert 5847 øyar, holmar og skjær i kommunen. Berre Frøya av dei norske kommunane er registrert med fleire. For ferskvatn med alle vatn, tjønner, dammar og pyttar, gjev dei same statistikkane 7752 "vass-spegl", og den samanlagde strandlinjelengda for kommunen er 1470 km, nesten fjerdeparten av den samla strandlinjelengda i fylket (6401 km), det fylket som etter Nordland har den lengste strandlinja i landet. Dette skaper Smøla sitt særpreg. Derimot manglar fjell. På heile hovudøya, den største i Møre og Romsdal, er få ryggar over 40 moh. Den småkuperte, nordvestre delen av øya, så vel som dei myr- og heidominerte områda i aust, ligg stort sett rundt 20-30 moh, med toppar og ryggar så vidt opp i 40 m eller i overkant det her og der. Nelvikberget med 63 moh hevar seg opp og er synleg nesten same kvar ein er på Smøla. Det gjeld og høgste punktet i kommunen, Ramndalshaugen på Kuli med 70 moh.

Særpreget for Smøla er såleis det flate kystlandskapet. Innslag av denne landskapstypen finst mange andre stader og, men då berre som kontrastar mot andre landskapsformasjonar og naturtyper, ikkje som på Smøla, eit landskap som best kan karakteriserast som ei einsarta samling av detaljar som dominerer eit heilt landskap.

Detaljrikdomen i det små gjer at det likevel er spennvidde i naturen på Smøla, sjølv om storformene som pregar variasjonen i resten av fylket, manglar, først og fremst fjellformasjonar, men også skogsområde. Ytst ute ligg ein verhard fall- og skjergard, men raskt går dette over i eit oppdelt og skjerna øygardslandskap med ei mengd småholmar og øygrupper, og med breiare sva av ope farvatn innimellom. Langs sjøen er det mykje svaberg og berglende og lite av lausmassestrender. Berre i dei inste vikane og litt langs austsida av Smøla og på øyane inn mot Trondheimsleia finst det grus- og sandstrender. Mot sjøen er landskapet stort sett også prega av lynghei, med litt krattskog her og der på inste del. På nordvestre hjørne av hovudøya strekkjer dette kuperte heilandskapet seg nokre kilometer innover, medan det elles er dei mektige myrområda som set sitt preg på resten av øya, utanom dei trass alt få og avgrensa områda der myra er oppdyrka. Busetnaden var opprinneleg knytt til strandfronten rundt Fast-

Smøla og til øyværa utanfor. Gjennom bureising er det i dag gardar og grender også i eit belte over austre del av innlands-Smøla.

Nordlege del av dette øyriket er prega av sure og fattige bergartar med næringsfattig jord eller torv og dårlege vekstvilkår. Det er betre langs sprekkedalane og søkka der det ligg att skjelsand og havleire. Jordbruksavrenning har gjødsla opp og gitt auka biologisk produksjon rundt landbruksareala, og langs austsida av øya finst det lausmasseavsetningar, både morenemateriale, sjøsand og skjelsandbankar. Dette gjev grunnlag for eit meir frodig planteliv. På sørlege del av øya er det stor variasjon i berggrunnen, bl.a. med kalkfjellsdrag og innslag av koparkis og jernmalm. Ein periode vart det og starta gruvedrift på øya. Dei inste øyane, Kuløya og Edøya, har konglomeratbergartar som eit særpreg.

Det er klart at det ein gong i historisk tid har vore skog også på delar av Smøla, for myrane her gøymer tyrirøter og gamle tømmerstokkar, men det ser ut til at mykje av øya likevel må ha vore fri for skog heile tida etter at isen drog seg attende. På dei lunaste stadene langs innsida står litt lauvskog og krattskog av naturleg oppslag, og denne er tydelegvis i framgang. Varmekrevjande artar finst og, med eit eikeholt på Kuli og kristtornførekomstar eit par stader, for begge artar dei nordlegaste vekseplassane som er kjende.

Også i gamle kjelder dukkar det opp eitt og anna interessant frå naturen her. Det einaste godkjende funnet av stortrappe i Norge er frå Smøla på 1700-talet og er skildra av Gunnerus i Trondheim. I slutten av forge og tidleg på vårt århundre vart det gjort ein del notatar om interessante fuglearter frå dette øyriket, m.a. fleire lireartar, og utover på vårt århundre vart dei særmerkte smølamyrane kartlagde, men då ut frå verdien som dyrkingsland. Frå omlag 1970 har naturtyper og artsutval, særleg ut frå botaniske og ornitologiske interesser, vorte meir systematisk undersøkte, og dette stadfestar at denne øykommunen merkar seg ut både i landsmålestokk og internasjonalt med tanke på funksjon og verdi for ein del særmerkte plante- og dyresamfunn.

Ein rask presentasjon av dette landskapet gjer det naudsynt å dele naturen opp i ulike landskapstyper og samfunn, men det må bli på ein annan måte enn det som er naturleg for dei fleste andre område:

### **Havet og sjøen:**

Smøla kommune med sitt oppdelte skjergardslandskap ligg strategisk til i høve til rik biologisk produksjon i sjøen. Dei tilgrensande havområda i nord og vest ligg midt i påverknadsområda for kyststraumen og Golfstraumen. På sørsida skaper Griphølen og Edøyfjorden eit ope samband til havet med innsig av fisk og har tradisjonelt gode fiskeplassar for sild og brisling. På austsida ligg tilsvarande Ramsøyfjorden som ei djuprenne mellom Smøla og Hitra. Frå gammalt av har fiskeri vore den viktigaste næring og levemåte i Smøla, og fiskerihamner, fiskemottak og fiskeribedrifter har skapt grunnlag for busetnad og utvikling av ein natur som i svært stor grad er prega av det havet omkring har å by på.

Livet i havet har på alle måtar prega smølanaturen, både gjennom rike fiskebestandar og det livgrunnlag dette gav for sjøfugl, sjøpattedyr og menneske, og ved at nærleiken til havet både fysisk og kjemisk har vore ein av hovudfaktorane for ein del av dei særdraga som naturen i denne øykommunen er kjend for.

### **Skjergard og gruntvassområde:**

Som det er understreka innleiingsvis, merker Smøla seg ut med ein kolossal og variert skjergard med eit utal av øyar, holmar og skjer, og som ei følgje av dette også store område med gruntvassareal. Under vatnet er landskapet over store område like småkupert som inne på land, og det er lite av einsarta, store gruntvassflater anna enn mellom dei store øyane på innsida av Smøla, Kuli og Edøya, og nokre område på austsida. Likevel er svært store område i Smølaskjergarden grunnare enn 10 m, dels taregrunner på berg- eller steinbotn, dels sandflater.

Her er det eit rikt tilbod for eit breidt spekter av gruntvasstilknytte livsformer, også for landlevande artar, som er avhengige av denne type natur på andre måtar. Det gjeld marine vegetasjonssamfunn av mest ulike utformingar, frå store tareskogar ut mot havet via frodige tangbelte inne mellom holmar og langs strender, til plantesamfunn som er knytte til skjerma bukter i stille farvatn. Dyrelivet i sjøen er overveldande og variert, og dette skaper i neste omgang ein påfallande artsrik og individrik bestand av både kystfugl og sjøpattedyr med nokre av dei største og tettaste lokale bestandane som er kjende for nokre av dei mest særprega artane.

For somme dyre- og fugleartar tener smølaskjergarden som yngleområde. For andre er det viktige beiteområde utanom yngletid. For nokre gjeld det vinterhalvåret, for andre sommarstid. For fleire artar og samfunn er dette viktige førekomstar både i nasjonal og internasjonal samanheng.

### **Strandsona:**

Med 1470 km strandlinjelengde vil strandsona nødvendigvis bli eit dominerande innslag i Smølanaturen. Sjølv om strandsona dei fleste stader er etter måten smal, finst det stort sett eit band av strandengsvegetasjon på landsida, med tangbelte og gjerne sand- eller mudderbotn i tidevass-sona mot sjøen. Om ein tenkjer seg ei snittbreidde på 20 m på denne strandsona, betyr det omlag 30 km<sup>2</sup> strandsoneareal, og endå er dette truleg godt i underkant av det reelle. Med strandsona som ei høgproduktiv naturtype dei fleste stader, vil dette gje eit viktig livsgrunnlag for ei rekkje plante- og dyresamfunn.

Ein stor del av strandsonene langs Smøla er prega av berg, særleg den delen som ligg i øvre del av tidevass-sona, men også strandberga har sine karakteristiske naturtyper, fleire av dei med spesielle og sårbare plante- og dyresamfunn. I nedre del av tidevass-sona er det over store område lausmasse og særleg langs dei skjerma buktene, vågane og valane er dette for ein stor del blautbotn og leirer, mange med særdeles gode vilkår for rik, biologisk produksjon og eit stort utval av artar. Langs dei mest oppdelte kystområda er det ein mosaikk av smale strandengsbelte og låge eid mellom øyar og halvøyar som i sum gjer totalarealet av denne naturtypen til eit viktig innslag i landskapet.

Den rike og varierte strandsona gjev i neste omgang grunnlag for ei rekkje fugleartar, særleg av ender og vadefugl, medan det blant pattedyra først og fremst er oteren som er tilpassa denne naturtypen.

### **Vatn og vassdrag:**

Med eit utal av vatn, tjønner, dammar og pyttar, vegetasjonsrike og vegetasjonsfrie, næringrike og næringsfattige, sure og nøytrale, er det eit særdeles breidt spekter av ferskvassmiljø. Artslista for ferskvassfugl syner dette, og det gjer og dei gode bestandane av ferskvassfisk, sjølv om den totale ferskvassfaunaen og -floraen ikkje er like godt kartlagd som mykje av den andre naturen i Smøla. Langs sjøkanten er det ei rekkje brakkvasstjønner med rik undervassvegetasjon og frodige strandenger eller sivbelte, og ein del funn, særleg av planter, syner at nokre av desse er svært spesielle og verdifulle både i landsmålestokk og internasjonalt. Dei fleste vatna er små, dei største omlag 2,5 km lange, og fleirtalet er vegetasjonsfattige, men og mange med frodig vegetasjon, nokre med tette takrør- og sivaksbelte, andre med frodige nøk-kerosfelt, men dei fleste vegetasjonsrike vatna har starr- og snelleenger langs breiddene. Dei fleste vatna er nokså grunne og har botnvegetasjon.

Denne vassdragsnaturen skaper på mange måtar eit naturfagleg skjelett for Fast-Smøla både i kraft av dei livsformene som høyrer til og som gjev livsgrunnlag for fugl og dyr elles, og ved å vere grenser for nokre landskapselement og naturtyper og hovudårar for andre. Samspelet med vatn og vassdrag er ein del av hovudlandskapstypene på øya, og vassmettinga i store deler av landskapet og lokalklimaet er avgjerande for mange av dei livsformene og samfunna som er karaktergjevande.

Mange av vatna er urørte, og nokre har fått auka vegetasjon og produktivitet gjennom avrenning frå dyrkamark og fungerer som naturlege, biologiske rensesystem, men det er og fleire av dei opprinneleg mest frodige og produktive vatna som har vorte endra og øydelagde ved drenering og masseuttak.

### **Myrlandskapet:**

Landskapsmessig er det likevel dei store myrflatene som dominerer Smøla. Kilometervide strekkjer dei seg utover, mest utprega på austlege og sørlege delar av Fast-Smøla. Tidlegare var dette veglaust terreng, men frå 1920-30-talet vart det igangsett drenerings- og dyrkingsarbeid i dei sentrale myrområda på Frostadheia og Moldvassheia, og dette gav også vegar som kryssar myrområda frå nord til sør og frå aust til vest. Dels er dette flate regnvassmyrar som kan dekkje fleire kvadratkilometer samanhengande, slik Toppmyra og Kyssvassmyra framleis ligg. Mesteparten er likevel myrflater som er oppdelte av bergryggar eller grunne dalsøkk, dels med høgmyrar av fattig karakter på dei høgtliggande partia, dels svakt hellande myr mot vassdraga og søkka i terrenget, og i daldraga er det og ein del gjengroingsmyrar langs vatn og bekelaup. På sørlege og søraustlege del er det ein del myr på kalkberggrunn, såkalla rikmyrar som gjev gunstige vilkår for ein del plantesamfunn med tilhøyrande dyreliv. På grunnare parti er livsvilkåra betra gjennom tilgang på mineralnæring frå berggrunnen, og her er det mange stader dammar og pyttar i myra med betre biologisk produktivitet enn i myrområda elles.

Myrlandskapet på Smøla har sine karakterartar når det gjeld planter og dyreliv. Artsutvalget er ikkje spesielt rikt, men nokre av artane er sterkt karaktergjevande for naturen, som myrsnipa og småspoven. Bjønnskjegg og myrull set sitt preg på nokre av dei store myrflatene, saman

med gråmose og reinslavartane, men innimellom skaper andre planter variasjon og bryt opp det einsformige.

### **Heiområda:**

Det opne landskapet på Smøla har to hovudelement: Myrlandet og heiområda. Ofte er det eit lappeteppe av dei to naturtypene, men det kan og vere samanhengande område med lynghei av varierende karakter, på same måte som det og er store myrflater. På deler av Smøla kan heilandskapet såleis vere like dominerande som myrområda er det andre stader. For ein stor del er røsslyngen karakterart, men også krekling og mjølbær set sitt preg på floraen. Enkelte stader gjev blåbærlyngen eit friskare, grønt innslag. På fuglegjødsla haugar og skrentar er det frodiggrønt gras og i fuktige kantar mot myra kan det vere godt om molte. Her og der bryt litt lågt vierkratt eller dvergbjørk opp lyngen, ei og anna karrig furubuske, og langs rabbane med kalkberg er det gjerne grashei og urteengar som dominerer vegetasjonen.

Dyrelivet i desse områda er heller ikkje spesielt rikt. Nokre få småfuglartar er karakteristiske innslag, med tillegg av nokre få artar på rikare stader. Lirynga har eigen variant, smølarynga, som skil seg ut frå vanleg lirynga ved å vere mørkflekka i vinterdrakt. Langs bergkantar og tørre tuer finst det ein spreidd bestand av hoggorm og firfisler.

### **“Fjellviddene”:**

Lågt som Smølalandet er, manglar heilt det som topografisk kan kallast fjell. Like fullt minner naturen inne på Fast-Smøla mange stader om reine fjellvidder. Både landskapsformer og vegetasjon samsvarar med dette: Flate ryggar med nake berg i dagen. Litt stein og blokkmark, men elles gråmoseflyer eller tynt jordsmonn med karrig gras og starr, eller låg, vindpiska lyng. Dette gjev grunnlag både for fjellplanter og fjellet sine fuglar. Vinterstid kan fjellrynga trekke ut, men ho dreg attende til fastlandet når våren kjem, medan heiloen er ein av Smøla sine mest talrike karakterfuglar og er til stades i rikt monn. Dette skaper ein heilt spesiell kombinasjon av naturtypar i nærleiken til havet og t.d. “fjellvidde”-natur som ikkje ligg høgre over havet enn omlag 40 m.

### **Skogholt og plantingar:**

I nyare tid har det vore lite av naturleg skog og kratt på Smøla. Det meste av dette finst langs skjerma og lune sørhellingsar på aust- og sørsida, og på dei to største småøyane, Edøya og Kuli. Her finst det eit variert oppslag av rogn, selje og bjørk, med eitt og anna ospeholt innimellom og ein del vierkratt. På sine stader er det utvikla bjørkeskog av fjellbjørktypen, og både selje, rogn og osp kan nå litt storleik. I nyare tid er det planta ein del barskog, stort sett i nokså små felt, men i seinare år meir i form av samanhengande lebelte av sitkagran og bergfuru. Står dei i god jord og spesielt om dei blir gjødsla, kan det verte rimeleg høge og kvistrike tre. Leeffekten av desse plantingane har etter kvart gjort det lettare å skape vekstvilkår for hageanlegg rundt hus og bustadområde.

Desse områda er i dag viktige for variasjonen i Smølanaturen. I dei frodige lauvskogholta dukkar det straks opp skogbundne arter, både av planter, dyr og fugl. Særleg har ein del småfuglartar fått radikalt endra livsvilkår både i hekketid og elles i året.

### **Kulturlandskapet:**

Det opprinnelege kulturlandskapet i Smøla var anten små og avgrensa slåttemarksområde og beiteareal ute i øylandskapet, eller tilsvarande langs den småkuperte strandfronten rundt Fast-Smøla. I kombinsjon med beiting og lyngbrenning gav dette eit ope og vegetasjonsfattig kystkulturlandskap med dominans av grasmark rundt tun og busette område og på enkelte av dei mest intensivt nytta beiteområda, og med lynghei og fukthei elles.

I nyare tid har det vorte oppdyrka store myrareal, og på nyjordsfelta på Frostaheia, Moldvassheia og Kongsvassmyrane, og på Edøya er det i dag moderne kultursletter med dominans av grasproduksjon, men og med relativt stort åkerland. Dette har gitt rot for kulturbetinga plante-samfunn, både slike som vert dyrka, og artar og samfunn som følgjer kulturlandskapet i form av ugras eller meir nøytrale kulturmarkssamfunn. Slik sett skil ikkje landbruksområda på Smøla seg så mykje frå det som finst på liknande område elles langs kysten Det har og gjeve betra vilkår for ei rekkje fugle- og dyreartar. Grågås høyrer med i den naturlege fuglefaunaen, men har i dag sine viktigaste beiteområde på dyrkamark. Hjorten er ein tilsvarande art. Det har i nyare tid vorte utsett fasan i Smøla, og sjølv om klimaet neppe høver særleg godt, finst det framleis nokre individ av arten. Rundt århundrskiftet vart villkanin utsett og har seinare hatt ei levedyktig stamme på Edøya, den eine av to stader i landet med slik kaninstamme..

### **Smøla som naturkommune:**

Smøla er særmerkt med sin spesielle natur. Ved sida av det flate og opne kystlandskapet med vid, på sine stader nesten prærieprega horisont, andre stader med fjellviddestemming, er fuglelivet og vegetasjonssamfunna av særleg interesse. Samla sett har Smøla eit artsutval av fugl og mengder av fugl og førekomstar av ulike plantesamfunn og naturtyper som er klart verneverdig etter Naturvernlova. I alt er det bokført 226 fugleartar og i tillegg 8 underartar observerte i Smøla, av desse 108 hekkande. For planter og andre dyr elles ligg det ikkje føre noko samla liste, men det er utan vidare klart at det biologiske magfaldet er stort. For ei rekkje artar og område er dette funksjonar og bestandar som gjev eit internasjonalt forvaltingsansvar. Det er såleis ikkje tvil om at fleire og dels store område må verte høgt prioriterte i naturvernsamanheng. Dette gjeld øyområda i sørvest, frå Kuli og Rossvolløya i aust, til Skjølbergvågen og Jøa i vest, altså område som i samla areal er større enn nokon av dei tidlegare verna låglandsområda i fylket. Like eins vil store areal av myr- og heiområde i det indre av Smøla, frå Maurdalen i sør til dei største vassdraga i nord, Pilsbekken og Hopsvassdraget vere aktuelle for vernetiltak. I tillegg finst det viktige og konsentrerte einskildlokalitetar som Fløtjønna ved Skjølbergvågen, og fleire sjøfuglholmar. Når det likevel ikkje er freda noko område på Smøla enno, er det ikkje på grunn av manglande kunnskap, men fordi det må takast spesielle omsyn til ulike brukarinteresser og at styresmaktene har meint det er lite som trugar denne naturen.

Det finst opplysningar om naturen på Smøla frå forge århundre, men dagens kunnskap er særleg samla gjennom tellingar og registreringar dei siste 25 åra. Dette har dokumentert ein særmerkt natur i denne spesielle øykommunen, med ein fuglefauna og eit planteliv som skaper

interesse langt utafør vårt land. Men det syner og at for ei rekkje av dei aktuelle artane er situasjonen ikkje gunstig. Dette gjeld både for ein del fugleartar og for visse vegetasjonssamfunn. I nokre samanhengar er det nok naturgjevne årsaker som er dei viktigaste til desse endringane, men vi må og erkjenne at mennesklege inngrep på Smøla og ringverknader andre stader frå, kanskje er vel så viktige. På den andre sida kan ein og notere at nokre artar har auka i tal og fått det betre som følgje av menneskleg verksemd. Dette gjeld først og fremst den delen av naturen som er knytt til kulturlandskapet.

## 4. TEMAVISE, REGISTRERTE VERNEVERDIAR

I det følgjande vert det presentert ein gjennomgang av det som er registrert av naturfagleg interesse innan ulike tema og gjennom ulike registreringsarbeid i Smøla. Det er her berre gitt eit kronologisk oversyn av det som er omtala i dei ulike rapportane, og områdenamn, verdiklassifisering og verdivurdering følgjer fullt ut det som er framlagt i registreringsrapportane. Det er likevel funne naudsynt å nytte dei daglege lokalamna som hovudnamn på dei ulike, registrerte områda, etter som ein del av dei lokalitetsnamna som er nytta i rapportane dels er namn henta frå kart og som ikkje er i dagleg bruk, dels upresise namn. I siste del av rapporten er det gitt ei samla, naturfagleg verdivurdering av dei aktuelle områda i dag, og ei avgrensing av område som bør vere interessante for vidare vurdering i ein verneplanssamanheng.

### 4.1 Myrregistreringar

Statens Naturvernråd gjekk i 1966 inn for å utarbeide ein landsplan for myrreservat i Norge. Dette vart seinare samordna med "The International Biological Program" (IBP). Under seksjonen "Conservation of Terrestrial Biological Communities" (CT) blei det igangsett eit prosjekt Telma, med hovudoppgåve å utarbeide ei oversikt over myrområde som er internasjonalt viktig for vitskapen og sørgje for å ta vare på desse. Prosjektet vart starta etter ein internasjonalt samankomst av myrforskarar i England 1967.

Med utgangspunkt i dette vart eit myrområde på Smøla, namnsett som Røkmyrane, men medrekna Jøstølmyra, Røkmyra og Holmsvassmyra, og saman med Havmyran på Hitra, teke med i ei nordisk oversikt over aktuelle verneområde (Helweg Ovesen & al. 1973). Dette var eit utval av særleg viktige, eigenarta eller representative naturområde i nordisk samanheng, gjennom eit arbeid av "Nordisk arbetsgrupp för skydd av naturtyper och biotoper av gemensamt nordisk interesse". Rapporten vart lagt fram for natur- og miljøvernstyresmaktene i dei nordiske landa, for Nordisk Råd og for Nordiska kontaktorganet för miljövårdsfrågor.

Desse første registreringane av verdifulle myrområde på Smøla ut frå myrbotaniske kriterier bygde på feltarbeid i meir avgrensa område på øya rundt 1969-71 (Skogen 1969, 1971b). I samband med den norske myrreservatplanen vart det i 1980 gjennomført ei undersøking av ei rekkje aktuelle myrar i Smøla kommune, jamfør «Rapport Botanisk serie 1984-5 Myrundersøkelser i Møre og Romsdal i forbindelse med den norske myrreservatplanen» (Moen 1984). Dette er hovuddokumentet for verdivurdering og prioritering av aktuelle myrområde på Smøla i ein verneplanssamanheng. Det er seinare gjennomført synfaringar som stadfester dei myrbotaniske verdiane av myrane på Smøla.



I den aktuelle rapporten er følgjande myrar i Smøla gitt ei verdivurdering og prioritering:

### Verdiklassifisering:

- 1a = Internasjonal verneverdi  
 1b = Nasjonal verneverdi som typeområde  
 1c = Nasjonal verneverdi som spesialområde  
 2 = Regional verneverdi (landsdelsamheng)

Kategoriene ovanfor kvalifiserer for vern etter Naturvernlova

- 3 = Lokal verneverdi  
 4 = Liten verneverdi  
 5 = Tilsynelatande ingen verneverdi

Tabell 1: Registrerte og verdivurderte myrar på Smøla i samband med myrregistreringar (Moen 1984)

Område	Lokalisering	Areal	Verdi	Aktualitet
Langhaugmyra	MR 5022-5123	600 da	**	
Høgåsen	MR 5124	10 da	***(*)	verneaktuelt
Røkmyra/Holmvasmyra	MR 4725-4927	2500 da	***(*)	verneaktuelt
Røkmyra/Jøstølmyra	MR 4526-4727	1500 da	***	bør vurderast
Kvitmjølsokna	MR5227-5328	900 da	***	verneaktuelt
Toppmyra/Kyssvassmyra	MR 4728-5230	4000 da	****	prioritert
Hopasingsmyra	MR 4933-5031	1000 da	***	verneaktuelt
Svarthaugmyra	MR 4933-5135	1200 da	***	verneaktuelt
Kolbergmyra	MR 4834-4835	100 da	**	

#### 4.1.1 Røkmyrane og Holmvasmyrane

1b-2

*Områdenamn i myrrapporten:*

### 50 Røkmyrane i aust

3 delområde, A = Røkmyrane, B = Holmvasmyrane og C = Holmvasmyrane

Endringar:

A og B grøfta/dyrka,  
 C intakt

Areal:

2500 da totalt  
 1000 da intakt

Dette er eit stort myrkompleks av regnvassmyr (ombrotrof myr på fagspråket) som er delt i tre av bekker og fastmarksparti. Typebeskrivelse er gitt rapport frå Vitenskapsmuseet i Trondheim (Moen 1984). Her er og gitt nærare opplysningar om artsutval av planter og om vegetasjonstilhøva elles.

**Inngrep:**

Røkmyrane skal ha brent ca. 1930. Eitt delområde, A, mellom bilvegen og Røkvatnet er for ein stor del grøfta og dyrka og er såleis utan verneverdi i dag. Eit anna delområde, B, Holmvassmyra nord for Hinnåvassdraget, er og grøfta og dyrka og utan verneverdi.

**Verdivurdering:**

I dag er berre eitt av delområda i myrkomplekset framleis utan inngrep, delområde C. Storleiken er nær 1 km. Verneverdien er vurdert til nasjonalt verneverdig som typeområde, evt. regionalt verneverdig (1b-2). Det er vidare poengtert at verneverdien bør vurderast i samanheng med nærliggande rikmyrområde. Avgrensing av myrområda er gitt i rapport frå Vitenskapsmuseet (Moen 1984) og for det området som framleis er verneverdig i kartvedlegg.

**Aktualitet i verneplanssamanheng:**

Berre det nordlegaste delområdet av Holmvassmyrane, område C, vil ut frå faglege kriterier vere aktuelt å vurdere i verneplanssamanheng.

#### 4.1.2 Røkmyrane og Jøstølmyrane

2

*Områdenamn i myrrapporten:*

##### **51 Røkmyrane i vest**

Endringar:

Dyrka langs vegen

Areal:

1500 da

Området er skildra som kvelva nedbørsmyr med svake strukturar. Typebeskrivelse er gitt rapport frå Vitenskapsmuseet i Trondheim (Moen 1984). Her er og gitt nærare opplysningar om artsutval av planter og om vegetasjonstilhøva elles.

**Inngrep:**

Langs vegen som avgrensar området i aust, er det dyrka eit felt i varierende breidde, frå 50 til 150 m av eit delområde som er skilt frå resten av myrkompleksa av eit område med grunnare myr.

**Verdivurdering:**

På grunn av inngrep er den austre del av myrkomplekset utan verneverdi, men resten av området er framleis vurdert som regionalt verneverdig (2) og er det nest høgast prioriterte området på Smøla i høve til faglege verdivurderingar.

Aktualitet i verneplanssamanheng:

Ut frå faglege kriterier er det berre dei delane av myrkomplekset som framleis har in-takte vass-system som har aktualitet i verneplanssamanheng. Det gjeld Jøstølmyra og den vestlegaste delen av Røkmyra vest for vegen.

### 4.1.3 Toppmyra (felt A og B) og Kjysvassmyra (felt C-E) 1a

*Områdenamn i myrrapporten:*

#### **52 Toppmyrane**

5 delområde, A-E aust for vegen

Endringar:

Nokre grøfter langs vegen

Areal:

4000 da

Dette er store, samanhengande nedbørsmyrkompleks som er splitta opp i fleire delom-råde av bekker og fastmarksområde. Ei fagleg skildring av området er gitt i rapport frå vitenskapsmuseet (Moen 1984).

Inngrep:

I vestre del av delområde A langs vegen over Toppmyrane er det fleire gamle grøfter, Elles er heile området utan mennesklege inngrep.

Verdivurdering:

Toppmyrane skaper det største, urørte myrområdet på Smøla og er vurdert å vere det naturfagleg sett mest verneverdige av myrane på øya. Dette området er også vurdert å vere ei av dei mest verneverdige, store nedbørsmyrane i landet og er såleis vurdert å vere av internasjonalt verneverdi (1a).

Aktualitet i verneplanssamanheng:

Ut frå dei høge klassifiseringane i verneverdi vil heile myrområdet aust for vegen frå og med Toppmyra til og med Kyssvassmyra vere aktuell og vil i utgangspunktet ha ein naturleg topp-prioritet blant dei registrerte myrane på Smøla. Eventuelt vil det området som er påverka av hovudgrøfter langs vegen, vere mindre aktuelt.

#### 4.1.4 Svartvassmyra eller Kvitmjøsokna

2

*Områdenamn i myrrapporten:*

##### 53 Kvitmjøsokna

Endringar:

Intakt

Areal:

900 da

Dette myrområdet er skildra som ei høgmyr utan markerte strukturar, og nærare omtale av type, artsutval av planter og vegetasjon elles er gitt i rapporten frå Vitenskapsmuseet (Moen 1984).

**Inngrep:**

Området er avgrensa av bilveg i aust, og ei kraftlinje som passerer i austkant, men elles er det ingen inngrep.

**Verdivurdering:**

Området er vurdert som regionalt verneverdig og som aktuelt verneobjekt (2).

**Aktualitet i verneplanssamanheng:**

Ut frå både faglege kriterier og terrengmessig plassering vil heile området vere aktuelt i verneplanssamanheng.

#### 4.1.5 Langhaugmyra/Høljemyra (deler)

3 (-4)

*Områdenamn i myrrapporten:*

##### 54 Langhaugen

Endringar:

Grøfting i vest, dyrking i aust

Areal:

600 da

Området er skildra som plan nedbørsmyr med mykje erosjon. Nærare omtale av planteliv og vegetasjonssamfunn er å finne i rapport frå Vitenskapsmuseet (Moen 1984).

**Inngrep:**

Området er mykje grøfta i vest og ein del oppdyrking i aust.

**Verdivurdering:**

Dette myrområdet skil seg klart frå dei store, sentraler myrområda på Smøla ved å ha markerte erosjonsfelt, og ville i intakt tilstand ha hatt ein klar, naturfagleg verneverdi. Inngrepa i viktige deler av myra gjer derfor at verneverdien knapt er vurdert å vere av lokal interesse (3(-4)). Lokaliteten er såleis ikkje av interesse for vern etter Naturvernlova.

Aktualitet:

Ut frå graden av inngrep og av dette følgjande låg, fagleg verdiklassifisering, er området uaktuelt i verneplanssamanheng.

#### 4.1.6 Hopasingsmyra

2

*Områdenamn i myrrapporten:*

##### **55 Hopasingsmyra**

Endringar:

Intakt

Areal:

1000 da

Dette myrområdet er dominert av høgmyr utan strukturar og er oppdelt av fastmarksryggar og ein del dammar og tjønner sentralt. Jambfør elles rapport frå Vitenskapsmuseet når det gjeld artsmangfald og vegetasjonstyper (Moen 1984).

Inngrep:

Bortsett frå ved vegen i sør er det ikkje inngrep i området.

Verdivurdering:

Området er greitt avgrensa og representerer godt utvikla, typiske myrar for Smøla. I ein fagleg samanheng vert området likevel vurdert lågare enn Toppmyra og Røkmyrane, men er klassifisertr som regionalt verneverdig (2).

Aktualitet i verneplanssamanheng:

Ut frå faglege kriterier er dette myrområdet aktuelt å vurdere i verneplanssamanheng.

#### 4.1.7 Svarthaugmyra

2

*Områdenamn i myrrapporten:*

##### **56 Svarthaugen/Vetta**

Endringar:

To delområde, delt av høgderogg

Areal:

1200 da

Nedbørsmyr dominerer og kan og klassifiserast som atlantisk høgmyr og planmyr. Det meste av myra er utan markerte strukturar. Nærare skildring av artsutvalg og vegetasjon er gitt i raspport frå Vitenskapsmuseet (Moen 1984).

**Inngrep:**

Det er ingen synlege, tekniske inngrep, bortsett frå litt tovtect i nord.

**Verdivurdering:**

Området kan delast i to av ein markert bekkedal. Området A aust for Litjvatnet dekker størstedelen av ein rygg i terrenget med berre små, oppstikkande fastmarkskollar. Område B vest for Vetta er for ein stor del mineralpåvirka, særleg i sør og aust. Området representerer ikkje så fine høgmyrar som Toppmyra og Røkmyrane og er verdivurdert litt lågare, sjølv om også dette området er av regional verneverdi (2).

**Aktualitet i verneplanssamanheng:**

Ut frå faglege kriterier er området aktuelt i verneplanssamanheng, og terrengmessig og geografisk plassering gjev truleg plussverdiar i ein slik samanheng.

**4.1.8 Kolbergmyra****3**

*Områdenamn i myrrapporten:*

**57 Kolbergmyra***Endringar:*

Mindre inngrep

*Areal:*

100 da

Lokaliteten omfattar eitt, kvelva nedbørsmysrområde utan tydelege strukturar. Jamfør elles omtale i rapport frå Vitenskapsmuseet (Moen 1984).

**Inngrep:**

I samband med regulering av Fløvatnet for settefiskanlegg i Aunvågen er det og gjort inngrep i Kolbergvatnet. Dette omfattar oppdemming/regulering av vass-stand og sambandsgrøft over myrområda til nokre småtjønner i sør.

**Verdivurdering:**

Denne myra representerer same hovudtype som alle dei andre myrane på Smøla nemnde framanfor, men er vurdert å vere mindre verdifull ut frå færre myrtyper, mindre variasjon og mindre areal. Verneverdien er såleis vurdert å vere lokal.

**Aktualitet i verneplanssamanheng:**

Både ut frå faglege kriterier og dei inngrepa som er gjorde i Kolbergvatnet og austre del av myra gjer dette området uaktuelt i verneplanssamanheng.

#### 4.1.9 Høgåsen, Valmyrrabben

(1c)-2

*Områdenamn i myrrapporten:*

##### **58 Høgåsen**

Endringar:

Rikmyr, uendra

Areal:

10 da

Dette er eit såkalla flatmyrkompleks som ligg på eit kalkfjellsområde og er sterkt prega av det. Sjå nærare omtale i rapport frå Vitenskapsmuseet (Moen 1984).

**Inngrep:**

Myrane har nok tidlegare vore nytta til slått og beiting og ber preg av det. Ein gammal kjerreveg går og gjennom området, som elles grensar opptil litt leplanting av sitkagran og bergfuru.

**Verdivurdering:**

Området er svært kalkrikt med kalkbergsryggar i dagen og der kalkkrevjande vegetasjon dominerer, bl.a. med fjellplanter som ikkje er kjende frå andre lokalitetar i ytre del av fylket. Verneverdien er difor vurdert som svært høg, eit spesialområde av nasjonal verneverdi (1c-2). Særleg er det påpeika som gunstig om området kunne innlemmast i eit større verneområde.

**Aktualitet i verneplanssamanheng:**

Ut frå faglege kriterier er dette myrkomplekset svært aktuelt å vurdere i ein verneplanssamanheng og vil i utgangspunktet høyre med til dei høgt prioriterte områda med omsyn til verneverdi. Det er likevel behov for å vurdere området i nær samanheng med både andre kalkpåvirka myrar i nærleiken og kalkpåvirka fastmarksvegetasjon i dei tilgresande områda.

## 4.2 Havstrand

I samband med registrering av verdifulle naturområde for undervisning og forskning i Norge vart det i 1974 gjennomført ei registrering av havstrandslokalitetar i Smøla (Kristiansen 1974). I 1984 vart det gjennomført ei ny registrering, med resultat og verdivurdering framlagt i ein Økoforskrapport Holten et al. 1986a, 1986b). I samband med desse registreringane er følgjande lokalitetar i Smøla vurderte:

### Verdiklassifisering:

****	=	Internasjonal/nasjonal verneverdi (svært verneverdig)
***	=	nasjonal/regional (verneverdig)
**	=	regional/lokal verneverdi (litt verneverdig)
*	=	lokal/utan verneverdi

Tabell 2: Registrerte og verdivurderte havstrandslokalitetar på Smøla i samband med registrering av verneverdig havstrand (Holten et al. 1986b)

Område:	Lokalisering:	Areal	Verdi	Aktualitet
Rokstadelva	MR 5832	?	*	
Nelvikvågen	MR 5724	?	*	
Sjøvågen ("Sjyvågen")	MR 5624-5724	?	**?	bør vurderast
Leirvikvågen	MR 5423	20-30 da	*	
Rosvolløya	MR 5121-5221	?	**	
Skarpegardsvågen	MR 5022	?	**	
Fløtjønna	MR 5124-5223	200 da	?	verneaktuelt
Fuglevågen	MR 4727	400 m strand	*	bør vurderast
Gjeldberg	MR 4127-4227	800 m strand	*	
Langvassvågen	MR 4131-4231	800 m strand	*	
Litjneset/Einvågen	MR 4534-4635	15 da	***	verneaktuelt
Grunnvågen	MR 4733-4734	?	*	

### 4.2.1 Skarpegardsvågen

\*\*

#### Endringar:

Gardsveg langs stranda

#### Areal:

ca. 500 m strand

Det er her relativt smale strandengar langs sørsida av vågen, oppbrotne med litt berg og steinstrand. Jamfør Økoforskrapport (Holten et al. 1986b).

#### Inngrep:

Det går gardsveg langs stranda. Denne går i bru over utlaupet frå vågen og påvirkar tidevassutskiftinga. I vestre del skjer vegen over strandenga. I tillegg har det vore dels sterk beiting med trakkskadar.



Verdivurdering:

Innslaget av sjeldne planteartar og -samfunn gjev lokaliteten ein viss verneverdi, men inngrepa reduserer denne noko, slik at samla sett er verneverdien vurdert å vere lokal.

Aktualitet i verneplanssamanheng:

Ut frå faglege kriterier er denne lokaliteten ikkje aktuell å vurdere i samband med verneplan.

#### 4.2.2 Rosvolløya

\*\*

Endringar:

Vegbygging

Areal:

ca. 250 m strand

Dette er strandengar som grensar opp til fukteng og lynghei langs sørsida av vågen, jamfør Økoforskrapport (Holten et al. 1986b).

Inngrep:

Riksveg 669 frå Edøy til Fast-Smøla kryssar over området på fylling.

Verdivurdering:

Det er fine soneringar av vegetasjonssamfunn i lokaliteten, og naturleg overgang til ferskvass-samfunn gjev lokaliteten ein viss verneverdi i utgangspunktet. Tidlegare vegfylling (gardsveg til Rossvoll) gjorde likevel at verneverdien vart vurdert å vere lokal. Den nye riksvegfyllinga (RV 669) har redusert verneverdien ytterlegare, men i samband med eventuell landskapsvernområde/kulturlandskapsskjøtsel vil lokaliteten likevel framleis vere av interesse.

Aktualitet i verneplanssamanheng:

Etter faglege kriterier er lokaliteten uaktuell som eige verneobjekt etter Naturvernlova.

#### 4.2.3 Sjøvågen ("Sjyvågen")

\*\*?

Endringar:

Inngrep

Areal:

ca. 200 da

Dette er eit brakkvatn med smale strandensbremmar langs deler av sørsida, nordsida vestre del og rundt utlaupet til Nelvikvågen. I vatnet er det og undervassengar av kransalger, tjønnaks og havgras. Jamfør Økoforsk rapport 1986 3B (Holten et al. 1986b) og seinare tilleggsregistreringar.

**Inngrep:**

Langs vestre del av sørsida er det teke ut ein del lausmasse til jordbruksføremål (skjelsandhaldig leire), og utlaupet har vore oppreinska og litt senka, men vasstand og tidevass-skifting følgjer naturleg rytme.

**Verdivurdering:**

Er i Økoforskrappen vurdert å ha verneverdi som spesiallokalitet, men ikkje spesielt som havstrandslokalitet. Tilleggsregistreringar syner likevel at både artsutvalg og plantesamfunn, først og fremst av undervassvegetasjon, bør klassifisere lokaliteten til å vere minst av regional verneverdi. For ei endeleg verdivurdering bør lokaliteten undersøkast betre.

**Aktualitet i verneplanssamanheng:**

Ut frå dei faglege kriteria i samband med havstrandsregistreringane er denne lokaliteten klassifisert noko låg, men tilleggsregistreringar 1998 indikerer noko høgare verdi. Dette bør undersøkast nærare botanisk. Både på denne bakgrunn og jamført med andre vernetema bør lokaliteten vere aktuell å vurdere i verneplanssamanheng.

#### 4.2.4 Nelvikvågen

\*

Endringar:

Mindre inngrep

Areal:

50-60 m strand

Dette er ei stein-, blokk- og grusstrand ved utlaupet frå Sjyvågen, jamfør Økoforskrappport 1986 3B (Holten 1986b).

**Inngrep:**

Det er tidlegare gjennomført oppreinsking av utlaupet frå Sjyvågen, noko som her medført ei mindre senking av utlaupet.

**Verdivurdering:**

Isolert sett har lokaliteten liten verneverdi, men det er naturleg å sjå denne lokaliteten i samanheng med Sjyvågen, jamfør ovanfor.

**Aktualitet i verneplanssamanheng:**

Som isolert objekt og ut frå faglege kriterier er denne lokaliteten rangert lågt, men i ei samla verdivurdering høyrer denne naturleg saman med føregåande og vil ut frå det vere aktuell å vurdere i verneplanssamanheng.

#### 4.2.5 Rokstadelva

\*

Endringar:  
Oppdyrka

Areal:  
30 da

Dette er Nausthauan med strandberg, småbukter og sandstrand, grensande opp mot dyrkamark, beite og lynghei, jamfør Økoforskrapport 1986 3B (Holten et al. 1986b).

Inngrep:

Lausmasseareala er stort sett oppdyrka. Det same gjeld skjelsandsområde lenger inne ved elveutlaupet. Området er dessutan sterkt beitepåvirka og med gjødselavrenning.

Verdivurdering:

I noverande tilstand er ikkje området vurdert som verneverdig.

Aktualitet i verneplanssamanheng:

Ut frå faglege kriterier er lokaliteten uaktuell i verneplanssamanheng.

#### 4.2.6 Grunnvågen

\*

Endringar:  
Masseuttak

Areal:  
1 km strand

Dette gjeld strandbremmane rundt ein smal val, dels med strandberg, dels lausmassestrender med stort innslag av skjelsand. Grensar opp mot beita og dels lyngbrent hei, jamfør elles Økoforskrapport 1986 3B (Holten 1986b).

Inngrep:

Området er avgrensa av bilveg som skjer over indre strandsone i sør, og det er og sterkt beitepåvirka. Største og viktigaste inngrep er likevel omfattande grustekt med ei rekkje, dels store groper i tidevassona der dei skjelsandhaldige lausmassene er fjerna og der det ligg att ein del kunstige vollar.

Verdivurdering:

I naturtilstand hadde nok dette strandområdet ein del viktige naturkvalitetar, både med tanke på artsutval og plantesamfunn, men dei store inngrepa har gjort området uinteressante i vernesamanheng. Det er likevel ein del artsførekomstar som framleis gjer området interessant plantegeografisk og planteøkologisk, t.d. førekomst av tjønnaksartar og havgrasartar.

Aktualitet i verneplanssamanheng:

Med utgangspunkt spesielt i dei mange og relativt store inngrepa i området, er lokaliteten uaktuell å vurdere i verneplanssamanheng, men dei botaniske verdiane bør likevel sikrast i annan plansamanheng.

#### 4.2.7 Einesvågen/Litjneset

\*\*\*

Endringar:

Masseuttak

Areal:

ca. 15 da

Det registrerte området er ein liten våg, ca. 150 x 100 m, oppdelt i fleire småbukter med bergknausar kring. Det meste blir tørrlagt ved fjøre sjø, og lokaliteten grensar elles opp mot lyngmark. Jamfør Økoforskrapport 1986 3B (Holten 1986b). Andre deler av området der det bl.a. er større område med saltengar og nokre brakkvassdammar, har vore undersøkt tidlegare. Jamfør Kristiansen (1974).

**Inngrep:**

Strandengane er i sør overskrone av gardsveg, og langs denne er det ein del uttak av skjelsandhaldig lausmasse. Dette har gitt ei rekkje kunstige brakkvass/tidevassdammar. Ei kraftlinje kryssar området også i sør, og det finst litt planta bartre.

**Verdivurdering:**

Av dei registrerte saltengsområda i Smøla er dette det einaste som har vorte vurdert å vere av reginal/nasjonal verneverdi og såleis aktuelt for vern etter Naturvernlova. Dette fordi området har få og etter måten små inngrep. Det registrerte artsutvalet er likevel lite i følgje rapport. Det er grunn til å peike på at registreringa er overfladisk og langt frå dekkjer alle delområde. Det er derfor openbernt at både arts- og samfunnsutvalg er større enn rapporten syner og at ei systematisk kartlegging etter alt å døme vil understreke og forsterke verneverdien.

**Aktualitet i verneplanssamanheng:**

Med utgangspunkt i dei faglege kriteria i havstrandsrapporten og dei supplerande, botaniske registreringane, vil dette området vere aktuelt å vurdere i verneplanssamanheng, men det er og behov for ytterlegare, botaniske registreringar og vurderingar av området.

#### 4.2.8 Fløtjønnan

?

Endringar:

Jordbruksavrenning

Areal:

ca. 200 da

Grunt brakkvasstjønn som er nesten delt i to, med smalt utlaup til sjøen og med svært rik undervassvegetasjon og smale sivbelte/fuktengar kring. Området grensar opp mot strandeng og lyngmark, dels dyrkamark og med bilveg langs eine sida. Jamfør og Økoforskrapport 1986 3B (Holten et al. 1986b).

**Inngrep:**

Det går bilveg langs nordsida. Elles er det dumpa litt røter og overskotsmasse ved bilvegen. I begge endar av vatnet er det jordbruksavrenning.

Verneverdi:

Lokaliteten er ikkje verdivurdert i samband med havstrandsregistreringa, men er antydning som aktuell spesiallokalitet for brakkvasslokalitetar. Som sentral vekseplass for to artar brakkvassplanter på den norske raudlista, av dei ein art som nesten er utdøydd i Norge (broddtjønnaks), må det likevel vere klart at lokaliteten er av klar, nasjonal verneverdi.

Aktualitet i verneplanssamanheng:

Både ut frå botaniske fagkriterier og jamført med våtmarksregistreringane er dette ein av dei høgast verdisette og prioriterte einskildlokalitetane i Smøla og vil såleis vere svært aktuelt å vurdere i verneplanssamanheng.

#### 4.2.9 Gjeldberg

\*

Endringar:  
Veg/bru

Areal:  
ca.800 m strand

Smale strandensbremmar langs brakkvass- og ferskvass-sona i ein elveos.

Inngrep:

Vatnet ovafor er regulert som drikkevassmagasin. Over området går bilveg på fylling med innlagt kulvert og lenger nede i elveosen går ein gammal veg på tørrsteinsmur og bru.

Verdivurdering:

I naturtilstand ville lokaliteten hatt ein viss verneverdi som bra sonert overgang mellom tidevass-sona og reint ferskvatn, men med dei inngrepa som er, er lokaliteten vurdert å ha liten verneverdi i dag.

Aktualitet i verneplanssamanheng:

Ut frå faglege kriterier er lokaliteten uaktuell å vurdere i verneplanssamanheng på botanisk grunnlag. Vegetasjonssamfunna langs bekken gjer likevel at dei botaniske verdiene bør takast omsyn til gjennom anna planverktøy.

#### 4.2.10 Langvassvågen

\*

Endringar:  
Vegfyllingar

Areal:  
ca. 800 m strand

Dette er ei lita, brakk skjelsandbukta med strandengar rundt eit bekkeutlap. I lokaliteten er det påvist fleire etter måten sjeldne planteartar, jamfør Økoforskrapport 1986 3 B (Holten 1986b).

**Inngrep:**

Det går bilveg på fylling med innlagt kulvert over mudderflatene i bukta, og gammel bilveg går over indre deler av strandengane. Det er dessutan masseuttak av skjelsandhaldig lausmasse til jordbruksføremål.

**Verdivurdering:**

I naturtilstand hadde denne lokaliteten etter alt å døme ein klar verneverdi, men dei mange inngrepa har ført til at området i dag har liten verneverdi.

**Aktualitet i verneplanssamanheng:**

Med dei store inngrepa i strandsona, både arealmessig og gjennom endring av vassutskifting, er området uaktuelt å vurdere i verneplanssamanheng. Likevel er det framleis naturfaglege verdiar og funksjonar som bør ivaretakast gjennom anna planverktøy.

#### 4.2.11 Leirvikvågen

\*

Endringar:  
Vegbygging/massefylling

Areal:  
20-30 da

Dette er eit lite strandengsområde på eidet mellom ein poll og ein langsmal tidevassvåg. Det registrerte artsutvalet av planteartar er relativt fattig, men med enkelte meir sjeldne artar, jamfør Økoforskrapport 1986 3B (Holten 1986b).

##### Inngrep:

Tidlegare oppmura veg med bru over utlaupet av pollen (Leirvikvågen) har hatt påverknad på tidevassutskiftinga, men denne er no stort sett fjerna. Ny veg går i bru over tidevass-straumen, men i fylling over sentrale delar av strandenga. Dessutan er vesentlege delar av strandenga nytta som fyllplass for overskotsmassar.

##### Verdivurdering:

I naturtilstand hadde dette området klare verneverdiar, men dei store inngrepa har endra dramatisk på dette, slik at konklusjonen i dag er at lokaliteten har liten verneverdi. Likevel er det grunn til å peike på at dette framleis er vekseplass for sjeldne planteartar.

##### Aktualitet i verneplanssamanheng:

Med dei store inngrepa er området i dag uaktuelt å vurdere i verneplanssamanheng. Likevel er det framleis viktige, botaniske verdiar som bør takast omsyn til i annan plansamanheng.

#### 4.2.12 Fuglevågen

\*

Endringar:  
Bilveg m/bru

Areal:  
ca. 400 m strand

Smale strandengar og elvekantvegetasjon langs ein elveos i botnen av ein langsmal våg, jamfør Økoforskrapport 1986 3B (Holten 1986b). Ut frå kartfestingsopplysningane i denne rapporten synet det berre å ha vore gjennomført undersøkingar rundt utlaupet av Fuglevågselva, medan nabolokaliteten i sør har vesentleg meir strandengsvegetasjon og fleire brakkvass-/tidevassdammar.

##### Inngrep:

Det synest å ha vore gjennomført litt oppreinsking av elvelaupet, og heilt i enden av området går bilveg (Rv 669) på bru over elva. I naboområdet i sør er det ein kjerreveg ned til tidevass-sona, og det er ein del massetak av skjelsandhaldig lausmasse for jordbruksføremål.

#### Verdivurdering:

Ut frå dei botaniske registreringane som er nemnde i Økoforskrapport xxx/xx er lokaliteten vurdert å ha liten verneverdi. Dette gjeld truleg berre utlaupsområdet for Fuglevågsvassdraget, medan den tilgrensande bukta omlag 200 m lenger sør bør vere meir interessant botanisk og bør verdivurderast på nytt.

#### Aktualitet i verneplanssamanheng:

Lokaliteten høyrer med til eit vassdrag som er verna i samband med Verneplan for vassdrag og såleis i ein del samanhengar burde vere sikra. Det er likevel behov for å få supplerande, botaniske registreringar og verdivurderingar for eit større område enn det som er med i havstrandsrapporten, og med dette utgangspunktet bør området også vere aktuelt for vurdering i samband med verneplan etter Naturvernlova.

Ut frå den rapporten som ligg føre, synest det klart at registreringsarbeidet har vore lite omfattande med tanke på representativ dekning. Dessutan synest vurderingstema for Smøla først og fremst å ha vore knytt til salteng i tidevass-sona, medan undervassvegetasjon er lite vurdert, korkje i reine sjølokalitetar eller i pollar og brakkvasslokalitetar. Det vil derfor vere behov for ein skikkeleg gjennomgang med tanke både på definisjon av tema, kriterier og konkret, fagleg kunnskap om aktuelle lokalitetar. Det er truleg fleire lokalitetar med klar verneverdi som har falle utanom, kanskje og lokalitetar med høg verneverdi. Det kan utan vidare konstaterast at øyane Kuli og Edøya har falle heilt ut, og på begge desse øyane er det strandområde som bør klassifiserast med tanke på strandvegetasjonen. Det er elles ein generell mangel med havstrandsregistreringa at ingen av øyane i kommunen er dekte.

Smøla kommune har ifølgje Statisk Sentralbyrå er samla strandlinjelengde på 1470 km, som er meir enn 1/5 av den totale strandlinja i fylket. Det er derfor urimeleg at det skal finnast berre eitt avgrensa strandområde i Smøla av ei viss verneinteresse, sjølv om strandsona i kommunen er dominert av bergstrender og strandberg.



### 4.3 Kystlynghei

I samband med "Landsoversikt over naturområder og forekomster av verdi for undervisning og forskning i Norge", registreringar i 1974-78 (Marker 1977) er Kuliøya nemnt som representativ for oseanisk-suboseanisk flora og derfor kan vere eigna som typeområde for ytre del av Nordmøre. I denne samanheng er det nemnt spesielt lyngheiområda på nordvestre del av øya.

I ei utgreiing frå Norsk Institutt for Naturforskning (NINA), «Kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag. Naturtype og vegetasjon i fare.» (Fremstad et al. 1991) er det foreslått eitt verneområde i Smøla kommune og samstundes nemnt fire aktuelle lokalitetar som er av interesse i lyngheisamanheng:

#### Verdiklassifisering:

****	=	Svært stor verneverdi
***	=	Stor verneverdi
**	=	Middels verneverdi
*	=	Liten verneverdi

Tabell 3: Registrerte og verdivurderte lyngheiområde i samband med registrering av verneverdi kystlynghei (Marker 1977, Fremstad et al. 1991).

Område	Lokalisering	Areal	Verdi	Aktualitet
Nelvik Rokstad	MR 5725-5830	?	*	
Kuløya	MR 5117-5119	1800 da	***	verneaktuelt
Skjølberg	MR 5024-5025	?	**	bør vurderast
Fuglevågen	MR 4728-5128	?	**	bør vurderast
Gjeldberg-Dyrnes	MR 4228-4332	?	**	

#### 4.3.1 Kuliøya MR510-537 175-195 1800 da \*\*\*

Omfattar vestlegaste delene av øya Kuli, eit område med låge bergryggar på konglomerat, dels og litt lausmasser. Heiområda er noko vekslande, både med lynghei, fukt-heit og parti med grashei og samla sett med ein middels artsvariasjon. Jamfør elles NINA-utredning nr. 29 (Fremstad et. al. 1991).

#### Inngrep:

Ut over brenning og beiting er det lite av menneskelege inngrep i området. Det har likevel vore litt torvtekt i området.

Verdivurdering:

Lynghiane er noko oppstykkja av myr, men verneverdien er vurdert å vere stor på fylkesplan, middels på landsplan.

#### **4.3.2 Skjølberg MR50 24-25 \*\***

Dette omfattar heivegetasjon på kalkrik berggrunn, men er ikkje nærare avgrensa, jamfør NINA-utredning 29.

Inngrep:

Dei botanisk interessante områda ligg i ein intim mosaikk med dyrka mark.

Verdivurdering:

Verneverdiane isolert sett kan vere klare, men kombinasjonen med kulturmark og mennesklege inngrep gjer at den samla verneverdien er vurdert relativt lågt.

#### **4.3.3 Fuglevågen MR47-51 28 \*\***

Dette er bergryggar med heivegetasjon av røsslyng og gråmose langs Fuglevågsvassdraget, jamfør NINA-utredning 29 (Fremstad et al. 1991).

Inngrep:

Bortsett frå veg (Rv 669) er det ingen inngrep i området.

Verdivurdering:

Botanisk er dette vurdert å vere interessante område som ikkje er prega av gjenvekst, men det er ikkje vurdert å vere av så høg verdi at det er aktuelt som verneområdet ut frå heibotaniske kriterier, og det er såleis ikkje konkret avgrensa dei botanisk mest interessante områda. Det er likevel sagt at dersom andre vernetema gjer det aktuelt med områdevern, vil omsynet til lynghieverdiane vere eit viktig supplement.

#### **4.3.4 Gjeldberg-Dyrnes MR42-43 28-32 \*\***

Ei av dei betre lynghiane ligg i dette området og har ei bra fordeling mellom lynghie og myr/ferskvatn i eit nokså kupert område under 40 moh, jamfør NINA-utredning 29 (Fremstad et al. 1991)..

Inngrep:

I ytterkant av området er det planta litt lebelte av bergfuru og sitkagran, og eit par gamle kjerrevegar går litt inn i området. Meir sentralt i området er det minimalt med inngrep: Ei hytte, eit seglmerke, ei vindmålemast og nokre få og små bartreplantingar.

Verdivurdering:

Utanom det verdivurderte området på Kuli er dette vurdert som det mest interessante lyngheiområdet på Smøla. Verneverdien er likevel ikkje vurdert som sjølvstendig grunnlag for vernetiltak, men dersom andre vernetema gjer det aktuelt med områdevern, vil omsynet til lyngheiverdiane vere eit viktig supplement.

#### **4.3.5 Nelvik-Rokstad MR57-58 25-30**

\*

Dette er eit brannfelt frå 1989 mellom Nelvik og Rokstad. Det er dominert av myr, men med mindre innslag av lynghei, jamfør NINA-utredning 29 (Fremstad et al. 1991).

Inngrep:

Det er ei rekkje inngrep i området i form av kraftleidningar, traktorveggar, bartreplantingar, grøfter og dyrkingsfelt.

Verdivurdering:

Det er lagt ut fire små transekt med totalt 16 prøveruter for oppfølging av gjenvekst etter brenning, og feltet er fagleg interessant i ein slik samanheng. Området er likevel ikkje vurdert å ha verneverdiar ut over dette.

Med tanke på at lynghei er ein dominerande naturtype på store delar av Smøla, synest registreringane å vere ufullstendige. Temaet burde ha vore gjennomgått grundig.

## 4.4 Edellauvskog

I samband med "Landsoversikt over naturområder og forekomster av verdi for undervisning og forskning i Norge", registreringar i 1974-78 (Marker 1977) er Kuliøya nemnt som representativ for oseanisk-suboseanisk flora og derfor kan vere eigna som typeområde for ytre del av Nordmøre. Av spesiell plantegeografisk interesse er likevel nemnt den absolutt nordlegaste førekomst av sommareik i verda, jamfør og Skogen (1971a).

*Tabell 4: Registrerte og verdivurderte edellauvskogslokalitetar i samband med registrering av verneverdig, varmekjær lauvskog (Marker 1977, Gaarder og Jordal 1996).*

Område	Lokalisering	Areal	Verdi	Aktualitet
Kuløya	MR 542188	?	***	verneaktuelt

### 4.4.1 Kuli MR 542188 \*\*\*

Dette er eit lite eikeholt med 10-15 eiketre (sommareik) i kulturlandskapet på Kuli, like ved gardstuna på øya, i eit landskap med veksling mellom dyrkamark, beitemark, lauvskogskrullar og litt planta barskog, jamfør Skogen (1971a), Marker (1977), Gaarder og Jordal (1996) og Melby 1996.

#### Inngrep:

Vekseplassen er eit gammalt kulturlandskap, prega av menneskleg aktivitet og busetnad.

#### Verdivurdering:

Det er litt uklart kor vidt forekomsten er spontan og restar av ein historisk sett større eikeskogsførekomst, eller om det er planta eller tilfeldig innført i historisk tid. Verdien er knytt til at det i dag er verdens absolutt nordlegaste eikeførekomst, og den økologiske og naturgeografiske verdien er knytt til dette og er vurdert å vere av nasjonal interesse.

## 4.5 Barlind og kristtorn

I ein rapport om førekomstar av barlind og kristtorn på Vestlandet (Lindmo, Salvesen og Skogen 1991) er den absolutte nordgrensa for spontan førekomst av kristtorn funnen i Smøla kommune, med to skilde lokalitetar, begge med hanplanter:

Verdiklassifisering:

\*\*\* = Særdeles verneverdig  
 \*\* = Meget verneverdig  
 \* = Verneverdig

Tabell 5: Registrerte og verdivurderte område i samband med registrering av forekomst av barlind og kristtorn (Lindmo, Salvesen og Skogen 1991).

Område	Lokalisering	Areal	Verdi	Aktualitet
Nelvika	MR 5725	≈0 da	**	bør fredast
Rosvoll	MR 5020	ca. 10 da	***	verneaktuelt

### 4.5.1 Nelvika

\*

Kristtorn, eit haneksemplar med fleire sidestammer, står her i eit sørvendt furuplante-felt i med oppslag av diverse fuglespreidde busker og treslag, jamfør UNIB Bot. Inst. Rapp. 50 (Lindmo, Salvesen og Skogen 1991).

Inngrep:

Lokaliteten ligg like inntil eit bustadfelt med hus og hagar og stor menneskleg aktivitet.

Verdivurdering:

Dette er den nordlegaste kjende spontanførekomst av kristtorn i verda og har såleis verneinteresse i nasjonal samanheng. Med plassering inne i bustadfelt er det likevel ikkje aktuelt med arealfreding, men som artsfreding.

### 4.5.2 Rosvoll

\*\*

Arten står her på ein skjerma og lun lokalitet inntil ei lita planting av sitkagran og om-gitt hovudsakleg av bjørkeskog i eit utprega kulturlandskap, jamfør og UNIB Bot. Inst. Rapp. 50 (Lindmo, Salvesen og Skogen 1991).

Inngrep:

Det er planta litt barskog like inntil førekomsten, og elles er det ein gardsveg like ved, ein sti passerer gjennom lokaliteten, og det er sett opp nettinggjerde.

**Verdivurdering:**

Som den nest nordlegaste, kjende spontanførekomsten av kristtorn i verda, og i eit landskap og eit platesamfunn som tilfredstiller arten, er førekomsten vurdert å vere av stor verneinteresse i nasjonal samanheng.

For førstnemnde lokalitet er det forelått artsvern (freding av art og individ). For den andre lokaliteten er det foreslått lokalitetsvern.

## 4.6 Kulturlandskap

I Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal, igangsett 1992, gjennomført 1993 og framlagt i rapport 1994 (Aksdal 1994), er eitt område i Smøla med. Dette området vart i 1995 utpeika som årets kulturminne i Norge. Dette er og bakgrunnen for at det i 1996 vart utarbeidd ein eigen forvaltingsplan for kulturlandskapet på sørlege delar av Smøla Gaarder og Jordal 1996, Melby 1996).

*Tabell 6: Registrerte og verdivurderte område og lokalitetar i samband med kartlegging av verdifullt kulturlandskap i Møre og Romsdal (Aksdal 1994, Gaarder og Jordal 1996, Melby 1996, Jordal 1998).*

Område	Lokalisering	Areal ikkje angitt	Verdi ****	Aktualitet må vurderast
Sør-Smøla øyområde				
Store Føllingen	MR 5833	”	*	
Kjeøya	MR 5832	”	*	
Teinosen	MR 5927	”	*	
Åstøya	MR 6027	”	*	
Innerremmingen	MR 6323	”	*	
Vikjelsøya	MR 5623-5723	”	***	verneaktuelt
Nøre Vikjelsholmen	MR 5722	”	*	«
Hestøya (Leirvik)	MR 5623	”	**	«
Vestre Krongelholmen	MR 5822	”	*	«
Hestøya (Kuli)	MR 5420	”	?	bør vurderast
Kulihaugen	MR 5419	”	***	må vurderast
Rønningan	MR 5419	”	***	«
Ørnklakkan	MR 5419	”	***	«
Breivika	MR 5419	”	***	«
Arnøya	MR 4816	”	**	
Buarnøya	MR 4816	”	*(*)	
Blåsvær	MR 4816	”	**	
Joøya	MR 4317	”	*	
Furøya	MR 5120	”	**	
Rosvoll	MR 5020	”	*	
Valen	MR 5222	”	*	
Rangnes	MR 4922	”	*	
Elvegarden	MR 5124	”	***	må vurderast
Skjølberg	MR 5024	”	***	må vurderast
Jøstøløya	MR 4225	”	?	
Jøa v/ Steinnesberget	MR 4425	”	***	må vurderast
Jøa v/ Jøsundet	MR 4425	”	***	«
Sveøya	MR 3921	”	?	
Ersnes	MR 4126	”	*	
Gjelberg	MR 4127	”	?	
Korsholmen	MR 3826	”	*(*)	
Odden	MR 3825	”	*(*)	

Skomsøya	MR 4029	”	*	
Skarpsneset	MR 4031	”	**	bør vurderast
Monsøya	MR 4435-4536	”	*	bør vurderast

#### 4.6.1 Øyane sør-aust for Smøla

\*\*\*\*

Dette omfattar heile øylandskapet med tilgrensande delar av Fast-Smøla frå og med Edøya og Straumen til og med Ersnes og prega av eit samanhengande og oppdelt øylandskap med dei fire største øyane i Smøla utanom hovudøya, Edøya, Kuli, Rossvolløya og Jøa, ei rekkje mindre øyar i søraustre del av området, og eit stort tal småøyar, holmar og skjer, dels i typiske øyvør og øygrupper i sørvestre del av Smøla-skjergarden. På Kuli og Rossvolløya ligg nokre av dei høgste terrengpunkta i Smøla. I tillegg kjem eit variert og lågkupert område langs kysten av Fast-Smøla, med dei to største vågane i kommunen, Skjølbergvågen og Klakkavågen. På øyane og langs sjøkanten er dette stort sett eit kulturlandskap med mykje jordbrukslandskap og beitemark, stort sett i ein mosaikk, men det er og ein del naturlege vegetasjonsområde, både av myr/hei og med naturleg lauvskog/kratt. Kulturlandskapet med verdiar og framlegg til aktuelle forvaltningstiltak og vedlikehald er inngåande kartlagde i eit eige prosjekt, jamfør eit sett av rapportar frå dette prosjektet og seinare registreringar (Aksdal 1994, Bendiksen et al. 1998, Gaarder og Jordal 1996, Hansen og Juhl 1995, Jordal 1993, Jordal og Gaarder 1993, 1996, 1997, 1998a, 1998b, 1998c, Jordal og Sivertsen 1992, Melby 1996a, 1996b, 1996c, Sivertsen, Jordal og Gaarder 1994).

##### Inngrep:

Som eit kulturlandskap er inngrep i form av kultivering og beitebruk/jordbruksdrift ein del av det som har gitt landskapet sin karakter og naturfaglege verdi. Det gjeld og busetnaden og bygningane. Ein del nye, tekniske inngrep har likevel sett ein karakter på deler av landskapet på ein måte som er mindre i harmoni med natur- og kulturlandskapsverdiane. Dette gjeld først og fremst kraftlinjer, særleg frå Edøya til Straumen, og det nye vegsambandet mellom Edøya og Straumen.

##### Verdivurdering:

Samla sett er dette kulturlandskapet både i nasjonal og internasjonal samanheng verdivurdert svært høgt. Dette kjem best til uttrykk ved at landskapet vart valgt til Norges kulturminne i 1995. Verdien som kulturlandskap er avhengig av tiltak og aktivitet som kan vedlikehalde kulturpåverknaden av landskapet.

Landskapet har sin store heilskapsverdi, men innafor dette området er det gjennomført registreringar på ei rekkje einskildlokalitetar, jamfør Gaarder og Jordal (1996), Melby (1996) og Jordal (1998):



**1 Kulihaugen** *MR 54 19* \*\*\*

Dette er store areal med strandengar i gradvis overgang til fattigare grashei og lynghei. Det er stor artsvariasjon av karplanter, bl.a. med kalkkrevjande og sjeldne artar og med rik flora av beitemarkssopp.

Inngrep:

Vegsambandet mellom Edøya og Fast-Smøla kryssar lokaliteten. Området er beitepåverka, både av storfe og sau.

**2 Rønningen** *MR 54 19* \*\*\*

Dette er kalkfattig tørreng på sandrik jord, som er ein nordleg utpost av ei sørleg vegetasjonstype, og det er spesielt verdt å merke seg ein stor bestand av jordnøtt. Området er ikkje spesielt artsrikt, korkje av karplanter eller beitemarkssopp, men har likevel ei rekkje karakteristiske artar.

Inngrep:

Ingen spesielle inngrep utanom husdyrbeiting.

**3 Ørnklakkan** *MR 54 19* \*\*\*

Dette er oppstikkande, grønne og frodige knausar ei ei elles fattig lynghei, noko som tyder på fuglegjødsling (tidlegare måsekoloniar). Området er ikkje spesielt artsrikt, men har innslag av spesielle artar, bl.a. første norske funn av ein soppart av fagerhatt.

Inngrep:

Ingen spesielle utanom beitepåvirkning.

**4 Breivika** *MR 54 19* \*\*\*

Lokaliteten er beitemarker og nokre små strandengar rundt eit småbruk. Artsutvalet av karplanter og beitemarkssopp er ikkje spesielt rikt, men inneheld enkelte uvanlege artar.

Inngrep:

Ingen spesielle utanom husdyrbeiting.

**5 Arnøya** *MR 48 16* \*\*

Dette er ei lita øy med dominans av lynghei og ein del innmarksområde med gammal grasmark. Artsutvalet av karplanter er ikkje spesielt rikt, men beitemarkssoppfloraen er rik og med ei rekkje sjeldne og sårbare artar.

**Inngrep:**

Det er to gardstun på øya, det eine godt vedlikehalde og det andre til forfalls. Lokalteten er i aktiv bruk som sauebeite.

**6 Blåsvær****MR 48 16****\*\***

Lokaliteten er ein holme med grunnlendt mark og ein del oppstikkande berg. Vegetasjonen er prega av grashei med innslag av lyng. Vegetasjonen er i hovudsak fattig, men med ein viss variasjon i beitemarkssopp.

**Inngrep:**

Holmen har tidlegare vore gjødsla med litt kunstgjødsl, men ut over dette er det ingen inngrep utanom sauebeiting.

**7 Joøya****MR 43 17****\***

Dette er ei lita øy med dominans av lynghei og parti med grasmark under attgroing. Registrert artsutval av både karplanter og beitemarkssopp er relativt beskjedent, noko som etter alt å døme er eit resultat av lågt beitetrykk og naturalisering av tidlegare kulturmark.

**Inngrep:**

Det har tidlegare vore busetnad på øya, men i dag er det att berre eit par hytter.

**8 Valen****MR 52 22****\***

Dette er eit beitemarksområde mellom bilveg og stranda. Artsutvalet av både karplanter og beitemarkssopp er relativt beskjedent, men med enkelte interessante artar.

**Inngrep:**

Området har truleg vore gjødsla litt i tillegg til at det blir beita både av storfe og sau.

**9 Furøya****MR 51 20****\*\***

Øya vert dominert av lynghei og myr, men med innslag av grasmark, og vegetasjonen er prega av kalkfattige tilhøve. Artsvariasjonen av beitemarkssopp er relativt god og har fleire sjeldne og sårbare artar.

**Inngrep:**

Ingen bortsett frå sauebeiting, og øya har heller ikkje tidlegare vore gjødsla.

**10 Rosvoll****MR 50 20**

\*

Eit område på nedsida av vegen til Rosvoll prestegard er beitemark, men med beskjedent artsutval av planter. Det er likevel enkelte indikatorartar på meir interessante engsamfunn, bl.a. ein uvanleg art av beitemarkssopp.

**Inngrep:**

Det har vore brukt noko kunstgjødsel og husdyrgjødsel, men ikkje dei siste åra. Beitestrykket av sau er godt.

**11 Elvegarden****MR 51 24**

\*\*\*

Mellom riksvegen og sjøen vest for tunet på garden ligg eit kubeite på grunnlendt kalksteinsberg. Området er svært artsrikt, særleg når det gjeld karplanter, med ei rekkje kravfulle artar som er sjeldne på kysten av Møre og Romsdal elles, bl.a. fleire orkideartar. Lokaliteten har største artsvariasjon av naturengplanter innan registrerte lokalitetar i fylket. Utvalet av beitemarkssopp er og godt, bl.a. med sjeldne og sårbare artar. Også på nordsida av vegen er det artsrik beitemark og rikmyr, med eit rikt utval av naturengplanter.

**Inngrep:**

Bilveg avgrensar den viktigaste delen av området mot nord, og ei granplanting vil kunne truge området over tid. Området er elles i god hevd. Nord for vegen vert ikkje beitemarka halden i hevd og gror derfor igjen.

**Verdivurdering:**

Lokaliteten er vurdert på topp av registrerte kulturlandskapslokalitetar i Møre og Romsdal med tanke på karplanter og naturengsamfunn. Med supplement av eit etter måten rikt utval av beitemarkssopp, samstundes som området er i aktiv og god hevd, gjev dette klar, nasjonal verneverdi.

**12 Jøa v/ Jøsundet****MR 440253**

\*\*\*

Dette er småkupert heilandskap med oppstikkande berg og med stort artsmangfald av naturengsartar, bl.a. med indikasjon på kalkgrunn. Utvalet av beitemarkssopp er svært god, bl.a. med einaste kjende vekseplass i landet av ein art og fleire andre sårbare og sjeldne artar.

**Inngrep:**

Det er oppsett sauegjerde i området og beitestrykket av sau er bra. Elles har området vore avsvidd i nyare tid.

**13 Jøa, Steinnesberget**      *MR 44 25*      \*\*\*

Dette er låglendte rygger med sur og næringsfattig breggrunn, men med fuglefrødsla område frå tidlegare svært store måsekoloniar. Floraen er fattig og triviell, men med innslag av sørlege og noko sjeldnare artar. Soppfloraen er og prega av grunnlendte og nitrofile tilhøve, men med enkelte meir interessante artar.

Inngrep:  
Ingen bortsett frå sauebeiting.

**14 Skjølberg**      *MR 50 24*      \*\*\*

Dette er eit parti med vekselvis grunnlendte bergknauser og gamle, attgrodde grasenger og myrdrag på kalkstein. Grasengane er artsfattige og dominerte av høgt gras. Myrdraga er svært artsrike med vegetasjon karakteristisk for rike og ekstremrike myrar. Bergknausane har og ein svært rik flora av karplanter, og med lavartar karakteristiske for kalkstein.

Inngrep:  
Grasengane har vore dyrka opp og drivne tidlegare og var truleg slåtteenger fram til 1940-50-talet, medan kyr og ungdyr gjekk på beite inntil 1993.

**15 Buarnøya**      *MR 48 16*      \*(\*)

Øya er dominert at lynghei med høgvaksten røsslyng, berre med mindre flekkar av grasmark, særleg i tilknytning til strandengar. Artsutvalet er tilsvarende lite, både av karplanter og beitemarkssopp, men omfattar likevel enkelte sjeldne artar (havsivaks).

Inngrep:  
Øya er delvis landfast med Arnøya (lok. 5), men har ikkje spesielle inngrep og er heller ikkje beita i noko særleg utstrekning.

**16 Rangnes**      *MR 49 22*      \*

Områda mellom Skarnegardsvågen og Rangnes omfattar ein del beitemark der et er påvist enkelte indikatorartar på verdifull beitemark, bl.a. fleire artar av beitemarkssopp. Området er likevel mangelfullt undersøkt.

Inngrep:  
Det går gardsveg gjennom området, som elles synest å vere i god hevd som husdyrbeite.

**17 Odden****MR 382258****\*(\*)**

Dette er ei flat, grasdominert øy der vegetasjonen indikerer kalkfattige tilhøve, men med anten tidlegare gjødsling eller fuglegjødsling. Dette er mest utprega rundt gamle hustufter. Registrert artsutval er beskjedent, både av karplanter og beitemarkssopp, men med enkelte meir interessante artar. Lokaliteten er noko mangefullt undersøkt.

**Inngrep:**

Dette var tidlegare eit stort og viktig fiskevær og ber framleis prega av det gjennom restar av hustufter. I dag blir øya nytta som sauebeite.

**18 Korsholmen****MR 384261****\*(\*)**

Øya er låglendt med dominans av grasmark, men og med litt lynchhei. På tidlegare innmark har områda tydelegvis vore gjødsla, medan grasmarka er magrare og lite gjødsla på vestre og sentrale delar. Artsutvalet inneheld stort sett vanlege og trivielle artar både av karplanter og beitemarkssopp, men bør undersøkast nærare.

**Inngrep:**

Det ligg eit småbruk på austre del av øya, elles er det lite inngrep. Området blir beita av sau.

I seinare rapportar er ei rekkje andre lokalitetar også undersøkte. Desse er unummererte samanlikna med ovafor nemnde lokalitetar.

**Jøstøløya****MR 42 25****?**

Lokaliteten er dominert av lynchhei, men med enkelte små engar på vestre del, særleg mot sjøen. Enkelte funn av beitemarkssopp indikerer verdifullt kulturlandskap, bl.a. også sjeldne artar. Området bør kartleggast betre.

**Inngrep:**

Gardsveg til Jøa går over vestre del av øya.

**Hestøya****MR 54 20****?**

Dette er lita, småkupert øy nord for Kuløya. Det meste av øya er fattig lynchhei, men og ein del grasmark, særleg ved bruket på sørvestsida. Området er ikkje undersøkt nærare, men kan ha verdiar som kulturlandskap.

**Inngrep:**

Riksvegen frå Edøy til Fast-Smøla kryssar på langs av øya og knyter henne til øyane omkring. Det ligg eit småbruk i god hevd på vestre del av øya, og områda blir beita av sauer.

**Sveøya** *MR 394214* ?

Ei lita, flat øy sør for Valøya. Deler av øya er graskledd. Krustistel tyder på at øya er godt gjødsla, men det bør og vere potensiale for interessante kulturmarksplanter på øya.

Inngrep:  
Ingen, bortsett frå sauebeiting.

**Gjelberg** *MR 410274* ?

Små parti av beitemark mellom riksvegen og sjøen. Det er registrert enkelte meir urterike parti av området, samt påvist interessante beitemarkssoppar. Lokaliteten bør undersøkast nærare.

Inngrep:  
Området er avgrensa av bilveg, og det meste er truleg gjødsla, men og med lite gjødsla parti. Elles er området beitepåvirka av sau.

**Ersnes** *MR 41 26* \*

Dette er beitemarker på begge sider av bygdevegen til Ersnes. Området er overfladisk sjekka, men synest å vere påvirka av gjødsling og av ein lite interessant flora, sjølv om meir interessante beitemarkssoppar også er påviste. Området bør undersøkast betre.

Inngrep:  
Bygdevegen går gjennom området, som og ber preg av å vere gjødsla i tillegg til beiting.

Under vidareføring av registreringsarbeidet for kulturlandskap på Smøla 1997-98 er følgjande lokalitetar undersøkte:

**4.6.2 Skomsøya** *MR 40 29* \*

Øya er heiprega og attgrodd og har ikkje vore beita på lang tid. Naturtypen er tørr og fuktig kystlynghei, noko fukthei og oppslag av busker som rogn og øyrevier. Utanfor Skomsøya ligg Møyholmen som er prega av grashei, men som og er i attgroing. Artsvariasjonen av planter er relativt beskjedne, særleg for naturengplanter, og artsutval av beitemarkssopp er og heller lågt.

Inngrep:  
Øya har tidlegare vore busett med gardsdrift og det er framleis att hus på øya.

**4.6.3 Skarpneset****MR 40 31****\*\***

Dette er området rundt Brattvær kyrkje, med udyrka naturbeitemarker sør og vest for kyrkja. Vegetasjonstypen er tørr og fuktig røsslynghei, fukthei og nokså mykje grasmark. Karplantefloraen er ikkje spesielt artsrik med tanke på naturengplantar, men har eit relativt rikt utval av beitemarkssopp, og lokaliteten er såleis eit døme på triviell karplantevegetasjon og rik soppflora.

**Inngrep:**

Det er framleis busetnad og gardsdrift i området, og det er aktiv beitedrift med sau i kulturlandskapet. Beitemarkene er såleis i god hevd.

**4.6.4 Monsøya****MR 44 35-45 36****\***

Området dekkjer ei samling holmar, dels med grasdominerte område nærast tunområde for busetnad, dels tørr eller fuktig røsslynghei og fukthei. Karplantefloraen er ikkje særleg artsrik og heller ikkje når det gjeld naturengplanter, og det blei registrert berre ein art av beitemarkssopp. Av spesiell interesse er likevel funn av to sjampinjongartar.

**Inngrep:**

Det ligg eit fråflytt bruk på hovudøya,1 og tunområdet er framleis noklunde intakt. Området vert og beitt med sauer.

**4.6.5 Teinosen****MR 59 27****\***

Dette er eit grasdominert beiteområde på austsida av Fast-Smøla, men med område med tørr røsslynghei rundt. Det er ikkje teke fullstendig planteliste, berre sett nærare på soppfloraen utan at det vart påvist spesielle artar. Utvalet av sopp, inklusiove beitemarkssopp var beskjedent.

**Inngrep:**

Området ligg i eit jordbrukslandskap med aktiv drift og med fleire tun, og det blir framleis beita med sau. Beitetrykket er middels.

**4.6.6 Kjeøya****MR 58 32****\***

Øya ligg utafor Rokstad på Aust-Smøla og lyngdominert med tørr røsslynghei som viktigaste vegetasjonstype. Elles finst fukthei og grasdominerte strandengar. Artsutvalet av planter var relativt variert og med eit visst innslag av naturengplanter utan å merke seg ut. Soppfloraen var fattig, blla. Utan beitemarkssopp.

Inngrep:

Det har tidlegare vore beita med sau, men ikkje no lenger, og holmen er i attgroing. Ut over dette er det ikkje inngrep.

#### **4.6.7 Store Føllingen** *MR 58 33* \*

Dette er og ein holme på austsida av Smøla. Vegetasjonen er samansett av ein del tørr røsslynghei og frodig, nitrogenkjær gras- og urtevegetasjon. Dessutan finst fukthei og grunnlendte strandberg- og tarevollsamfunn. Øya er i attgroing, men blir beita av grågås og truleg hjort. Artsvariasjonen av planter er moderat med relativt beskjedent innslag av naturengplanter, men fattig soppflora, bl.a. utan påvist beitemarkssopp.

Inngrep:

Ingen.

#### **4.6.8 Innerremmingen** *MR 63 23* \*

Holmen ligg søraust for Smøla og er i stor grad lyngdominert med tørr eller fuktig røsslynghei, fukthei og innslag av grasdominert vegetasjon nær stranda og på middels fuktige stader elles. Det vart funne eit variert utval av karplanter med eit visst innslag av naturengartar utan at noko merka seg ut. Soppfloraen hadde og ein viss variasjon, men med eit beskjedent innslag av beitemarkssopp.

Inngrep:

Holmen blir beita av sau, men med noko lågt beitetrykk.

#### **4.6.9 Åstøya** *MR 60 27* \*

Denne øya ligg utafor Vikan på Aust-Smøla og er dominert av tørr eller fuktig røsslynghei i attgroing. Den tørre heia er stort sett på grunnlendt mark på berg og med eit visst innslag av einer. Langs stranda er det strandberg og litt strandenger. Artsutvalet av planter er moderat, men med litt innslag av naturengarter. Soppfloraen er og relativt beskjeden, og berre ein beitemarkssopp blir påvist.

Inngrep:

Ingen ut over beitande sau.

#### **4.6.10 Hestøya** *MR 56 23* \*\*

Dette er ein holme med vegetasjon av tørr kystlynghei, fukthei og kalkpåvirka engsamfunn. Det vart påvist relativt variert artsutval av planter med eit bra innslag av natu-



rengplanter. Også soppfloraen var variert med eit markert innslag av beitemarkssopp, blant desse fleire interessante artar. Området syner teikn på attgroing.

Inngrep:

Området blir nytta til sauebeite, men med moderat beitetrykk.

#### **4.6.11 Vikjelsøya**

**MR 56 23-57 23**

**\*\*\***

Dette er ei litt større øy med eit strandbelte av grasdominerte engsamfunn, men elles dominerer tørr kystlynghei med litt rogn. På sørsida er det kalksteinshaldig berg. Det vart påvist ein relativt rik flora med eit markert innslag av naturengplanter. Det er og ein god variasjon av sopp med stort innslag av beitemarkssopp der fleire av artane er interessante, spesielt ein av artane, som truleg er kalkkrevjande.

Inngrep:

Vegetasjonen på øya har delvis vore brend, og området har og vore nytta til beite, men med lågt beitetrykk.

#### **4.6.12 Nordre Vikjelsholmen**

**MR 57 22**

**\***

Dette er ein mindre holme sør for Vikjelsøya. Holmen er nokså attgrodd av einer, røsslyng og storfrytle, og berre langs stranda finst litt gras- og urtevegetasjon. Det var moderat artsvariasjon av planter med få naturengartar, og tilsvarande var det lite av sopp og berre ein beitemarkssopp.

Inngrep:

Ingen, heller ikkje beiting.

#### **4.6.13 (Vestre) Krongelholmen**

**MR 58 22**

**\***

Dette er ein grasdominert holme nord for Havreøya. Vegetasjonen bestr av triviell og beiteprega graseng med litt tørrberg med tilhøyrande strandplantesamfunn og noko kreklinghei. Artsutvalet av planter var moderat, også når det gjeld naturengplanter. Det er ein viss variasjon av sopp, men lite beitemarkssopp. Muligens er ikkje det registrerte artsutvalet fullt ut representativt.

Inngrep:

Det skal tidlegare ha vore busetnad på holmen, men i dag vert han nytta til sauebeite.



Fig. 1: Øyriket vest for Jøa med Store Ringsøya i framgrunnen. (Foto: Øyvind Leren)



Fig. 2: Strandengar og kulturlandskap på innsida av Kuløya. (Foto: Øyvind Leren)



Fig. 3: Hallarøya, fråflytta øyvær i skjergarden sørvest for Smøla. (Foto: Alv Ottar Folkestad)



Fig. 4: Gammelt engstykke under attgroing med stolpestarr, Solværet på sørsida av Smøla.  
(Foto: Alv Ottar Folkestad)



Fig. 5: Fukthei og bergryggar med bl.a. bjønnskjegg og rome på indre deler av Smøla.  
(Foto: Alv Ottar Folkestad)



Fig. 6: Frodige sjøsivaksbelte i Litjvatnet aust for Pilsbekken. (Foto: Alv Ottar Folkestad)

## 4.7 Marine verneområde

I ei utgreiing for Direktoratet for naturforvaltning i 1995, «Kartlegging av egnede marine verneområder i Norge» (Brattegard og Holte 1995) er to område i Smøla kommune vurderte:

*Tabell 7: Registrerte og verdivurderte sjøområde i samband med kartlegging av eigna marine verneområde i Norge (Brattegard og Holte 1995).*

Område	Lokalisering	Areal	Verdi	Aktualitet
Sørvest-Smøla skjergard	MR 3512-4824	Ikkje angitt	***	
Nord-Smøla skjergard	MR 3530-4848	”	**	
Grip-Breisvaet	MR 3006-5023	”	***	må vurderast

### 4260 Sørvest-Smøla-skjergarden

I «Utredning for DN nr. 1995-3» er det ikkje nærare omtala området sin karakteristikk og verneverdi.

### 4260 Nord-Smøla-skjergarden

I «Utredning for DN nr. 1995-3» er det ikkje nærare omtala området sin karakteristikk og verneverdi.

Av desse er det første området vurdert som aktuelt verneområde saman med Griphølen i Kristiansund kommune med følgjande nemning:

#### 4.7.1 Strekingen Grip-Breidsvaet på Smøla

Dette er dels varierte skjergardsområde og gruntvassområde med djupare renner mellom, dels ei open djuprenne mellom fjordområda innafor og ope hav utafor som transporterer atlantisk vatn langt inn mot kysten. Elles er det lite naturfaglege opplysningar i Utredning for DN, nr. 1995-3 (Brattegard og Holte 1995), bortsett frå litt opplysningar om kulturminne.

Inngrep:

Det finst ingen opplysningar om inngrep under havflata. Over havflata er området samanfallande med område registrert både i kulturlandskapsregistreringa, våtmarkeregistreringa og sjøfuglregistreringa.

Verdivurdering:

Ingen verdivurdering ut over at området høyrer med blant dei områda i Møre og Romsdal som er aktuelle som marine verneområde i ein nasjonal verneplan.

Definisjon, vurdering og kriterier er svært vage og er vanskeleg å nytte utan som støtte til eventuelle andre verneverdiar. Det burde ha vore gitt ein betre og meir konsis, fagleg definisjon av temaet og dei kriterier som ligg til grunn for vurdering av verneverdiar.

I tillegg til dette er det gjennomført undersøkingar av tareskogsområda rundt Remman og ved Skalmen (Sivertsen 1991, Rinde, Christie, Fredriksen og Sivertsen 1992). Dette stadfester at det er marinbiologisk svært rike område med den høgste gjenvekst av tare som er kjent. Spesielt stortareskogen rundt Remman merker seg ut som den største og frodigaste som er kjent langs norskekysten og såleis i verdssamanheng. På dette grunnlag vart det oversendt eit framlegg til Miljøverndepartementet om vern av dette som eit referanseområde for urørt stortareskog, saman med 3-4 område til langs kysten (Rinde, Christie, Fredriksen og Sivertsen i brev til MD). Dette synest ikkje å ha vore med i grunnlagsmaterialet og vurderingane av marine verneområde som er nemnt ovanfor.



Fig. 7: Rike tangbelte i stramsunde vest for Hopen, Nord-Smøla. (Foto: Alv Ottar Folkestad)



Fig. 8: Fra takrørskogen i Hinnåvatnet ved Røkmyrane. (Foto: Alv Ottar Folkestad)




Fig. 9: Brudespore og agnorstarr på kalkberggrunn ved Skjølberg. (Foto: Alv Ottar Folkestad)

## 4.8 Verneplan for vassdrag

I NOU 1991:12A «Verneplan for vassdrag IV» er eitt vassdrag i Smøla med:

Verdiklassifisering:

****	=	Meget stor verneverdi
***	=	Stor verneverdi
**	=	Middels verneverdi
*	=	Liten verneverdi

Tabell 8: Verna vassdrag i Smøla i samband med «Verneplanfor vassdrag IV» (NOU 1991).

Område	Lokalisering	Areal	Verdi	Aktualitet
Fuglevågsvassdraget	MR 4626-5531	27 km <sup>2</sup>	****	verna

### 115/Fuglevågsvassdraget

### Vpl.IV

#### Karakteristikk

Nedbørsfelt:	27 km <sup>2</sup>
Naturgeografisk reg.:	40a
Botanikk:	****
Landfauna:	****
Vassfauna:	****
Kulturminneverdiar:	*
Friluftssinteresser:	****
Landbruksinteresser:	*

Vassdraget representerer dei små låglandsvassdraga på ytre kyststrøk av Nordmøre og har eit nedbørsfelt som er lågkupert/småkupert med lite relieff i eit typisk strandflatelandskap. Nedbørsfeltet vert dominert av myr. Jamfør elles NOU 1991: 12A Verneplan for vassdrag IV,

#### Inngrep:

Riksveg (Rv 669) kryssar i bru nær osen mot sjøen, og bilveg kryssar og eit sidevassdrag i nordvestre hjørne og over hovudvassdraget heilt i austre del av nedbørsfeltet. I nordaustre del og i sørvestre del når grøfting i samband med dyrkajord så vidt inn i nedbørsfeltet og medfører litt jordbruksavrenning. Langs dei kryssande vegane er det og nokre få grøfter. Største inngrep er utbygging av Storvatnet som drikkevassmagasin for Smøla. Kraftlinjer kryssar nedbørsfeltet i austre del. Nokre få og stort sett små lebelte er planta ved utlaupsområdet og i nordaustre del av nedbørsfeltet.

**Verdivurdering:**

Det er store og breispektra verneverdiar innafor nedbørsfeltet til dette vassdraget, for både botaniske og zoologiske interesser gjeld dette internasjonale verdiverdiar.

Vassdraget er valgt ut på grunnlag av det som låg føre av naturfagleg kunnskap innsamla i annan samanheng, og det ligg ikkje føre eigne detaljregistreringar i samband med verneplanen.



## 4.9 Våtmarker

Dei store verneverdiane knytt til våtmarksområda i Smøla kommune vart påvist i 1972 i samband med ei systematisk kartlegging av viktige våtmarker i Norge igangsett 1972 (Folkestad 1977b). Områda i Smøla er såleis med i eit nordisk utval av slike område, framlagt av ei nordisk arbeidsgruppe for vern av våtmarksområde i juni 1973, stila til natur- og miljøvernstyresmaktene i alle dei nordiske landa og til Nordisk Råd (Ferdinand & al. 1973). Smøla var nummerert som N-23 i eit utval av 40 område i Fastlands-Norge, og med merknad om at det burde igangsetjast spesielle kartleggingar av fuglelivet.

I samband med utarbeiding av ein verneplan for våtmarker i Møre og Romsdal vart det så gjennomført kartlegging av fuglelivet i Smøla kommune. Det ligg føre rapportar om fuglelivet på Fast-Smøla i 1974 (Gjellan 1974, Folkestad 1975c), i øyområda i 1974-77 og seinare (Folkestad 1974, 1975a, 1975b, 1975c, 1976a, 1977a, 1978, Follestad 1982, 1983a), og ei oppsummering av verneverdiar i 1976 (Folkestad 1976b, 1976c) og 1977 (Folkestad 1977b, 1983). Seinare er det gitt ei oppdatering av ornitologiske undersøkingar for kommunen i samband med planar om vindkraftverk, jamfør «Ornitologiske undersøkingar i Smøla kommune 1974-1983» (Follestad 1983b). Denne kommunen er sentralt med i kartlegging og konsekvensvurdering i 1984-85 i samband med opning av oljeaktivitet på Møre I (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1985a, 1985b), og ei samanfatning om fuglelivet i Smøla kommune er gitt i 1996 (Folkestad 1996). Det rike fuglelivet i Smøla og dei store, internasjonale verdiane knytt til det, har og ført til at Smøla er med på lista over dei viktigaste fugleområda i Europa, utarbeidd av International Council for Bird Preservation (ICBP), International Waterfowl and Wetland Research Bureau (IWRB), og Royal Society for the Protection of Birds (RSPB). Jamfør Griffett & Jones (1989). Denne lista er under revisjon 1998-99 i regi av organisasjonen Birdlife International, og sjølv om lista er revidert og talet på norske område litt redusert, har Smøla styrka sin posisjon gjennom oppdatert kunnskap. I heile perioden frå 1972 til 1998 har medlemmer frå Norsk Ornitologisk Forening hatt Smøla kommune som eit viktig aktivitetsområde, dels i samband med årlege bestandskontrollar av våtmarksfugl i utvalde teljeområde under det nasjonale sjøfuglprosjektet i regi av NINA-Trondheim, dels i samband med ekskursjonar og andre turar. På denne måten er det samla eit stort datagrunnlag om fuglelivet i kommunen, med våtmarksfugl som eit sentralt element. I «Utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal» (Fylkesmannen i M&R 1982) er fuglelivet knytt til våtmarksområda i Smøla klassifisert som svært verneverdig, og det er gitt ei vurdering av ulike delområde:

### Verdiklassifisering:

****	=	Særleg verneverdig (internasjonal interesse)
***	=	Svært verneverdig (nasjonal interesse)
**	=	Verneverdig (regional interesse)
*	=	Lokal verneverdi
	=	Tilsynelatande liten verneverdi

*Tabell 9: Registrerte og verdivurderte område og lokalitetar i Smøla i samband med «Verneplan for våtmarker i Møre og Romsdal» (Folkestad 1976, Folkestad 1982, Follestad 1983).*

Område	Lokalisering	Areal	Verdi	Aktualitet
Kulisvaet-Olsøysvaet	MR 3525-5516	Ikkje angitt	****	verneaktuelt
Fuglevågsvass.-Maurdalen	MR 4730-5524	”	****	verneaktuelt
Ånnhaugen-Rokstadelva	MR 5330-5829	”	***	verneaktuelt
Rokstad-Vikan	MR 5734-6126	”	****	
Hopavassdraget	MR 4830-5137	”	****	verneaktuelt
Daumannshaug.- Skomsøyv.	MR 4127-4430	”	**	
Monsøya	MR 4435-4537	”	***	verneaktuelt
Litjneset-Hopen	MR 4433-5039	”	***	
Innervalen-Nesevågen	MR 5336-5437	”	*	
Oladyet	MR 4028-4029	”	*	
Leira	MR 3927-4028	”	*	
Gjelbergvågen	MR 4026-4127	”	**	
Øyavågen	MR 4227-4326	”	***	
Åndalsvatnet	MR 5828-5928	”	*	
Fløtjønna	MR 5124-5223	”	****	verneaktuelt
Øygardsvågen	MR 5322-5323	”	**	
Sjyvågen	MR 5624-5724	”	**	verneaktuelt

#### 4.9.1 Kulisvaet-Olsøysvaet (Breisvaet)

\*\*\*\*

Dette er eit stort øygards- og skjergardsområde som omfattar dei sterkt oppdelte øyområda i sørvestre del av Smøla kommune, avgrensa av Olsøysvaet, Skjølbergvågen, Straumen og Kulisvaet mot nord og aust, og Trondheimsleia og Griphølen mot sør og vest. Dei ytre delane av området har småøyar, holmar og skjer fordelt i øyvær og grupper med store gruntvassområde ikring og delte av område med djupare vatn. Indre delar har større øyar med meir markerte sva og straumsund imellom og med større og meir samanhengande gruntvassareal, Inn mot Fast-Smøla deler landet seg opp i nes, vågar og valar, dels med tidevassvågar og mudderflater. Området er generelt næringsrikt og er svært viktig beiteområde for overvintrande våtmarksfugl, for fleire fugleartar i fjørfellingstida midtsommars, og for ein del artar og som hekkeområde. Artsutvalet av våtmarksfugl er stort, og for fleire av desse artane, mest utprega for lommar, dykkerar, skarv, grågås og sjøender, er dette av dei viktigaste einskildområda i vårt land.

##### Inngrep:

Både langs strandkanten på Fast-Smøla og på dei største øyane, Edøya, Kuli, Rossvolløya og Jøa, er det busetnad med gardar og grender. Tidlegare var det og etter måten stor busetnad på mange av småøyane, men her er det ikkje lenger fastbuande, men tidlegare bustader og hus vert i stor grad vedlikehaldne og nytta til sommar- og fritidsbustader. Dette er likevel inngrep og aktivitet som har vore med på å gje området sin karakter av kystkulturlandskap og som har vore med på å gje større variasjon i landskapet og såleis vore med på å gje livsrom for ein del av dei fugleartane som nyttar området, først og fremst ein stor grågåsbestand. Enkelte nyare, tekniske inngrep kan ha ført til negative verknader. Dette gjeld kraftleidningar, med ei 66 kV overføringsledning frå Kuli til Straumen og vidare fordelingsnett til bustadområda. Like eins har ny

riksveg (Rv 669) med fyllingar og bruer på strekninga Edøy - Straumen ført til innsevring av sund og endra straumbilete i dette området.

Verdivurdering:

Samla sett har området ein svært stor artsvariasjon når det gjeld sjø-, kyst- og våtmarksfugl, også for fleire artar på internasjonal og norsk raudliste. For ei rekkje artar er det periodevis, først og fremst i vinterhalvåret, konsentrasjonar av klar, internasjonal verneverdi. Området er såleis vurdert som å vere av internasjonalt interesse og isolert sett eitt av dei viktigaste kystvåtmarksområde i vårt land.

#### 4.9.2 Fuglevågsvassdraget/Maurdalen

\*\*\*\*

Området strekkjer seg over store delar av dei sentrale områda inne på Fast-Smøla, i hovudsak omkring nedbørsfeltet til to av dei viktigaste vassdraga på Smøla, Fuglevågsvassdraget og Hinnå-/Maurdalsvassdraget. Mot nord går området saman med eit område langs Hopsvassdraget/Pilsbekken, jamfør nedanfor. Dette er ein mosaikk av myr, heiar og bergrabbar, oppbrotne av grunne daldrag med småvassdrag og med nokre få større vatn og eit utal av tjønner, dammar og pyttar. Langs daldraga finst litt spreidd kratt, men elles manglar skog, og utover det som er planta, finst tre berre heilt spreidd og fåtalig. Sørlege delar av området har innslag av kalkfjellsryggar med noko frodigare vegetasjon både på fastmark og i myr, medan nordlege del av området har fattigare berggrunn og karrigare vegetasjon. I nokre av dei mest markerte dalføra er det lausmasseavsetjingar med utslag i rikare vegetasjon. Svært mykje av området har myr- og fuktmarkskaraktar og fell inn under samleomgrepet våtmark. Fuglelivet i området er artsfattig, men svært karakteristisk og med stor dominans av våtmarksartar, der dei karaktergjevande artane finst i relativt tette bestandar i høve til førekomst og utbreiing av desse artane generelt. Fleire av desse artane er oppførte både på nasjonal og internasjonal raudliste over truga eller sårbare artar.

Inngrep:

Ei kraftlinje kryssar området i austre del, og området er avgrensa av vegar i aust og vest. I ytterkantane i vest og aust grensar området opp mot dyrkamark, i vest er litt areal oppdyrka, og dreneringssystem og jordbruksavrenning berører desse områda i mindre grad. I Maurdalen finst ei plantefelt av furu, buskfuru, bergfuru, gran og sitkagran. Ved Svartvatnet er det også litt spreidd planting, og her ligg ei hytte. I vestre del av Maurdalen er det restar etter tidlegare tiders gruvedrift. Ut over dette er området så godt som utan menneskelege inngrep.

Verdivurdering:

Ut frå naturtypen og med tanke på artsutval og bestandstettleik av karaktergjevande fugl og spesielle fugleartar er dette området vurdert å vere av internasjonal verneinteresse og eitt av dei våtmarksområda som både i fylket og i landssamanheng merkar seg ut med sitt særpreg.

### 4.9.3 Åndhaugen-Rokstadelva

\*\*\*

Området ligg rundt dei største vatna på austsida av Smøla, frå Kongsvatnet til Storvatnet og Litjvatnet. Det omfattar øvre delar av nedbørsfeltet til tre ulike vassdrag, Aurebekken som drenerer mot aust, Fuglvågsvassdraget som drenerer mot vest, og Rokstadelva som drenerer mot aust. Som Smølalandskapet elles er det ein mosaikk av myrflater, lyng- og bergrabbar og vatn. Fleire grunne bekkedalar deler opp terrenget, men det er gjennomgåande lite høgdeskilnad, med høgste høgder på 30-36 m og dei fleste vatnat på ca. 20 moh. Landskapet er ope, berre med litt spreidd og stort sett svært lågt kratt av dvergbjørk og vier, og dei fleste vatnat er stort sett vegetasjonsfattige. Nokre få tjønner har likevel frodige sivbelte. Av skog finst stort sett berre nokre få, små plantingar ved Storvatnet, der det og er litt oppslag av lauvtre. Fuglelivet i området er relativt artsfattig, men med relativt bra bestandar av kartakterarter for myr og våtmark, og med fleire artar som er oppførte på den norske raudlista over truga og sårbare fugleartar.

Inngrep:

Området grensar opp mot bilvegen frå Nelvika til Frostadheia, og her tangerer ei kraftlinje også området, Storvatnet er utbygt til vassmagasin for Smøla, og her er det eit pumpe- og renseverk med tilhøyrande kraftlinje og driftsveg. Ved Storvatnet er det planta fleire små bartrekrullar, og i området er det fem hytter og ei sendarmast like ved bilvegen. Frå jordbruksområda ved Kongsvatnet og Moldvatnet er det ein viss påverknad av jordbruksavrenning.

Verdivurdering:

Med utgangspunkt i naturtype, artssamansetjing og bestandstettleik av karakterartane av våtmarksfugl i området, vart verneverdien vurdert å vere av nasjonal interesse. Registreringar av hekkefuglfaunaen dei seinare åra har oppgradert verneverdien, samstundes som området må vurderast i nøye samanheng med tilgrensande område på vestsida av vegen mellom Nelvika og Frostadheia, etter som dei funksjonelt høyrer saman og dannar eit større, samanhengande myr- og heiområde av svært stor verneverdi på det indre av Smøla.

### 4.9.4 Rokstad/Vikan

\*\*\*\*

Dette omfattar mykje av kyststrekningane på austsida av Smøla og er prega av ei låglendt og open kyststrekning langs Fast-Smøla, for ein stor del med avslipte svaberg i strandsona, oppbroten av tre elveutlaup og bukter med langgrunne mudderflater og leirer. I nokre av buktene er det og lausmasseavsetjingar, bl.a. skjelsand, innover land. Eit parti med småkupert strandfront med valar, vågar, pollar og brakkvasstjønner likar meir på det som særpregar det meste av strandsona rundt Fast-Smøla. I sjøen utafor er det relativt store, samanhengande gruntvassområde på terskelen mot Ramsøyfjorden,

og her ligg det og nokre holmar og småøyar, men ikkje så oppdelt og tett skjergard som rundt Smøla elles. Hekkefuglfaunaen er relativt artsrik, bl.a. med variert innslag av vadefugl, men med unntak av tennkoloniar enkelte år, manglar konsentrerte koloniar. Største konsentrasjonane av fugl opptrer i trekketidene og om vinteren, då fuglelivet er dominert av våtmarksfugl og sjøfugl, ofte i tusental. Lomar, dykkerar, skarv og sjøender er viktige, men periodevis kan det og vere betydelege mengder av alkefugl. For fleire artar på den norske raudlista for truga og sårbare fuglar er dette eit viktig område.

#### Inngrep:

Langs deler av strandstrekninga er det busetnad med naust og båtplassar. I Vikan er det utbygd hamn med fiskemottak. Innafor området er det plassert fiskeoppdrettsanlegg. På øyane og holmane er det ikkje andre inngrep enn fyrlykter og sjømerke.

#### Verdivurdering:

Med den breie artsvariasjonen og dels store konsentrasjonar av fugl, med fleire artar som er sjeldne i ein større målsetokk, vart verdien av dette området vurdert å vere av internasjonal interesse, både som beite-/overvintringsområde for våtmarksfugl og sjøfugl og som hekkeområde. I dei seinare åra har funksjonen som hekkeområde vorte redusert for fleire sentrale artar. Samstundes er deler av området teke i bruk til fiskeoppdrett. Dette gjer at verdivurderinga i dag er noko redusert i høve til dei første registreringane og vert sett til regional interesse.

### 4.9.5 Hopavassdraget

\*\*\*\*

Hopaelva/Pilsbekken dannar kjernen i dette området som omfattar nedre del av vassdraget frå vegen mellom Fuggelvågen og Frostadheia, medrekna dei to vatna på denne strekninga, saman med myrområde og deler av sidevassdrag på begge sider av hovudvassdraget. Hopavassdraget går gjennom ein grunn bekkedal med fleire sidebekker med tilsvarande bekkedalar. Elles er området prega av ein kombinasjon av større myrflater og tørre lyng- og bergrabbar i eit slakt og lågkupert landskap, der høgste punkt er 33 moh, men der høgareliggande deler av terrenget stort sett ligg mellom 20 og 25 moh. Elveutløpet mot sjøen passerer ei rekkje naturlege terskeldammar som gjev ein gradvis overgang gjennom brakkvassona til rein tidevass-sone med leirer og mudderbukter. Vegetasjonen er stort sett myr- og heivegetasjon med litt spreidde, låge kratt av dvergbjørk og vier, og eitt og anna kratt av lauvtre. Langs utlaupsområdet mot sjøen er det planta barskog. Fuglelivet langs vassdraget er relativt artsfattig, men med viktige karakterarter knytt til våtmark og sjø, både som hekkande og i trekktider/vinter; Litjvatnet og Korsvatnet er såleis viktige beiteområde for våtmarksfugl, det same som utlaupsområdet mot sjøen. Området er tilhaldsplass for fleire artar på den norske raudlista for truga og sårbare fuglar.

#### Inngrep:

Riksvegen rundt Smøla (Rv 669) kryssar utlaupsområdet, og her kryssar både kraftlinje, telefonlinje, vassleidning og kloakkleidningar vassdraget. Like ovafor utløpet har det og vore vassinntak for bruksvatn, og ei strekning i elva er korrigerert og regulert i den samanheng. Det har og vore lagt overføringsleidning av vatn frå Litjvatnet til Flø-

vatnet i samband med eit setjefiskanlegg. Bilveg kryssar og vassdraget i øverkant. Ut over dette er vassdraget utsett for jordbruksavrenning frå dyrkingsfelt på vestre del av Frostadheia og Moldvassheia.

Verdivurdering:

Spesielt som beiteplass, dels og som hekkeplass for våtmarksfugl er området vurdert til å ha hatt funksjon av internasjonal interesse, særleg når ein ser dette i samanheng med tilgrensande område på sentrale delar av øya.

#### 4.9.6 Daumannshaugen/Skomsøyvågen

\*\*

Dette er det mest kuperte området på Smøla, med relativt markerte ryggar og haugar, og med dalføre og søkk innimellom, der det er myrlende og småvatn. På eit par stader når området ned til langgrunne vågar i sjøen. Fleire av desse vatna ligg like over havflata, medan dei høgste haugane er på vel 40 moh (44 moh). Vegetasjonen er dominert av lynghei og moseflyer på dei tørre partia og myrvegetasjon på dei lågliggande og fuktige delane. Dei fleste vatna og tjønnene er nokså vegetasjonsfattige. Naturleg krattvegetasjon finst svært spreidd i form av dvergbjørk og vier, medan det finst sporadisk litt lauvtre. Bartre er planta på eit par felt i ytterkanten av området. Fuglelivet er relativt artsfattig, men med nokre karakterartar i relativt bra bestand. Fleire av desse står på den norske raudlista for truga og sårbare artar, både av hekkande og overvintrande artar.

Inngrep:

Gjeldbergvatnet er regulert som drikkevassbasseng og har bygt reinseanlegg og pumpehus. Eit seglmerke er bygt på Daumannshaugen, og bartreplantefelt finst i ytterkanten av området.

Verdivurdering:

Ut frå det som er registrert av artsutval og bestandstettleik av ulike fugleartar i dette området, både funksjon som hekkeområde og for overvintring, er området vurdert å vere av regional verneinteresse.

#### 4.9.7 Monsøya

\*\*\*

Dette er eit relativt avgrensa øyvær med ei svært oppskoren hovudøy med nokre småholmar omkring, og omgitt av gruntvassområde. Øyane er nokså kuperte med høgste punkt 15 moh og med nokre knausar og hamrar. Vegetasjonen elles er dels lynghei, dels fuktige torvomme, dels grasmark. Det finst litt spreidde busker av rogn samt eit lite felt med planta barskog. Fuglelivet i området er relativt artsfattig, men med viktige funksjonar for ein del fugleartar, t.d. lommar, dykkerar og sjøender. Det er svært stor oterbestand i området. Artslista held fleire artar på den norske raudlista over truga og sårbare fugleartar.

**Inngrep:**

Det ligg eit fråflytta tun på indre del av hovudøya, og periodevis har det vore lokalisert fiskeoppdrettsanlegg i området aust for øya. Det er planta eitt lite felt med bartre.

**Verdivurdering:**

Ut frå funksjonen for ulike fugleartar er denne lokaliteten vurdert å vere av nasjonal verneinteresse.

**4.9.8 Litjneset-Hopen****\*\*\***

Dette er eit grunt og svært oppdelt skjergardsområde på nordsida av Smøla. Det omfattar ei rekkje svært godt skjerma vågar, valar og pollar, dels med store tidevassareal og leirer, og med småøyar, holmar og sund utafør. Deler av området er småkupert med ein del haugar og småhamrar. Vegetasjonsmessig er området dominert av lynghei og myrmarksvegetasjon med lite oppslag av lauvkratt og busker, med med litt planta bartre i gruppevis eller i lebelte. Fleire av vågane har rikeleg med ålegras, og i nokre av valane er det strandengar langs kantane og i indre delar. Området er særleg viktig som beiteplass for ein del våtmarksfugl i vinterhalvåret, bl.a. for lommar, dykkerar og sjøender, sjølv om artsutvalget ikkje er spesielt rikt. Til tider kan også alkefugl på næringsøk nytte området. Fleire av dei registrerte fugleartane er oppførte på den norske raudlista over truga og sårbare fuglar. Tidlegare var det store måsekoloniar og hegrekoloniar på enkelte av øyane. Oterbestanden i området er svært stor.

**Inngrep:**

Vegen til Veidholmen (Rv 669) kryssar gjennom området i nord, og det er busetnad med hus og tilhøyrande sjøhus, naust og båtplassar fleire stader (ved Hopen, Brennskag, Einneset og Litjneset). Ei kraftlinje kryssar gjennom området frå Brennskag til Skjelvågen. Ved Aunvågen er det bygt eit setjefiskanlegg, og riksveg 669 tangerer området langs dei inste buktene både i Aunvågen, Grunnvågen og Skjelvågen. I dei fleste vågane langs denne vegen er det teke ut relativt store mengder skjelsandhaldig lausmasse til jordbruksføremål.

**Verdivurdering:**

Ut frå artsutval og mengder av våtmarksfugl, særleg overvintrande, dels også hekkande, vart området vurdert å ha nasjonal verneinteresse. Seinare registreringar har gitt grunnlag for ei betre vurdering av dei ulike delområda innafor denne skjergardsstrekninga, og på grunnlag av det er verdivurderinga styrka i deler av området og litt redusert i andre delar, bl.a. vurdert ut frå inngrep som vegbygging og fiskeoppdrettsanlegg.

#### 4.9.9 Innervalen-Nesevågen \*

Dette er grunne og oppdelte tidevassvikar og vågar. Oppdelte av små og låge, berglendte holmar, halvøyar og nes langs ei langstrakt bukt på nordsida av Smøla. Fleire bekkar, sig og småelvar renn ut i området, som på fjøre sjø får tørrlagde relativt store areal med mudderbotn og leire. Mykje av holmane og nesa vert sett under vatn på springflo og har strandensprega vegetasjon med ein del grasdominerte område, medan dei høgste partia får innslag av myr og lyngrabbar med frodige sig innimellom. Området tener som beiteplass for våtmarksfugl, mest ender (særleg stokkand og siland) og vadefugl, periodevis vinterstid også svaner. Enkelte år er dette hekkeplass for ternar. Elles hekkar fleire vadefuglartar, og grågås beitar med ungekull sommarstid.

##### Inngrep:

Det går bilveg (Rv 669) langs stranda, og fleire stader går denne ned til strandsona og sumpområda. Det ligg fleire naust og båtplassar i området og fleire hus ligg nær sjøen.

##### Verdivurdering:

Området har ein relativt varier vassfuglfauna og er viktig beiteområde, dels også hekkeområde for fleire artar og er på dette grunnlag vurdert å ha lokal/regional verneverdi.

#### 4.9.10 Oladyet \*

Dette er ei lita, grunn og stort sett vegetasjonsrik tjønn på vestsida av Smøla. Lokaliteten ligg i eit småkupert kulturlandskap med små dyrkajordsparsellar og oppgjødsla beite. Lokaliteten er frodig og næringsrik og tener som beiteplass særleg for ender og vadefugl, i vinterhalvåret også for svaner.

##### Inngrep:

Riksvegen (Rv 669) gjer over lokaliteten og skil eit sumpmarksområde frå sjølve tjønna. Eitt hus ligg like inntil og fleire andre hus ligg nær ved.

##### Verdivurdering:

Ut frå funksjonen som beiteplass dels også hekkeplass for våtmarksfugl er lokaliteten vurdert å ha lokal verneverdi.

#### 4.9.11 Leira \*\*

Dette er opprinneleg sund og valar mellom to øyar og Fast-Smøla som ved vegbygging er avsnørt til ein form for tidevasspoll. Det er grunne sjø- og strandområde mellom lågkuperte ryggar med beitemark og litt nakne berg i dagen. Strandsona er prega av berg- og steinstrand med tangbelte og lite av strandensone, og med ålegrasleirer og mudderbotn utafør. Området er næringsrikt og godt avskjerma og tener som beiteplass for våtmarksfugl, først og fremst ender, men periodevis også svaner vinterstid.



**Inngrep:**

Som det går fram ovanfor, passerer bilveg forbi området og sperrar dette fysisk av gjennom fylling over tidlegare sunda på tre stader. Det går og kraftleidningar forbi lokaliteten.

**Verdivurdering:**

Ut frå den funksjonen området har som beiteplass for andefugl, er det vurdert å vere av regional/lokal verneverdi.

**4.9.12 Gjeldbergvågen****\*\***

Dette er og dels avsnørte bukter, vågar og mudderleirer, stort sett godt avskjerma av eit lågkupert kulturlandskap med dominans av beitemark med små dyrkajordsstykke innimellom, og med oppstikkande berg på ryggar og rabbar. Stort sett er landområda prega av grasmark med litt busker av rogn, bjørk og vier, og med fleire smådammar og tjønner, medan sjøområda har mudderbotn og ålegrasleirer på deler av dei skjerna partia, og med berg og stein langs landsida og berre få og små strandsoner med utvikla strandeng. Området er periodevis viktig som beiteplass for andefugl, dels også for vadefugl, med grasender og grågås som viktigast i sommarhalvåret og grasender og svaner i vinterhalvåret, dels også siland.

**Inngrep:**

Det går bilveg (Rv 669) langs landsida, og eit par sideveggar går og langs avgrensingane i vest og aust. Ei kraftlinje kryssar gjennom lokaliteten. Langs stranda og i buktene er det ei rekkje naust, båtplassar og naturhamner, og fleire hus og gardstun ligg inntil området.

**Verdivurdering:**

Ut frå den verdi området har som beiteplass, dels også hekkeplass, for andefugl og enkelte vadefuglartar, er verneverdien vurdert å vere av regional/nasjonal interesse.

**4.9.13 Øyavågen****\*\*\***

Lokaliteten omfattar ein ringforma våg mellom relativt høge knausar (i høve til landskapet i Smøla), og med ei relativt stor øy midt i. Landskapet rundt er småkupert med lyngrabbar og berg i dagen, og med myrsøkk og små bekkedrag. Det er lite av naturleg oppslag av tre. Langs stranda er det parti med stort sett smale strandengsbremmar, men mest brattlendt bergstrand. Sjølve vågen er relativt grunn mudderbotn og ålegrasleirer på store delar. Dette har vore ein konsentrert hekkelokalitet og kullsamlingsplass for grågås sommarstid, og til tider med beitande svaner og grasender vinterstid.

**Inngrep:**

Ei kraftlinje kryssar over vågen og den sentrale øya, og på ytre delar grensar området opp til eit gardsbruk med gradsveg og innmark. Rundt vågen er det planta ein del barskog.

Verdivurdering:

Ut frå området sin verdi spesielt for hekkande grågås var det vurdert å vere av nasjonal/regional verneinteresse. Seinare registreringar har synt noko endra bruk og funksjon av dette området, slik at verneverdien er noko nedjustert.

#### 4.9.14 Åndalsvatnet

\*

Eit lite og svært frodig vatn i eit lite dalføre på austsida av Smøla. Landskapet rundt er kupert med høgder på ca. 20 moh, medan sjølve vatnet ligg på gammal havbotn 7 moh. Vatnet har frodig vegetasjon, spesielt med sjøsvaks og nøkkeroser og må karakteriserast som næringsrikt. Det har bratt bergstrand langs sidene, sumpmark med overgang til myr i vestenden og fastmark/strandeng i austenden. Vegetasjonssamfunnet i vatnet høyrer med til dei meir kravfulle. Lokaliteten er hekkeplass for våtmarksfugl, først og fremst grågås og grasender. I vinterhalvåret beiter ender og svaner i vatnet i isfrie perioder.

Inngrep:

Vatnet har vore nytta som regulert vassmagasin med kanalisert utlaup og vassinntak. Dessutan har det vore teke ut ein del skjelsandhaldig lausmasse for jordbruksfremål i austenden av vatnet, og i den samanheng er det tilkomstveg til vatnet. Nokre av dei nærliggande myrpartia er grøfta med avlaup til vatnet. Dessutan passerer riksvegen (Rv 669) forbi vatnet på nordsida.

Verdivurdering:

I naturtilstand ville vatnet hatt markert høgare verneverdi enn dagens, både med utgangspunkt i vegetasjonstype og som beiteplass og hekkeplass for fugl. Vatnet har framleis verdi som plante- og fuglelokalitet, og dagens verneverdi er noko oppgradert i høve til dei første registreringane og er sett til lokal/regional verneinteresse.

#### 4.9.15 Fløtjønnan

\*\*\*\*

Lokaliteten omfattar ei todelt og svært grunn brakkvasstjønn med frodig undervassvegetasjon, sivbelte og strandengar, og sambandet mellom denne tjønna og sjøen utafør. Området rundt er relativt ope, lågkupert med bergryggar og rabbar, dels med lynghei og myrdrag, dels med kalkkrevjande fastmarksvegetasjon. Sjølve tjønna ligg på lausmasser av tidlegare havbotn. Vegetasjonen er dels ferskvassprega, dels strandengsprega med markert innslag av brakkvassplanter og salttolande vegetasjon. I tjønna er det registrert store førekomstar av planteartar som er oppførte på den norske raudlista for truga og sårbare artar. Under springsfloperioder er lokaliteten sett under vatn frå sjøen, medan det i sommarhalvåret er lange perioder som floa ikkje når inn i vatnet. Tjønna er svært næringsrik, både med svært høg planteproduksjon og med store mengder næringsdyr. Det er derfor ein svært viktig beiteplass for våtmarksfugl over eit breidt artspekter, men med grasender, gjæser, svaner og ein del vadefuglartar som dei talmessig dominerande. Alle norske grasandartar og svært mange dykkender er noterte i lokali-

teten, dei fleste grasandartane som hekkande, vanlegvis med svært mange kull, og periodevis med svært store og tette fuglebestandar.

Inngrep:

Riksvegen passerer langs breidda, delvis fylt litt ut i kanten. I austenden renn ein kanalisert bekk frå dyrkajordsområde inn i tjønna. Denne er sterkt påverka av jordbruksavrenning. I vestenden går dyrkamark nesten heilt ned til breidda, og her er ei tilsvarende drenggrøft med jordbruksavrenning.

Verdivurdering:

Som ein høgproduktiv lokalitet med funn av svært sjeldne planteartar og med store fuglesamlingar er dette ein av dei aller viktigaste einskildlokalitetane i Smøla kommune og merker seg og ut som spesiell i landssamanheng, både som type og i funksjon for einskildartar. Lokaliteten er derfor verdivurdert å vere av internasjonal interesse.

#### 4.9.16 Øygardsvågen

\*\*

Dette er ein sterkt skjerma og grunn muddervåg med relativt store tidevassflater med mudderbotn og ålegrasleirer. Landskapet rundt er kupert, stort sett kulturlandskap, dels med dyrkamark, dels med beitemark. Utløpet av vågen er skjerma av ei øy som skaper to smale sund inn til vågen. Langs stranda er det parti med smale strandengsbremmar, andre stader brattare steinstrand. Dette er ein viktig beiteplass for ei rekkje våtmarksfugleartar, med svaner vinterstid, elles graser og vadefuglar som dei viktigaste.

Inngrep:

Rundt det meste grensar vågen opp mot dyrkamark/gjødsla beite. Langs nordsida passerer riksvegen (Rv 669) like ved. Elles ligg ei rekkje bustadhus, gardstun og andre hus, bl.a. naust med båtplassar, langs vågen. Kraftlinjer kryssar og over lokaliteten.

Verdivurdering:

Dette er ein viktig beiteplass for fugl, men med sterkt preg av inngrep og menneskeleg aktivitet. Ut frå dette er verneverdien vurdert å vere av regional/lokal interesse.

#### 4.9.17 Sjøvågen ("Sjyvågen")

\*\*

Dette er eit brakkvatn i øvre kant av springflomålet og med eit smalt utløp mot sjøen. Det ligg i eit relativt ope, lågkupert landskap, stort sett med lynghei omkring. Sjølvevatnet har ein del undervassvegetasjon, stort sett av meir sjeldne og spesielle artar. Langs deler av strandsona er det utvikla smale strandengsbelte. Desse utvidar seg ligg ved dei mest langgrunne buktene og rundt utløpsområdet mot sjøen. Andre deler av strandsona er dominert av stein eller berg. Det er planta eit artsrikt, men lite barskogsfelt langs sørsida, og deler av dette har preg av naturalisert og modnande barskog. Mellom vatnet og sjøen er det og planta eit barskogsfelt med dominans av lerk og gran.

Vatnet er periodevis beiteplass for våtmarksfugl, dels svaner og ender, dels vadefugl. Saman med tilgrensande strandsoner i sjøen (Nelvikvågen) er dette tilhaldsplass for store kullsamlingar av grågås sommarstid. Barskogsfelta er sentrale tilhalds- og hekkelokalitetar for eit breidt spekter av skogbundne fugleartar.

#### Inngrep:

Utanom skogplanting går det ein gardsveg langs sørsida av vatnet og her går og ei kraftlinje. I austenden av vatnet ligg ei hytte. Ei oppreinsking og viss kanalisering av utlaupet har medført at terskelen i dag er litt lågare enn opprinneleg og at vatnet truleg er tydelegare meir brakt i dag enn i naturtilstanden. Viktigaste inngrep er likevel langs vegen på sørsida av vatnet, med uttak av skjelsandhaldig lausmasse for jordbruksføremål.

#### Verdivurdering:

Som våtmarkslokalitet er funksjonen vurdert å vere av regional interess, men ut frå artsutvalet av planter og saman med funksjon for ein del fugleartar er denne lokaliteten samla vurdert å vere av regional/nasjonalt verneverdi, jamfør strandensregistreringar og havørnundersøkingar.

Det har i dei etterfølgjande åra vore gjennomført overvaking av fuglelivet i Smøla kommune, særleg som ein del av dei nasjonale sjøfuglovervakingane, men og gjennom aktivitet innan Norsk Ornitologisk Forening (NOF). Det vil derfor vere behov for ei revidering og klarare områdeavgrensing i høve til oppdatert kunnskap når det gjeld verneverdiar knytt til vassfuglfaunaen.

## 4.10 Sjøfugl

I avsnittet om våtmarker er det gitt ei kort oppsummering om kartlegging av fuglelivet i Smøla kommune, jamfør kapittelet framfor. Dette dekker også sjøfugl, sjølv om hovudtyngda av den ornitologiske aktiviteten har vore målretta mot fugl generelt og i stor grad vore konsentrert til Fast-Smøla. Målretta mot sjøfugl vart det gjennomført ei registrering av hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal i 1975, og denne omfatta også totalkartlegging av Smøla kommune (Folkestad 1983). På dette grunnlag vart det gitt ei vurdering av verneverdien av aktuelle sjøfugllokalitetar. Datagrunnlaget for kartlegging av sjøfugl vart oppdatert i 1991, og i 1992 vart det starta førearbeid til ein verneplan for sjøfuglreservat i Møre og Romsdal. Ein hekkelokalitet (Sortna) har vore med i det nasjonale sjøfuglprosjektet si overvaking av den nordlege underarten av sildemåse (*Larus fuscus fuscus*). Ein rapport gjev oppdatert oversikt pr. 1998 (Folkestad og Loen 1998) og gjev grunnlag for klassifisering og verdisetjing av aktuelle verneområde med tanke på hekkande sjøfugl i Smøla:

### Verdiklassifisering:

****	=	Særleg verneverdig (internasjonal interesse)
***	=	Svært verneverdig (nasjonal interesse)
**	=	Verneverdig (regional interesse)
*	=	Lokal verneverdi
	=	Tilsynelatande liten verneverdi

Tabell 10: Registrerte og verdivurderte lokalitetar og område i samband med «Sjøfuglreservatplan i Møre og Romsdal» (Folkestad 1983, Follestad 1983, Loen og Folkestad 1998).

Område	Lokalisering	Areal	Verdi	Aktualitet
Åstøya	MR 6027-6127	Ikkje angitt	***	
Straum-, Hest-, Vikjelsøya	MR 5523-5622	”	**	bør vurderast
Krongelholman	MR 5722-5821	”	**	bør vurderast
Skjøbergøyane	MR 4622-5024	”	***	verna
Breisvaet m/holmar	MR 4124-5116	”	****	verneaktuelt
Solværet-Blåsværsvaet	MR 4013-4818	”	***	verneaktuelt
Lyngvær	MR 3615-3817	”	***	verneaktuelt
Sortna	MR 3523	”	***	verneaktuelt
Skalmen-Singskjera	MR 3738-3937	”	***	verneaktuelt
Måøya (Hopen)	MR 4837-4938	”	**	
Remman	MR 4242-4344	”	****	verneaktuelt

### 4.10.1 Remman

\*\*\*\*

Dette er ei samling med låge skjer langt til havs, dels snaue, dels med frodig, fuglegjødsla vegetasjon. Skjera er nokså oppskorne med mange sprekkar og klovar, og omgitt av frodige tareskogar og taregrunner. Dette er konsentrerte hekkoloniar for sjø-

fugl, med sterk dominans av måsar, men og med god bestand av ærfugl. Utanom hekketid er dette tilhaldsplass og dels overnattingsplass for sjøfugl.

Inngrep:  
Ingen.

Verdivurdering:  
Ut frå konsentrasjon av fugl er verdien vurdert å vere av nasjonal/internasjonale interesse.

#### 4.10.2 Skalmen/Singskjera

\*\*\*1)

Området omfattar ei rekkje holmar og skjer ut mot havet og med ein del taregrunner innimellom. Dei ytre holmane og skjera er dels snaue, dels med fuglegjødsla, grasdominert og frodig vegetasjon. Lenger innover har enkelte av holmane også litt innslag av torv med myr- og lyngvegetasjon. Dette er hekkeplass for sjøfugl, dels koloniar av vekslende storleik, dels meir spreidd hekking.

Inngrep:  
Skalmen husar ein fyrstasjon med ei rekkje hus og framleis bemanna. Utanom dette er det ingen inngrep utanom sjømerke.

Verdivurdering:  
Ut frå førekomst av fugl, først og fremst med tanke på hekkande fugl, er området vurdert å vere av nasjonal verneverdi. Skalmen og fyrområdet er freda<sup>1)</sup>.

#### 4.10.3 Måøya

\*\*

Dette er ei nokså flatlendt øy, dominert dels av lynghei, dels av myr, og med litt meir kupert terreng langs sjøen og dominert av berg langs stranda. Dette har vore kolonioråde for måsar.

Inngrep:  
Riksvegen til Veiholmen (Rv 669) går over austre del av øya, og her går og ei kraftlinje. Elles er det ingen inngrep.

Verdivurdering:  
Med utgangspunkt i hekkekoloniane av måsar vart denne øya vurdert å vere av regional verneverdi. I dag er sjøfuglbestanden redusert til einskildpar av måsar, saman med einskildpar av ærfugl og siland, og øya har ikkje lenger verneinteresse.

#### 4.10.4 Straumøya, Hestøya, Vikjelsøya

\*\*

Dette er ei samling med øyar på søraustsida av Smøla. Øyane er stort sett prega av lynghei og grashei og med eit markert oppslag av lauvkratt med dominans av rogn. Øyane har vore tradisjonelle hekkekoloniar for måsar, mest gråmåse.

Inngrep:  
Ingen.

Verdivurdering:  
Øyane hadde tidlegare store og tette koloniar av gråmåse og var då av klar, nasjonal verneinteresse. Måsekoloniane har gått gradvis attende, og i dag er verdien vurdert å vere regional/lokal med tanke på sjøfugl.

#### 4.10.5 Krongelholman

\*\*

Dette er nokre grasdominerte, heller låge holmar i eit ope øylandskap nord for Edøya. Øyane ligg i eit beitepåvirka øykulturlandskap. Dette har tradisjonelt vore hekkeplass for måsar, særleg for dei kolodannande, større artane, og det har og vore hekkeplass/beiteområde for grågås med kull.

Inngrep:  
Ingen utanom beitedyr.

Verdivurdering:  
Ut frå verdien som hekkeplass og beiteplass for hekkande fugl, er holmane vurdert å vere av regional verneverdi.

#### 4.10.6 Åstøya

\*\*\*

Øya er sterkt kupert med bratte sider og med fleire knausar og hamrar, dels med tendens til hellerar. Strandsona er dominert av svaberg og strandberg med fleire vikar og skjerna bukter. Vegetasjonen er beiteprega, dels med grasmark, dels litt lynghei og myr, og med ein del oppslag av rogn. Øya har vore hekkeplass for fugl, med ein heggekoloni som det mest markerte.

Inngrep:  
Ingen

Verdivurdering:

Med tenke på hekkande fugl har øya vore vurdert å vere av nasjonal verneverdi, men funksjonen har endra seg noko dei seinare åra, slik at verneverdien truleg må nedgraderast.

4.10.7 «Skjølbergøyane»

\*\*\* 2)

Dette omfattar alle øyar, holmar og skjer under bruksnummera som høyrer til Skjølberg. Ytre del av Skjølbergneset høyrer også med. Området gjeld såleis heile Skjølbergvågen med holmar og øyar, og eit særdeles oppdelt øy-/kystlandskap utanfor innlaupet til Skjølbergvågen. Dette er dels småkupert landskap med bergryggar, vekslande med gras-, lynchhei og myr, dels eit opnare og flatare landskap med større myrparti i eit lågt landskap med lyngrabbar og berg i dagen. Utanom enkeltbusker og eitt og anna tre og nokre få, planta klynger av bartre, finst ikkje trevegetasjon. Området har først og fremst vore hekkeplass for fugl, tidlegare med ein del måse- og ternekoloniar på holmane og meir spreidd hekking av ender og grågås. I dag er det lite av koloniar. Området har dessutan verdi som beiteplass for fugl i sjøen, særleg for skarv og sjøender, men og for svaner.

Inngrep:

Ei kraftlinje kryssar Skjølbergvågen ved Hallarvik, og langs denne vågen er det fleire gardsbruk, men ikkje innafor det avgrensa området. Elles er det ingen inngrep.

Verdivurdering:

Området er freda som naturområde, med hovudmotiv å sikre sjøfuglkoloniane, muligens og hekkeplassar for grågås. I dag er funksjonen som hekkeområde for måsefugl sterkt redusert, medan det vil bli lagt større vekt på andre artar og på verdien som beiteområde for fugl.

<sup>1)</sup>Fuglelivet på Skalmen fyr freda ved vedtak 24.05.35

<sup>2)</sup>Freda ved vedtak 20.4.44

I samband med utarbeiding av ein forvaltingsplan for kulturlandskapet på sørlege delar av Smøla (Melby 1996c) er følgjande sjøfugl-/kystfugllokalitetar verdivurderte særskilt:



**4.10.8 Sortna****MR****\*\*\***

Dette er ei lita og eksponert gruppe av holmar/skjer lengs vest i Smølaskjergarden, stort sett berglendt og med lite vegetasjon. Her er ein koloni av måsefugl og bl.a. har dette vore den siste eigentlege kolonien av nordleg sildemåse i Møre og Romsdal.

Inngrep:

Ingen.

**4.10.9 Lyngvær****MR****\*\*\***

Dette er ei gruppe med småøyar, holmar og skjer, dei største øyane litt kuperte og med dels lyng, dels grasvegetasjon, dei minste holmane og skjera er meir berglendte og snaue. Området er viktig for grågås i fjørfellingsperioden midtsommars og tener både som hekkeplass og som overvintringsområde for sjøfugl/kystfugl.

Inngrep:

Bortsett frå fyrlykt og sjømerke er det få inngrep i området.

**4.10.10 Solværet-Blåsværsvaet MR****\*\*\***

Området dekker ein relativt stor del av skjergarden heilt i sør, med Solværet, Sandværet, Lyngprakkan, Fjordprakkan, Høgøyen, Blåsværet og delar av Buarnøya og Arnøya. Det er holmar og skjer av vekslande utforming: Dei største og høgaste er kuperte, dels med grasdominert vegetasjon, dels lyng og med litt torvmyrparti. Dei lågaste holmane er stort sett grasdominerte, medan dei minste og mest eksponerte skjera er temmeleg snaue. Dette er kjerneområde for grågås i fjørfellingstida på sommaren, og det er og fjørfellingsområde for fleire artar av sjøender. Deler av området er viktige hekkeområde bl.a. fleire etter måten store måsekoloniar, eitt av dei få område der teisten framleis har hekka i Smøla, og området er dessutan viktig beiteplass for både trekkande og overvintrande våtmarks- og sjøfugl.

Inngrep:

På fleire av øyvere i dette området har det vore busetnad, og her er det framleis dels vedlikehaldne hus og tun eller hytter: Solværet, Sandværet, Joøya, Rotværet og Arnøya. På desse stadene er det og tidlegare dyrkajordsområde som stort sett er i attgroingsfase.

#### 4.10.11 Breisvaet med omgivnader

MR

\*\*\*\*

Området femner om store delar av den indre skjergarden av Sør-Smøla og er dominert av store gruntvassareal og tarefluer som vekslar med låge småøyar, holmar og skjer, dels berglendte, dels med grasmark og litt lyng. Dette er viktige beiteområde for fjørfellande andefugl, særleg sjøender og grågås. Samstundes er det hekkeområde for fleire artar og eit svært viktig overvintringsområde for marine våtmarksfuglartar.

Inngrep:

Det er lite eller ikkje inngrep i området.

Det er naudsynt med ein grundig gjennomgang av status for sjøfuglkoloniane i Smøla pr. dato etter som det har skjedd nokså store endringar i bestandssituasjon og lokalisering.

### 4.11 Ferskvassinnsekt

I samband med «Verneplan for vassdrag IV» og kartlegging av augnestikkarfaunaen i Møre og Romsdal har det vore besøkt ein del ferskvasslokalitetar i Smøla, både vatn og vassdrag og nokre pyttar og smådammar (Dolmen 1991, Olsvik 1991, Olsvik 1998). Dette representerer på ingen måte ei systematisk kartlegging av dyrelivet i ferskvatn i kommunen, men kan supplere litt det øvrige registreringsmaterialet av planter og dyr frå Smøla.

Tabell 11: Lokalitetsbasert registrering av augnestikkarfaunaen i Smøla (Olsvik 1998).

Område	Lokalisering	Artar	Verdi	Merknader
Kyrhaugvatnet	MR 605212	8	?	bør vurderast
Norrdal, Edøya	MR 583194	1	?	
Singsøytjønna	MR 526212	5	?	bør vurderast
Nelvika	MR 574256	1	?	
Eitjønna	MR 527238	4	?	
Fløtjønna	MR 525238	1	?	bør vurderast
Kvennavatnet	MR 497250	5	?	
Hinnåvatnet	MR 473261	3(4)	?	
Røkhaugen	MR 472279	1	?	
Fuggelvågselva	MR 473284	1(2)	?	bør vurderast
Litj Fuggelvågsvatnet	MR 479283	1	?	bør vurderast
Kvitmjølsokna	MR 537285	2	?	bør vurderast
Kvitmjølsokna	MR 532292	3(4)	?	bør vurderast
Kjysvassbekken	MR 533293	2(4)	?	bør vurderast

Storvatnet	MR 541298	(1)	?	bør vurderast
Gåsvatnet	MR 530329	3	?	
Moldstad	MR 528331	3	?	
Soløyvatnet	MR 509325	3	?	bør vurderast
Hopasingsmyra	MR 496312	1	?	
Pilsvatnet	MR 494308	1	?	bør vurderast
Pilsbekken	MR 489308	2	?	bør vurderast
Buøya	MR 397280	0	?	
Røyrvatnet	MR 426325	3	?	
Kvennavågen	MR 454337	1	?	
Langåsen	MR 481347	0	?	* <i>Velia caprai</i>
Flatøya	MR 500396	2	?	
Haugøya	MR 501406	2(3)	?	
Hammarøya	MR 493411	1	?	



Fig. 10: Born i blomstereng ved Hopen, Nord-Smøla. (Foto: Heidi Marie Kragerud Folkestad)



Fig. 11: Bloddropesvermar på flekkmarihand, Høgåsen ved Skjølberg. (Foto: Alv Ottar Folkestad)



Fig. 12: Rognkall er attraktivt bytte både for oter og havørn. (Foto: Alv Ottar Folkestad)

## 4.12 Andre tema, artar etc.

### Verdiklassifisering:

****	=	Særleg verneverdig (internasjonal interesse)
***	=	Svært verneverdig (nasjonal interesse)
**	=	Verneverdig (regional interesse)
*	=	Lokal verneverdi
	=	Tilsynelatande liten verneverdi

### 4.12.1 Kalkgrunnvegetasjon

\*\*\*

I eit område nordaust for Skjølbergvågen er det kalkfjell (Fediuk 1975). I dette området finst ein rikare vegetasjon med innslag av ei lang rekkje kalkbundne og til dels meir sjeldne planteartar, både i myrvegetasjon (rikmyr) og i tørrmarksamfunn (Gjærevoll 1990, Gaarder og Jordal 1996, Jordal og Gaarder 1997, 1998b, 1998c, Melby 1996c, Moen 1984). Litt av dette er fanga opp i myrrapporten, jamfør lokalitet nr. 58, men det vil vere behov for å legge vekt på verneverdien knytt til kalkgrunnsvegetasjon ved vurdering av avgrensing av aktuelle verneområde.

I ein del lågtliggjande lokalitetar, stort sett avgrensa til smale strandflater og søkk mellom bergryggar, er det marine lausmasseavsetjingar med ein del skjelsand. I tillegg til strandengsvegetasjon har slike lokalitetar og ein del kalkgrunnsvegetasjon.

### 4.12.2 Hekkelokalitetar for smålom og storlom

\*\*\*\*

I samband med kartlegging av fuglelivet i Smøla, både i samband med verneplan for våtmarker, i samband med årleg overvaking og reirkontroll av havørn, og under generell feltaktivitet er det lagt vekt på å kartlegge hekkelokalitetane for begge lomartane i kommunen, jamfør omtale i tidlegare kapittel. Med omlag 5 par storlom og ca. 10 par smålom er Smøla kommune det viktigaste hekkeområde for begge desse artane i Møre og Romsdal i dag. Begge artane har vore på vikande front både regionalt og nasjonalt/internasjonalt, og forekomstane i Smøla er derfor og viktige i nasjonal målestokk. Begge artane er i utgangspunktet territoriehekkarar og vil såleis kunne vere problematiske å sikre etter Naturvernlova. Ein del av omsynet må derfor sikrast gjennom arealbruksplanar etter det generelle lovverket. Hekkelokalitetar for desse artane vil likevel kunne vere viktige tilleggskriterier for verdivurdering og områdeavgrensing for aktuelle verneområde etter Naturvernlova. Det vil kunne vere behov for tilleggsregistreringar for å få oppdatert kunnskapen om hekkelokalitetar for desse artane i Smøla.

### 4.12.3 Lokal forvaltningplan for grågås

\*\*

Smøla kommune har tradisjonelt hatt ein god grågåsbestand og tener dessutan som fjørfe-  
lingsområde for grågåsbestandar andre stader. Med aukande gåsebestand har grågåsa i nyare  
tid gitt dels betydelege beiteskadeproblem i kommunen. Med utgangspunkt i dette og ei of-  
fentleg utgreiing om gåseforvaltning i Norge «Handlingsplan for forvaltning av gjess»  
(Direktoratet for naturforvaltning 1996), er det sett igang arbeid med ein lokal forvaltnings-  
plan for grågås i Smøla. Gjennom dei siste 15 åra er det samla betydeleg kunnskap om grågås  
i Smøla, og det er naturleg at ein verneplan for Smøla også tek opp i seg element frå forvalt-  
ningplanen for grågås, særleg med tanke på viktige funksjonsområde i samband med hekking,  
fjørffelling og eventuelle friområde under jakta.

### 4.12.4 Hekkelokalitetar for havørn

\*\*\*\*

I samband med «Prosjekt Havørn» som har gått kontinuerleg sidan 1974, har bestanden av  
hekkande havørn i Smøla vore kartlagt og overvaka (Folkestad 1998, Folkestad i manus). Be-  
standen synest framleis å vere i vekst sidan arten på nytt etablerte seg i kommunen etter truleg  
å ha vore heilt borte som hekkefugl midt på vårt århundre. I løpet av den 25-årsperioden som  
prosjektet har gått, er det registrert minst 46 ulike reirlokaltetar for havørn i kommunen. No-  
kre av desse har vore i bruk berre eitt eller få år, og så langt det har vore råd å klarlegge, er  
hekkebestanden i kommunen pr. 1998 notert til minst 50 par, fordelt over heile kommunen,  
både på Fast-Smøla og i øyområda. Dette er rundt 25% av den registrerte hekkebestanden i  
fylket, det er langt det viktigaste hekkeområdet for arten i Møre og Romsdal, og bestandstett-  
leiken pr. areal er i dag det tettaste som er registrert i Norge (og på verdsbasis) (Folkestad i  
manus). Norge har eit spesielt, internasjonalt forvaltingsansvar for havørna, men som territo-  
riehekkar med territoria i praksis fordelte over heile det tilgjengelege området på Smøla, vil  
det vere uråd å sikre arten fullt ut gjennom verneplanar etter Naturvernlova. Derfor må viktige  
forvaltingsomsyn for denne arten også fangast opp gjennom arealbruksplanar generelt. Ikkje  
minst havørnbestanden er grunnlaget for at Smøla er med i oversikta over viktige fugleområde  
i Europa ("Important Bird Areas in Europe" (IBA)) frå 1989 (Grimmett & Jones 1989). For  
utarbeiding av ein verneplan etter Naturvernlova vil omsyn til hekkelokaltetar for havørn vere  
eit naturleg og viktig tilleggskriterium for verdivurdering av aktuelle område og for avgren-  
sing av slike område, særleg dersom det finst tendensar til konsentrasjon/klumping av reirlo-  
kaltetar i visse typer terreng, men det synest og klart at for nokre av dei viktigaste og mest  
konsentrerte hekkeområda for havørn i kommunen vil det vere vanskeleg å fremje vern etter  
Naturvernlova, og desse områda må derfor skjermast på annan måte og gjennom bruk av anna  
lovverk. Kunnskapen om arten i Smøla er så god som det i praksis er råd for ein territoriell art  
som over tid kan byte litt om på reirlokaltetane. Også andre viktige funksjonsområde for hav-  
ørn vil kunne vere tilleggskriterier for verdivurdering og avgrensing av aktuelle verneområde.  
Dette gjeld først og fremst viktige næringsøksområde, sitjeplassar og markeringspostar, og  
konsentrerte overnattingslokalitetar. Av omsyn til at arten er oppført på den internasjonale  
raudlista og har vore mål for faunakriminalitet, vil det ikkje bli gitt detaljopplysningar om  
fordeling av hekkelokaltetar i Smøla i denne rapporten. Naturvernstyresmaktene har sjølv sagt  
slik kunnskap tilgjengeleg for det vidare arbeidet med ein verneplan for Smøla etter Natur-  
vernlova.



Fig. 13: Portrett av vaksen havørn. (Foto: Alv Ottar Folkestad)



Fig. 14: To år gamnal havørn, denne arten er eit karakteristisk syn mot Smølahimmelen  
(Foto: Alv Ottar Folkestad)

#### 4.12.5 Leveområde for smølalirype

\*\*\*(\*)

Hekkebestanden av lirype i Smøla er ein eigen variant som tradisjonelt har vore skilt ut som eigen underart saman med bestandane på dei andre store øyane i Midt-Norge, *Lagopus lagopus variegatus* Salomonsen 1936. Nyare undersøkingar tyder likevel på at rypene på øya Smøla har fjernare slektskap med rypene på Hitra og Frøya enn med rypene på fastlandet og at dei nå vurderast som ein eigen, lokal variant. Med tanke på verdien av å ta vare på det genetiske mangfaldet i naturen, særleg med tanke på lokale bestandar med særleg tilpassing til lokale naturtilhøve som skil seg frå naturtilhøva i hovudutbreiingsområdet for ein art, vil omsynet til smølalirypa vere eit viktig tilleggstema for vurdering av ein verneplan. Spesielt gjeld det omsynet til store nok område av dei terrengavsnitta som synest viktigaste for denne arten i Smøla. Diverre ligg det føre lite av systematisk materiale med tanke på å kartlegge bestandstettleik og reproduksjon av smølalirype i høve til totalarealet i Smøla

#### 4.12.6 Oterlokalitetar

\*\*\*(\*)

Oteren har i moderne tid vore gjennom ein periode med store bestandsreduksjonar og -problem. I fleire land har arten forsvunne eller er sterkt redusert. I vårt land var bestanden på botnpå i 1960-70-åra. Derfor er arten plassert på den såkalla «raudlista» for truge eller sårbare dyreartar (artar i fare for å bli borte), og Norge som eitt av landa med ein etter måten livskraftig bestand, har hatt eit spesielt, internasjonalt forvaltingsansvar for arten. I vårt land har bestanden auka dei seinare åra og er i mange område god. I Smøla har det vore ein livskraftig oterbestand også under botnperioden, og dei siste åra har bestanden dessutan auka, slik at kommunen truleg har ein av vårt lands aller tettaste oterbestandar. I dag finst oteren i praksis over heile kommunen, særleg i øyområda og langs sjøen, men også innover i vassdraga. Det vil derfor ikkje vere aktuelt eller naudsynt å opprette eigne verneområde for denne arten, men på visse lokalitetar som har synt seg spesielt gunstige som yngleområde og tilhaldsplassar, vil dette likevel kunne vere eit tilleggskriterium for verdivurdering og avgrensing av aktuelle verneområde.





Fig. 15: Grågås er og ein av karakterartane for Smøla, her eit par på vårbeite, med den egg tungt hova til venstre. (Foto: Øyvind Leren).



Fig. 16: Oteren er talrik på Smøla og set mange spor etter seg. Her ein oterdam på Gråøya utafor Hopen, Nord-Smøla. (Foto: Aliv Ottar Folkestad)

## 5. AVGRENSING AV OMRÅDE I SMØLA AV SPESIelt HØG, NATURFAGLEG VERNEVERDI

Dei registrerte verneverdiane innan ulike tema, slik det er presentert framanfor, er her vurderte i ein samanheng ut frå målsetjinga om å finne fram til dei områda i Smøla som samla sett har dei største naturvernverdiane og som kan avgrensast til naturlege einingar. Dette gjeld område som innan einskilte tema eller i samla sum må vurderast å vere av nasjonal eller internasjonal interesse i ein verneplanssamanheng. Det er lagt vekt på at Smølanaturen i seg sjølv er spesiell både i landssamanheng og internasjonalt og at hovudnaturtype og landskapstype i seg sjølv er viktige delelement i ei samla verdivurdering. For å sikre desse verdiane vil derfor storleik og samanhengande, større naturområde vere eigne verdikriterier. I ein naturfagleg samanheng er det og naturleg å gruppere aktuelle verneområde etter storleik og skilje mellom einskildlokaltetar og større samanhengande område, nettopp for å understreke dei naturfaglege verdiane som er knytt til arealstorleik for å sikre ein del viktige funksjonar.

### 5.1 Store område og landskap (>10 km<sup>2</sup>)

#### 5.1.1 Sør-Smøla øyområde

##### Avgrensing:

Dette dekkjer heile øyområdet og litt av tilgrensande område på Fast-Smøla innan følgjande yttergrenser:

Sørspissen av Edøya, Kulisvaet, Store-Havrøya, Kallarsundet, Rangneset, Skjølbergvågen, Jøstølen, Jøsundet og Olsøysvaet, og mot vest til Griphølen og sør til Edøyfjorden, medrekna alle øyar, holmar og skjer.

##### Areal:

Ca. 250 km<sup>2</sup> (det aller meste sjøareal og gruntvassområde).

##### Høgste punkt:

Ramndalshaugen på Kuløya med 70 m, Rosvollhaugen med 53 m og Hoøya med 52 m.

##### Områdeskildring:

Dette er øygards- og skjergardslandskapet på sør- og sørvestsida av Smøla. Det er eit særdeles oppdelt landskap som inn mot Fast-Smøla omfattar tre av dei fire største «småøyane» i Smøla kommune; Jøa, Rosvolløya og Kuløya, tangerer sørspissen også av Edøya og har med vestre halvdel av Skjølberghalvøya og Jøstøløya (halvøy). Desse områda står for ein vesentleg del av landarealet innafor området. Utanom dette er resten av området stort sett dominert av småøy- ar, holmar, skjer og fluer, med store gruntvassareal innimellom. Dei indre og dei austlege øy-

områda er stort sett godt skjerma mot tungsjø, medan øyane og skjera mot Trondheimsleia og i særleg grad mot Griphølen i vest, er sterkt eksponerte mot ver, vind og tungsjø.

På øyane i austlege del av området er det fleire, relativt høge haugar, først og fremst på Kuløya Rosvolløya og Hoøya (sjå ovanfor). Elles er landskapet låglendt, stort sett lågare enn 10 moh og få punkt høgare enn 25-30 m og heller små areal på over 20 moh. Øyane er stort sett berglente og utanom myrområda er det heller tynt jordsmonn. Berre på innsida av Kuløya er det meir areal med lausmasse over berggrunnen. Langs denne indre øyrekka er bergarten konglomerat, elles er området dominert av heller sure og næringsfattige bergartar. Sjølv om det er torvlag og myrlendt over alt der det er søkk og flate parti i terrenget, er det berre på dei største øyane det er eigentleg myrareal, og først og fremst på Skjølberghalvøya. Området har vore dominert av lynghei og fukthei med grunnlente bergryggar innimellom, med naturleg oppslag av skog og kratt først og fremst på innsida av Kuløya og Rosvolløya, mindre på Ellevsøya og Jøa, og berre småkratt og einskildtre elles. I ny tid er det planta ein del lebelte av sitkagran, bergfuru og buskfuru, særleg rundt busetnad og tunområde. Heile landskapet må karakteriserast som eit kystkulturlandskap, og sjølv mange av småøyane har hatt busetnad inntil for få tiår sidan. Mange av øyane og holmane har vore nytta som beiteområde. Jamfør såleis Gaarder og Jordal (1996).

Det sterkt oppdelte landskapet gjer at strandlinjelengda i området vert særdeles lang og at strandsona blir eit dominerande naturelement. Særleg påfallande er dette på og rundt Jøa, både på vestsida mot Ringsøya, Tranøya og Valøya, og i aust mot Skjølberghalvøya. Her skaper den etter måten store Skjølbergvågen eit straumrikt område med sterke tidevass-skiftingar.

#### Naturfagleg skildring:

Mykje av området kan klassifiserast som kystkulturlandskap og er inngåande skildra i samband med verdivurdering og forvaltingsplan for dette kulturlandskapet. Dette gjeld i særleg grad plantelivet, jamfør Gaarder og Jordal (1996), Jordal og Gaarder (1996), Jordal (1998) og Melby (1996). Sjølv om kulturlandskapet er i gjenvekst over store delar av området, er det framleis store areal som har høgt artsmangfald og som figurerer blant dei mest typiske og varierte område av denne typen i Møre og Romsdal. Dette gjeld både grasmarksdominerte, beitepåverka plantesamfunn og lyngheiområde, og det gjeld beitedominerte strandengar. På dei mest skjerma og lune områda finst det spesielt varmekrevjande planteartar, såleis både sommareik og kristtorn på eller heilt nær global nordgrense. I denne samanheng er det verdt å merke seg at Edøyfjorden er det kystfarvatn i landet som skal ha den høgste, gjennomsnittlege temperatur i vatnet den kaldaste vintermånaden.

Naturfagleg er det likevel dei marine områda som dannar det viktigaste grunnlaget for det meste av det som elles lever i området. Dette gjeld dei store tareskogane og tarefluene, dei rike tangbelta langs stranda og i vågar og valar, det gjeld eit rikt utval av bukter, pollar og dammar frå reint saltvatn via brakkvatn til ferskvatn, men likevel oppgjødsle av tilførsle frå sjøen, og det gjeld det rike dyrelivet som høyrer til. Det ligg ikkje føre systematiske undersøkingar av livet i sjøen i dette området, men ut frå både produktivitet og mangfald i området elles, er det ingen tvil om at området er rikt. Dette syner seg bl.a. i artsutval og mengder av sjø- og vassfugl som nyttar og er avhengig av området til ulike tider på året. Her finst dei største konsentrasjonane av artar som smålom, islom og gråstrupedykkar som er registrerte i vårt land vinterstid. Vinterbestanden av gråhegre er og av dei største samlingane vi kjenner i Norge. For ei rekkje artar av sjøender er tala høge. Det gjeld ærfugl, sjøorre, havelle og særleg

**siland.** Som hekkeområde har dette vore eitt av dei viktige grågåsområda i landet, og for fjørfellande fugl sommarstid har det internasjonal betydning både for grågås, sjøorre og siland. **Hekkebestanden** av havørn er like eins av dei tettaste i verdsmålestokk. I tillegg til dette kjem **jamnt bra** bestandar av ei rekkje andre sjø- og kystfuglartar.

**Med** den rike tilgangen på næring er det og påfallande store bestandar av enkelte sjøpattedyr, **først** og fremst av oter, som i dei beste delområda må vere nær maksimal bestandstettleik av **det** som er kjent for denne arten, men det har og vore ein bra lokal bestand av steinkobbe.

Verdivurderte tema:

Registreringstema	Verdivurdering	Omfang
Mykrobotanikk	? (ikkje vurdert)	
Havstrand	***	enkeltlokalitetar, bør supplerast
Kystslynghei	***	ein lokalitet, kan supplerast
Kallgrunnsplanter	? (ikkje vurdert)	
Edellauvsk/kristtorn	***	einskildlokalitetar(fleire?)
Kulturlandskap	****	heile området
Marinbiologi	***	større del av området
Vassdrag	?(ikkje vurdert)	
Ferskvassbiologi	**	einskildlokalitet (fleire?)
Våtmark	****	fleire viktige delområde
Sjøfugl	***	fleire lokalitetar og delområde
Havørn	****	hekkellokalitetar
Grågås forvaltingsplan	****	fjørfellingsområde
Sjøpattedyr	****	fleire delområde

Det går klart fram av denne tabellen at verneverdiane i dette skjergardsområdet er svært store over eit breidt spekter av tema. For svært mange av tema er dette vurdert til å vere av nasjonal eller internasjonal interesse. For enkelte tema er det dessutan grunn til å tru at systematiske undersøkingar vil styrke desse verneverdiane ytterlegare. Området merker seg såleis ut som verdifullt kystområde i både nasjonal og internasjonal samanheng og vil naturleg måtte få svært høg prioritet i ein verneplanssamanheng.

## Sentrale myr- og heiområde på Fast-Smøla

### Avgrensing:

Området dekkjer store delar av dei sørlege myr- og heiområda på Fast-Smøla mellom Pilsbekken og Hinnå-/Maurdalsvassdraget innan følgjande yttergrenser:

Jøstølmyrane, Klakkavågen og Kvistvågen i vest, Holmsvassmyra, Bollvatnet og Høgåsen i sør, Maurdalen, Kongsvatnet, Aurevatnet, Aurebekken og Lyngheia i aust, og Rokstadelva, Pilsbekken, Pilsvatnet og Toppmyra i nord. Jamfør elles kart.

### Areal:

Ca. 49 km<sup>2</sup>.

### Høgste punkt:

Rambergtua med 43 m, Torshaugen med 40 m, Ørnhaugen med 34 m og Lyngheia med 33 m.

### Områdeskildring:

Området omfattar store delar av myr- og heilandskapet på sørlege halvdel av Fast-Smøla og gjeld eit landskap som stort sett er prega av slakke og lågkuperte terrengformer med dels svært store, samanhengande myrflater, oppbrotne av låge heidrag og bergryggar. I vest når området ned til sjøen langs Klakkavågen, og denne delen er avskoren frå resten av området av riksveg 669 over Røkhauken. Austre del av området blir tilsvarande overskore av veggen mellom Nelvika og Frostadheia/Sætran.

Fleire vassdrag og vatn deler terrenget naturleg inn i delområde: I sør skjer Hinnåvassdraget seg austover via Bollvatnet i eit lågt daldrag og går over i Maurdalsbekken som drenerer områda heilt opp mot veggen over Hyttrabben. Dette vassdraget har avrenning mot vest til Skjølbergvågen. Neste hovudstruktur i terrenget er forma av Svartvatnet og Kongsvatnet som via Aurebekken har avrenning mot aust ved Indre Roksvåg. Lenger nord ligg Fuglevågsvassdraget. Det har avrenning mot Klakkavågen i vest, men via Fuglevågsvatna, Sandvatnet, Kysvatnet og Storvatnet har dette vassdraget eit nedbørsfelt som strekkjer seg nesten tvers over øya. Heilt i nordaust har terrenget avrenning til Rokstadelva som renn ut på austsida av Smøla, og nordgrensa av området omfattar dessutan øvre deler av Pilsbekken med Pilsvatnet som via Pilsbekken og Hopaelva har avrenning mot nord, eit vassdrag med omlag like stort nedbørsfelt som Fuglevågsvassdraget.

Sørlege del av området er prega av kalkrike og næringsrike, dels lett forvitrelege bertartar, og i Maurdalen har visse bergartar vore grunnlag for start på gruvedrift. Denne delen strekkjer seg nordover til sørsida av Svartvatnet, der det er ei forkasting i terrenget. Lenger nord er det fattigare og surare bergartar, men enkelt stader i botnen av daldraga er det tidlegare havbotn med skjelsand og leire. Dels gjer dette seg gjeldande også i botnen av nokre av vatna.

I nyare historisk tid har dette vore trelaust og skoglaust landskap i form av eit særprega myr- og heiterreng. Enkelte stader finst det likevel trerøter i myra etter tidlegare furuskog. I dag er det eit plantefelt i Maurdalen og litt sporadisk planta lebelte/tregrupper elles. Ut over dette finst nokre få vierkratt og små og spreidde holt av bjørk, osp, selje og rogn og enkelte små fu-

ruplanter. Bortsett frå dei nemnde vegane som kryssar området på eit par strekkingar, og ei kraftlinje som kryssar landskapet i aust, er det svært lite av menneskelege inngrep, berre nokre få, små hytter samt utbygging av drikkevassuttak ved Storvatnet.

Naturfagleg skildring:

Tre viktige naturtyper dominerer dette området:

1. Svære myrflater og myrkompleks. Svært store deler av landskapet vil kunne klassifiserast som myr, dels svært djup myr slik det er mest utprega på Toppmyra, Kjysvassmyra, Kvitmjølsokna, Holmsvassmyra, Røkmyrane og Jøstølmyra. Dels er det og grunnlendt myr med overgang til fukthei. Myrbotanisk omfattar dette eit breidt spekter av ulike myrtyper, både med tanke på topografisk utforming og plassering, opphav og næringsnivå. Etter ei botanisk klassifisering er dette noko av dei mest karakteristiske kystmyrane, men og noko av dei mest særmerkte myrområda som finst i vårt land, dels og i verdsmålestokk. Samstundes har desse myrane ein fuglefauna som og er særprega, først og fremst med nokre få vade- og fuglartar som karaktergjevande, så som myrsnipe og småspove. For desse artane har området vore vurdert å ha noko av dei tettaste bestandane i vårt land.
2. Vassdrag med vatn langs sjølve vassdragsstrengen, men med tjonner og pyttar spreidd innover i myrterrenget. Dei fleste større vatna er relativt vegetasjonsfattige, men her er og ei rekkje vatn med frodig vegetasjon og sivbelte, med gode beitevilkår for våtmarksfugl som ender, svaner og grågås, for ender og gås også som hekkeområde. Vassdraga er dessutan fiskerike, og ved sida av å vere attraktive sportsfiskevatn gjev det og livsgrunnlag for fiskeetande artar som storlom og oter. For førstnemnde art er dette det viktigaste hekkeområdet i Møre og Romsdal. Smålomen hekkar og i området, men nyttar små myrtjonner og dammar, medan han hentar all maten i sjøen.
3. Heiområda, dels fattige bergrabbar med mose og lav, dels lyng- og bjønnskjegghei, men i sørlege del også kalkrabbar med frodig og kravfull vegetasjon i plantesamfunn som er sjeldne både i distriktet og i landet. Dette landskapet har og sine karakteristiske fugleartar, først og fremst med heiloa som den karaktergjevande, men og med ein fuglefauna som vanlegvis er å finne i fjellviddeterrang. Den lokale varianten av lirypa, smølalirypa, kan enkelte år vere relativt talrik og er saman med haren den viktigaste, jaktbare småviltarten utanom grågås.

Naturfagleg er dette landskapet noko av det mest særprega på Smøla og er dermed og noko av det mest spesielle av kystnatur som finst i Norge. Dette går både på landskapet og landskapsformene i seg sjølv, og det går på artsutvalg og samfunn av planter, fugl og dyr. Likevel er særpreget i naturen først og fremst knytt til plantelivet og fuglelivet, og berre ut frå sin eigenart er dette område som merkar seg ut i nasjonal og internasjonal samanheng.

Verdivurderte tema:

Registreringstema	Verdivurdering	Omfang
Myrbotanikk	****	4 delområde
Havstrand	*	enkeltlokalitet
Kystlynghei	**(*)	to delområde
Kalkgrunnsplanter	****?	Større område
Kulturlandskap	***	lite område i ytterkant
Vassdrag	****(Vpl.v.IV)	Fuglevågsvassdraget
Ferskvassbiologi	**	einskildlokalitetar
Våtmark	****	gjeld området samla
Sjøfugl	**	småkoloniar og einskildpar
Havørn	***	hekkelokalitetar
Grågås forvaltingsplan	***	fjørfellings- og hekkeområde
Sjøpattedyr	**	oter i vassdraga

Som vi ser, er den naturfaglege verneverdien for ei rekkje viktige tema vurdert å vere av nasjonal eller internasjonal interesse. Dette er særleg knytt til myrbotaniske verdiar, vassdrag og våtmark, men i sum vil og spekteret av andre naturfaglege verdiar gjere dette til eit område som må verdivurderast svært høgt i nasjonal og internasjonal samanheng.



## 5.12 Hopavassdraget

### Avgjensing:

Området ligg på begge sider av Pilsbekken/Hopaelva frå vegen mellom Fuglevågen og Frosadheia til utlaupet i sjøen ved Hopen, medrekna Korsvatnet og Litlvatnet samt Svarhaugmyra. Jamfør kart:

### Areal:

Ca. 10,1 km<sup>2</sup>.

### Høgste punkt:

Vetta med 33 moh.

### Områdeskildring:

Dette gjeld i stor grad deler av eit vassdrag med tilhøyrande, intakte deler av nedbørsfeltet. Sjølv hovudvassdraget, Pilsbekken øvst og Hopaelva nedst og med dei langsmale vatna, Korsvatnet, Mellomvatnet og Litjvatnet, ligg langs ein grunn, smal, men markert elvedal, stort sett med stiltflytande parti mellom vatna og mot utlaupet i sjøen. Vassdraget greinar seg ut i smale bekkedalar, særleg langs austsida, der nokre av dei drenerer dyrkajordsområde, andre har sitt nedbørsfelt hovudsakleg i opne, høgareliggande myrflater, særleg aust for vassdraget.

Berggrunnen er stort sett fattig i heile dette området, men langs hovudvassdraget er det fleire stader lausmasser av skjelsand og leire frå tidlegare havbotn. Mot utlaupet i sjøen går vassdraget gjennom ei rekkje naturleg terrasserte dammar som skaper ein overgang frå ferskvatn via ulike brakkvass-system til sjø, dels med store tidevassflater.

Det er lite av naturleg trevegetasjon, men langs utlaupet er det i nyare tid planta sitkagran og bergfuru. Her kryssar og ein veg over vassdraget, men elles er det lite av inngrep ut over den avrenninga vassdraget får frå jordbruksareal.

### Naturfagleg skildring:

Landskapet langs vassdraget er, som store delar av Smølanaturen, prega dels av store myrflater, dels av hei og bergryggar. Langs austre del av vassdraget er to av myrkompleksa klassifiserte som myrbotanisk viktige og verdifulle, og desse områda er samstundes viktige for våtmarksfugl, først og fremst vadefuglar. Dei viktigaste, ornitologiske interessene knyter seg likevel til sjølv vassdraget med forgreiningar. Dette er gjennomgåande frodige, vegetasjonsrike vassdrag og elvestrekningar som tener som hekkelokalitetar for ei rekkje andearter, fleire av dei svært kravfulle. Avrenning frå jordbruksareal har hatt positiv verknad for fleire av desse. I tillegg er dette også viktige beiteplassar for ender og svaner i trekktidene og i isfrie perioder vinterstid. For beitende fugl er det mengde og kvalitet av planteproduksjon som er viktig, men vassdraget gjev og vilkår for kravfulle planteartar, og ferskvassbotanikken i dette området inneheld såleis fleire sjeldne planter. Vassdraget er dessutan fiskerikt og gjev grunnlag både for sportsfiske og for fiskeetande dyreartar som oter.

Gjennomførte registreringar gjeld først og fremst myrbotanikk og fugl, dels ferskvassbotanikk, men er mangelfulle når det gjeld havstrand, kulturlandskap og marinbiologi, altså dei naturfaglege verdiane som er knytte til strandsona og utlaupsområdet i sjøen. For ei tilfredstillande

verdivurdering av heile området vil det derfor vere behov for supplerande registreringar for i alle fall desse tema og først og fremst i utlaupsområdet ved sjøen, medrekna Hopaøya.

Verdivurderte tema:

Registreringstema	Verdivurdering	Omfang
Myrbotanikk	***	to delområde
Havstrand	?	osområdet i sjøen
Kulturlandskap	?	ved sjøen
Marinbiologi	?	brakkvassområdet
Vassdrag	***?	mangelfullt
Ferskvassbiologi	**?	mangelfullt
Våtmark	****	området samla
Sjøfugl	**?	særleg utlaupet i sjøen
Havørn	***	hekkelokalitetar
Grågås forvaltingsplan	**?	Hekking?
Sjøpattedyr	***	oter

Ut frå dei tema som er verdivurderte, ser vi at våtmarksinteressene dominerer, men og for ei rekkje andre tema må verneverdiane vurderast å vere av nasjonal interesse. Dette gjev ein naturleg konklusjon at området samla sett må klassifiserast å vere av klar, nasjonal verneverdi og såleis vere kvalifisert for vern etter Naturvernlova.

### 5.1.3 Brattværskjergarden

Avgrensing:

Dette dekkjer eit øy- og skjergardsområde utanfor Dyrnes på nordvest-Smøla innan følgjande yttergrenser:

Store-Valøya i sør, Skalmen i nordvest og Andholmen/Tosholmen i nordaust. Sjølve Brattværet er ikkje medrekna.

Areal:

Ca. 15,5 km<sup>2</sup>.

Høgste punkt:

Store-Valøya med 21 m og Andholmen med 17 m.

Områdeskildring:

Dette er eit reint skjergardslandskap med nokre få, litt større, men nokså oppdelte øyar, nokre øygrupper, men elles med øyar, holmar og skjer spreidd over eit svært grunt og ureint farvatn med ei mengd fluer og taregrunner. Mot vest ligg Skalmen fyr på kanten mot ope hav, berre med ein fallgard på utsida.

Dei fleste holmane og øyane av litt storleik er småkuperte, berglendte og relativt høge, med Store-Valøya som den høgste (21 m) og Andholmen dernest (17 m). Bortsett frå Skalmen med fyrstasjon og ein del sjømerke, er det lite og ikkje menneskelege inngrep i området.

Naturfagleg skildring:

Dette er ein eksponert ytterskjergard med nokså karrig vegetasjon, berre her og der oppgjødsla rundt oterhi eller ørnstjeplassar, eller gjennom tang- og tarevollar. På fleire av holmane er det ferskvassdammar, dels med frodig vegetasjon gjennom naturleg oppgjødsling frå tang- og taredrift eller ved oteroppgjødsling. Grunnområda i sjøen har stort sett kraftig tang- og tarevegetasjon og er viktige beiteområde for sjøfugl og sjøpattedyr (oter). Dette gjeld både som overvintringsplass, særleg for ærfugl og havelle, som hekke- og oppvekstområde for ærfugl, og som fjørfellingsområde for ærfugl (meir enn 2000 hannar opptalt ved Skalmen). Området har og jamnt hatt bra hekkebestand av måsefuglar, særleg gråmåse, svartbak, men periodevis også ternar og tjuvjo.

Verdivurderte tema:

Registreringstema	Verdivurdering	Omfang
Havstrand	?	ikkje registrert
Kulturlandskap	?	ikkje registrert
Marinbiologi	***	større del av området
Våtmark	***	spesielt for sjøender
Sjøfugl	***	fleire lokalitetar og delområde
Havørn	***	hekkelokalitetar
Sjøpattedyr	****	fleire delområde

Området har ein stor og tett bestand av oter, noko som og har positiv innverknad for havørn, men elles ser vi at verneverdiane først og fremst er knytt til våtmarksfugl og sjøfugl og at den samla verdien av området må vurderast å vere av klar, nasjonal interesse.

## 5.2 Mindre område og einskildlokalitetar (inntil 10 km<sup>2</sup>)

### 5.2.1 Straumøya, Hestøya og Vikjelsøya

Avgrensing:

Dete gjeld tre øyar og nokre holmar ved Leirvik på søraust-Smøla innafør følgjande yttergrenser:

Straumøya i vest, Vikjelsholman i sør og Hjortholmen i nordaust.

Areal:

Ca. 1,7 km<sup>2</sup>.

Høgste punkt:

Vikjelsholmen med 18 moh.

Områdeskildring:

Området gjeld tre småøyar med nokre holmar som ligg godt skjerma i indre del av skjergarden på søraustsida av Smøla. Øyane har tidlegare vore prega av gras- og lynghei, dels fukthei og litt myr, men har i nyare tid fått ein del oppslag av lauvtre, særleg rogn, slik at dei i dag dels har eit hagemarkslignande preg med open bestand av lauvtre. Øyane er skilde av smale og grunne sund.

Naturfagleg skildring:

Øyane har vore nytta til husdyrbeite og ber preg av det. Samstundes ligg dei i den delen av Smøla som har innslag av kalkrike, næringsrike berartar. Dette gjer at vegetasjonen er artsrik og inneheld ei rekkje meir kravfulle, dels sjeldne artar, og at vegetasjonen er klassifisert som kulturlandskapsvegetasjon. I denne samanheng merkar området seg ut som svært interessant og som eitt av dei mest karakteristiske i Smøla kommune.

Samstundes har desse øyane, særleg Straumøya og Hestøya, frå gammalt av vore viktige hekkekoloniar for måsar, særleg gråmåse, med fleire hundre par. Dei seinare åra har likevel bestanden av måse gått attende, og verdien som hekkelokalitet har såleis vorte redusert ein del. Kor vidt dette er varige endringar eller om det er korttidssvingingar, er det for tidleg å stadfeste, etter som talet på hekkefugl har vore bra også så seint som 1995/96.

Verdivurderte tema:

Registreringstema	Verdivurdering	Omfang
Havstrand	*?	ikkje spesielt vurdert
Kystlynghei	*?	ikkje spesielt vurdert
Kalkgrunnsplanter	**?	deler av området
Kulturlandskap	***	heile området
Marinbiologi	?	ikkje vurdert
Sjøfugl	***	deler av området
Grågåås forvaltingsplan	**?	hekke-/beiteområde?

Som det vil gå fram av tabellen ovafor, er verdien av området dels knytt til kulturlandskapet og då først og fremst med beiteprega og beiteavhengig engvegetasjon, dels til sjøfuglkolonia-  
ne i området. Som det vil gå fram av den naturfagleg skildringa, har utviklinga dei siste åra  
gjort funksjonen som hekkeområde noko usikker, og det vil såleis såleis truleg først og fremst  
vere kulturlandskapsverdiane som må tillegast hovudvekt. Dermed vil det og kunne vere eit  
diskusjonstema kor vidt desse best vil kunne takast i vare gjennom tiltak etter Naturvernlova,  
eller ved skjøtselsplan for kulturlandskapet på anna grunnlag.

## 5.2.2 Monsøyområdet

Avgrensing:

Omfattar Monsøya med kringliggande holmar:

Monsøya i sør til Monsøyhauet i nord.

Areal:

Ca. 1,6 km<sup>2</sup>.

Høgste punkt:

Monsøya med 15 moh.

Områdeskildring:

Monsøya er ei oppdelt øygruppe, dels skilt av smale tidevass-sund, dels med nokre frittliggan-  
de småholmar. Området er nokså kupert i høve til storleiken, med haugar og ryggar og enkelte  
bratte heng og hamrar, og med eit samanhengande gruntvassområde rundt.

Det ligg eit fråflytt bruk på øya, og rundt dette er det ein del gammal dyrkajord og innmark,  
medan resten er meir eller mindre sterkt beiteprega. Det er planta nokre få bartre på nordlege  
del av området.

Naturfagleg skildring:

Deler av øya kan framleis karakteriserast som kulturlandskap, men utan spesielt interessant eller stor artsvariasjon eller innslag av særprega artar. Dels er det og parti med kystlynghei utan at dette er rike eller karakteristiske utformingar.

Området har ein særdeles tett bestand av oter, særleg knytt til nokre store oterurder der mykje av dei kringliggande områda er kraftig oppgjødsla og der vegetasjonen er dominert av nitrogenelskande planter. Dette er openbert eit resultat av gode hiområde, men må og vere ha si årsak i god næringstilgang i sjøområda rundt. Generelt er dei kringliggande gruntvassområda registrerte som viktige beiteplassar for sjø- og vassfugl i vinterhalvåret.

Området er relativt lett oversiktleg, men utanom dei registreringane som er gjorde, tilseier både landskapet og dei registrerte førekomstane av oter og våtmarksfugl at også dei marinbiologiske tilhøva i området burde ha vore undersøkt nærare.

Verdivurderte tema:

Registreringstema	Verdivurdering	Omfang
Havstrand	*?	ikkje vurdert
Kystlynghei	*?	ikkje vurdert spesielt
Kulturlandskap	*	heile området
Marinbiologi	?	ikkje vurdert
Våtmark	***	heile området
Sjøfugl	*	heile området
Havørn	**	hekkelokalitet
Sjøpattedyr	***	heile området

Monsøya er på mange måtar ein særprega lokalitet med viktig funksjon knytt til to-tre tema, alle med utgangspunkt i dei marinbiologiske ressursane. Det som er registrert til no, tilseier at området må vurderast som nasjonalt verneverdig, og eit supplement av marinbiologiske registreringar ville truleg ha understøtta dette.

### 5.2.3 Aunvågen, Strauman, Straumøya

#### Avgrensing:

Interesseområdet omfattar vågar og straumar i eit øy- og strandområde mellom Hopen og Brennskag innafør følgjande yttergrenser:

Lauvøya i vest, Fløvatnet og Aunvågen i sør, og Kvolpøya/Måøya i nord, medrekna alle øyane mellom Lauvøya og Kalvøya.

#### Areal:

Ca. 1,7 km<sup>2</sup>.

#### Høgste punkt:

Ørntua med 16 moh.

#### Områdeskildring:

Dette er ein av dei mest karakteristiske skjergardslokalitetane i Smøla. Det er eit innestengd og skjerma våg/pollsystem med ei rekkje smale straumar og tidevass-sund ut mot opnare farvatn, og med relativt store tidevassleirer, skjerma i eit småkupert og oppdelt landskap, dels på Fast-Smøla, dels mot småøyane utafør.

På landsida er det noko myrlandskap, dels ryggar og bergrabbar i eit ope og vegetasjonsfattig landskap, og på sine stader med bratte knausar og hamrar. På øyane er det låge ryggar med lynghei, fukthei og litt myr. Langs strandsona er det stort sett berglendt, men og smale strandengsbremmar. I inste del av Aunvågen ligg eit setjefiskanlegg som ei tid har vore ute av bruk. Det nærtliggande Fløvatnet har vore nytta som vassmagasin.

#### Naturfagleg skildring:

Området er prega av heller fattig vegetasjon på land, naturleg nok etter som det er fattige bergartar i området. Sjøområda er derimot prega at straumrike og produktive tilhøve med svært rike tangbelte langs strender og i straumsunda, og med ålegrasleirer og område med store muslingsbestandar og smådyr knytt til mudderbotn.

Dette er særdeles gode beiteområde for fisk og fiskeetande dyr- og fugleartar, men og for vegetasjonsbeitande fuglar som grasender og songsvaner. Bestanden av oter er truleg noko av det tettaste som er registrert i Smøla, og området er naturleg nok eit viktig næringsssøksområde for havørn. Det er ikkje gjort spesielle registreringar av marinbiologiske tilhøve, men ut frå fysiske tilhøve og den aktivitet som elles er av sjøfugl og sjøpattedyr, er det grunn til å tru at også innan marinbiologiske tema vil området kunne merke seg ut.

Verdivurderte tema:

Registreringstema	Verdivurdering	Omfang
Havstrand	**?	ikkje vurdert
Marinbiologi	***?	ikkje vurdert
Våtmark	***	heile området
Sjøfugl	***	heile området
Havørn	**	hekkelokalitet
Grågås forvaltingsplan	***?	hekke-/beiteområde
Sjøpattedyr	****	oter

Ut frå det som er registrert til no, merkar oterbestanden seg spesielt ut, men innan både våtmark og sjøfugl og truleg også marinbiologi synest verneverdiane å vere av klar, nasjonal interesse. Det bør likevel gjennomførast supplerande registreringar av marinbiologiske tilhøve.



## 5.2.4 Remman

### Avgrensing:

Dette dekkjer alle holmar og skjer innafor skjergruppa Remman vest for Veiholmen innafor følgjande ytterpunkt:

Kobbskaget og Seiskjera i sør, Buskjera i aust og Nordomskjera og Flesa i nord.

### Areal:

Ca. 15 km<sup>2</sup>, med ubetydeleg landareal.

### Høgste punkt:

Ca. 5 moh.

### Områdeskildring:

Dette er ei samling låge nokså snau skjere relativt langt til havs og svært eksponert. Det er store gruntvassområde, prega av taregrunner, i området rundt.

### Naturfagleg skildring:

Dei snauvaska skjera gjev lite grunnlag for permanent vegetasjon, men i sommarhalvåret kan det vere temmeleg frodig vegetasjon av salt-tolande, men nitrogenelskande planter i form av balderbrå, høymol o.l. på desse skjera. Stortareskogen med tilhøyrande økosystem er den mest storvaksne og velutvikla som er kjent på norskekysten.

Dette er tradisjonelt viktige hekkekoloniar for store måsar (gråmåse og svartbak), enkelte år også med store og tette koloniar først og fremst av raudnebbterne. Denne arten har likevel vore fåtalig dei fleste åra i nyare tid. Dessutan hekkar og ein relativt god bestand av ærfugl, medan området også tener som fjørfellingsområde for ærfugl og som sitjeplass for skarv vinterstid.

### Verdivurderte tema:

Registreringstema	Verdivurdering	Omfang
Havstrand	*??	Ikkje vurdert
Marinbiologi	****	Heile området
Våtmark	***	spesielt sjøender
Sjøfugl	****	heile området
Havørn	?	hekkelokalitet?
Sjøpattedyr	?	ikkje vurdert

Verdiane av dette området knyter seg både til funksjonen som koloniområde for sjøfugl, dels også for enkelte våtmarksfuglartar, og til dei særdeles velutvikla tareskogane med sine økosystem. Stortareområda har spesielt stor verdi som referanseområde.

## 5.2.5 Kyrhaugvatnet

### Avgrensing:

Interesseområdet dekkjer sjølve Kyrhaugvatna med kringliggande myrområde, jamfør kart.

### Areal:

Ca. 220 da.

### Høgste punkt:

Ca. 20 moh.

### Områdeskildring:

Lokaliteten er senkning i terrenget, omgitt av låge haugar og ryggar i eit småkupert landskap. Det grensar opp mot ein bilveg i aust, gardsveg i nord og dyrkamark i sør. Elles er landskapet rundt stort sett lynghei og litt fukthei med enkelte lauvskogsholt.

Området har etter alt å døme opprinneleg vore eit samanhengande vatn, men sivbelte og gjen-groing har i dag delt opp vassflatene til små opningar med sivbelte og fuktig myr imellom. Undergrunnen er etter alt å døme lausmasser frå tidlegare sjøbotn, oppdemt av ein strandvoll i sør.

### Naturfagleg skildring:

Etter alt å døme er dette opprinneleg ein grunn strandsjø av ein type som i dag stort sett er anten drenert eller heilt atgrodd dei fleste andre stader. Det er relativt store område med gjen-groingsmyr i sørlege og vestlege del av lokaliteten, medan austlege og nordlege del har mest ope vatn. Vegetasjonen synest å vere dominert av flaskestarr og torvmose, men det er ikkje gjennomført nærare undersøkingar.

Det er konstatert at ein del fuglearter nyttar lokaliteten (ender, vadefuglar, hegrer), og av dei undersøkte ferskvasslokalitetane i Smøla er dette den med størst registrert variasjon av insekt. Det er likevel ikkje gjennomført registreringar som gjev grunnlag for klassifisering og ver-divurdering av denne lokaliteten korkje med tanke på botanikk, insektliv eller fugleliv. Ut frå topografi og utforming elles er dette likevel ein ferskvasslokalitet som av type er fåtalig både i kommune og fylke, og som muligens har eit naturfagleg særpreg ut over det vanlege. Derfor må lokaliteten undersøkast nærare med sikte på å avklare eventuell verneverdi.

Verdivurderte tema:

Registreringstema	Verdivurdering	Omfang
Myrbotanikk	?	må undersøkast
Kystlynghei	?	bør vurderast
Kulturlandskap	?	bør vurderast
Vassdrag	?	må undersøkast
Ferskvassbiologi	***	heile lokaliteten
Våtmark	**?	bør undersøkast
Sjøpattedyr	?	oter

Som det vil gå fram av tabellen, ligg det ikkje føre tilstrekkeleg grunnlag for verdivurdering av lokaliteten. Berre visse funn innan ferskvassinsekt tyder på at lokaliteten er av dei rike i Smøla kommune.

## 5.2.6 Edøyvalen

### Avgrensing:

Området gjeld den inste bukta i Edøyvalen medrekna tidevassleirer og tilgrensande strandengar rundt denne, jamfør kart.

### Areal:

Ca. 80 da.

### Høgste punkt:

ca, 2 moh

### Områdeskildring:

Dette er langgrunne strandstrekningar med breie bremmar av strandeng inn mot fastmark, omgitt dels av låge bergryggar og svaberg, dels myr og lynchhei, dels dyrkamark og dels bilveg. Innan Smøla kommune er dette ein av dei få lokalitetane med relativt velutvikla strandeng i bakkant av langgrunne tidevassleirer.

I austre del av området har det vore litt masseuttak, ei kraftleidning kryssar over sørlege del av området, og ein gardsveg skjær av litt av strandenga i vest.

### Naturfagleg skildring:

Området er ikkje nærare analysert med tanke på naturtype havstrand/strandeng og heller ikkje med tanke på beitefunksjon for fugl eller som hekkelokalitet for fugl. Lokaliteten er likevel ut frå ei kartvurdering i registreringsrapporten for havstrand i Møre og Romsdal nemnt som ein av dei lokalitetane i Smøla som synest meir interessant og som bør undersøkast nærare.

Det er og konstatert at strandområda vert nytta som beiteplass for vadefugl under hausttrekket, det er kjent at grågås med kull nyttar denne lokaliteten sommarstid og på ettersommaren, og vinterstid ligg det periodevis songsvaner i området. Det ligg likevel ikkje føre kunnskap som gjev grunnlag for nærare skildring eller vurdering, og lokaliteten må derfor undersøkast nærare med tanke på alle aktuelle tema for å få klarlagt funksjon og verdi med tanke på eventuell verneverdi etter Naturvernlova.

Verdivurderte tema:

Registreringstema	Verdivurdering	Omfang
Havstrand	***?	må undersøkast
Kalkgrunnsplanter	?	bør undersøkast
Kulturlandskap	?	bør undersøkast
Marinbiologi	?	må undersøkast
Våtmark	?	bør undersøkast
Grågås forvaltingsplan	?	bør undersøkast
Sjøpattedyr	?	bør undersøkast

Som det vil gå fram av tabellen, ligg det ikkje føre kunnskap eller registreringar som gjev grunnlag for ei verdivurdering av lokaliteten, men ut frå generelle karakterar er det grunn til å tru at potensialet må vere relativt stort.

## 5.2.7 Fløtjønna

Avgrensing:

Interesseområdet gjeld sjølve Fløtjønna avgrensa mot riksveg 669 i nord, strandsona i begge endar av tjønna samt landområda mellom Fløtjønna og Skjølbergvågen. Jamfør kart.

Areal:

Ca. 250 da.

Høgste punkt:

ca. 10 moh.

Områdeskildring:

Lokaliteten omfattar ei 7-800 m lang, todelt brakkvasstjønn med smale strandengar/sivsoner rundt, og strandengar og lynghei/fukthei mellom denne og sjøen i inste enden av Skjølbergvågen. Langs nordaustsida er lokaliteten avgrensa av Rv 669, medan dyrkajord grensar ned til eller nesten ned til lokaliteten i nordvest og søraust. Landskapet elles rundt er ope, lågkupert kulturlandskap med dels beitemark, dels heiområde.

Naturfagleg skildring:

Naturfagleg er dette ein av dei mest spesielle einskildlokalitetane i Smøla kommune. Plasse- ringa i øvre del av springflosona gjer at sjøvatn går regelmessig inn i vinterhalvåret og fører periodevis med seg tang, medan det i lange perioder i sommarhalvåret ikkje går tidevatn inn i tjønna. Saltinnhald varierer derfor mykje, frå periodevis nokså marint i vintersituasjonen til nokså ferskt i perioder på sommaren.

Den biologiske produktiviteten er svært god, særleg uttrykt gjennom ein særdeles tett og frodig undervassvegetasjon. I ein periode dominerte skruehavgras fullstendig. I 1998 var tjøn-

nakarten *butt-tjønnaks* nær einerådande, men kvantitativt minst like produktiv som havgras. Dette gjev særdeles gode beitevilkår for våtmarksfugl, særleg vegetarianarar, og lokaliteten tenar både som hekkelokalitet for grasender av eit breidt artsutval, også av dei mest kravfulle artane, og som beiteplass under hausttrekket og i isfrie perioder om vinteren. I dei mest intense biteperiodene kan maksimumstala av ender og svaner vere betydelege, periodevis også for grågås. Pr. areal er dette den våtmarkslokaliteten i Smøla som har registrert langt største både artsutval og bestandstetleik av andefugl. Også som oppvekstlokalitet for andekull merkar lokaliteten seg ut med svært høge tal, og med stokkand, krikkand og brunnakke som dei dominerande.

I rapporten om havstrandslokalitetar i Møre og Romsdal er det likevel ikkje notert spesielle artareller verdiar, og det er openbernt at dette må ha si årsak i mangelfullt feltarbeid. Berre medtanke på at *butt-tjønnaks* er raudlisteart i Norge, skulle dette åleine klassifisere lokaliteten som spesiallokalitet av stor verneverdi ut frå botaniske kriterier.

Verdivurderte tema:

Registreringstema	Verdivurdering	Omfang
Havstrand	***	enkeltlokalitetar
Kalkgrunnsplanter	?	bør undersøkast
Marinbiologi	?	bør undersøkast
Ferskvassbiologi	**	einskildlokalitet
Våtmark	****	enkeltlokalitet
Grågås forvaltingsplan	***	hekke-/beiteområde
Sjøpattedyr	**?	oter

Det går utan vidare fram at dette er den einskildlokaliteten som merkar seg ut med aller høgst verneverdi i Smøla kommune. Verdien som våtmarkslokalitet åleine gjev området svært høg prioritet både i distrikts- og fylkessamanheng, og med dei openberre, botaniske interessene som er registrerte, understrekar dette verneverdien ytterlegare. Det bør likevel gjennomførast supplerande, botaniske registreringar for å kunne dokumentere dette.

## 5.28 Sjøvågen ("Sjyvågen")

### Avgensing:

Intesseområdet er avgrensa mot den gamle riksvegen i vest, gardsvegen til Gjerneset i sør, omfattar plantefeltet på sørsida av Sjøvågen, rundt austenden av vågen samt strandsona på sørsida av Nelvikvågen.

### Areal:

Ca. 580 da.

### Høgste punkt:

Ca. 20 moh.

### Områdeskildring:

Hovudlokaliteten er ein 1 km lang og 300 m brei brakkvassvåg med svært smalt utlaup mot sjøen i Nelvikvågen. Dette utlaupet er litt oppreinska slik at vassutskiftinga i dag er litt større enn den har vore i naturtilstand. Inngrepet er gjort for lang tid sidan, slik at vågen etter alt å døme i dag har tilpassa seg dei eventuelle endringane som inngrepet har ført til.

Langs sørsida er lokaliteten avgrensa av ein gardsveg, dels langs vasskanten, dels inntil 100-200 m avstand, og mellom vegen og vågen er det planta barskog av relativt stor artsvariasjon, med alder på den eldste delen på truleg 80-100 år. Mot nord grensar lokaliteten til Nelvikvågen, ein relativt open våg med langgrunne strandstrekningar på sørsida, og med ein høgderagg med dels lynghet, dels bartreplantefelt mellom Sjøvågen og Nelvikvågen.

Langs stranda på sørsida av lokaliteten er det teke ut ein del masse (skjelsandhaldig lausmasse), og i austre enden av lokaliteten ligg ei hytte.

### Naturfagleg skildring:

Sjøvågen har relativt langgrunne strender, men er etter måten djup utpå. Periodevis er det tydeleg at det er klar ferskvass-skiktning på toppen, slik at vegetasjonen i øvre del av strandsona har meir preg av ferskvassvegetasjon enn brakkvassvegetasjon. Dette gjeld enkelte av sivbelteplantene. I den tidevasspåverka, nedre del av strandsona er det derimot dominans av artar som er klart favoriserte av ei viss brakkvasseffekt, som trådtjønnaks og kransalgartar. Langs deler av strandsona er det relativt velutvikla undervassenger av desse artane. Dette er beitegrunnlag for ein del våtmarksfugl, både grasender, grågås og songsvaner, sistnemnde først og fremst haust og vinter. Langs stranda i Nelvikvågen er det på deler av strekninga utvikla ein smal strandensbrem, og på dei breiaste tidevassflatene også ålegrasenger.

Dei to plantefelta i området har dei seinare åra gjennomgått markerte naturaliseringsprosessar, både gjennom vindfelling/sjølvtynning og gjennom aldring. Artsutvalet er stort, med innslag av fleire amerikanske granartar, norsk gran, vanleg furu og bergfuru, saman med lerk. Den eldste delen av dette feltet er truleg minst 80 år (bortimot 100?) og har etter kvart fått tre med grovare stammer og kraftigare greinverk. I det svært fuktige lokalklimaet, særleg langs stranda mot Sjøvågen, er det utvikla påfallande rikelege skjeggjavbestandar i barskogen. Plantefeltet på sørsida av Sjøvågen har over ei årrekke vorte teke i bruk som overnattingsplass for havørn,

med 25-30 individ registrert, og med innslag av både kongeørn og hønsenhauk på same overnattingsplass. Dei seinare åra har både havørn og hønsenhauk regelmessig hekka. Av dei registrerte overnattingsplassane for havørn i Smøla (og Møre og Romsdal) synest dette å vere den mest konsentrerte og talmessig største.

Plantefeltet mellom Sjøvågen og Nelvikvågen har og naturalisert seg, men har eit heilt anna preg av det førstnemnde. Dette har først og fremst vorte ein viktig hekkelokalitet for ei rekkje artar som elles er fåtalige i Smøla, så som ringdue, ramn, dompap, dessutan for gråhegre. I tillegg til dette er særleg strandsona langs sørsida av Nelvikvågen viktig som beite- og opphaldsplass for kullsamlingar av grågås i hekketida.

I registreringsrapporten for havstrand i Møre og Romsdal er også Sjøvågen omtala, men utan at det vart gjort funn av interesse. Ut frå det artsutval av strandengs-/brakkvassplanter som er registrert både ved tidlegare kartleggingar og det siste året, er det vanskeleg å skjønne at konklusjonen frå havstrandsregistreringane kan bygge på anna enn mangelfullt feltarbeid. Fleire av dei artane som er påviste, høyrer med til dei sjeldne og sporadiske i dette distriktet, og det synest klart at det vil vere behov for supplerande registreringar med tanke på å få ein oppdatert og komplett gjennomgang av dei botaniske interessene i området.

#### Verdivurderte tema:

Registreringstema	Verdivurdering	Omfang
Havstrand	**?	må undersøkast
Kalkgrunnsplanter	?	bør undersøkast
Marinbiologi	?	bør undersøkast
Ferskvassbiologi	?	bør undersøkast
Våtmark	**	enkeltlokalitet
Havørn	***	overnattingslokalitet
Grågås forvaltingsplan	***	hekke-/beiteområde
Sjøpattedyr	**?	bør undersøkast

Ut frå dei registreringane som er gjort det siste året, merker lokaliteten seg ut som ein sentral overnattingsplass for havørn, særleg for unge fuglar (1-3 år gamle). Denne funksjonen gjev grunnlag for å vurdere vernetiltak sjølv om det bygger på menneskeskapte tilhøve (planta barskog). Denne verdien blir supplert av den betydning plantefeltet ved Nelvikvågen har for fleire hekkande fugleartar, og av den verdien strandområda langs sørsida av Nelvikvågen har for grågåskull. Sjølve Sjøvågen har verdi som beiteplass for våtmarksfugl, men utan å vere meir sentral enn mange andre beiteplassar i Smøla. Det synest likevel som om dei botaniske førekomstane i og ved Sjøvågen også må vere kvalifiserande for vern. Derfor er det behov for å få gjennomført ei tilfredstillande kartlegging og verdivurdering av dette temaet før lokaliteten vert underlagt endeleg verdivurdering.



## 5.2.9 Litjneset-Einvågen

### Avgrensing:

Det interessante området ligg mellom Einneset og Litjneset innafor følgjande avgrensingar:

Riksveg 669 i sør, langs stranda på austsida av Einvågen i aust, sørsida av Kuøya over til sørsida av Litjneset i nord og langs gardsvegen til Litjneset i vest.

### Areal:

Ca. 570 da.

### Høgste punkt:

21 moh.

### Områdeskildring:

Dette er strandengsmosaikkar og lågdrag inn mellom haugar og knausar i eit småkupert og oppdelt landskap. På landsida er det dominert av lynchhei, bergrabbar og små myrflater som ligg innimellom smale vågar og tidevasspollar mellom Einesvågen i søraust og Litjneset i nordvest. Frå botnen av Einesvågen går eit lågdrag med strandengsflater og smådammar over mot Skjølvågen på den andre sida. Gardsvegen til Litjneset kryssar dette området, og ei kraftlinje passerer også over same strekninga. I ytre delar av området ligg fleire låge øyar og holmar som er skilde frå landsida med tidevass-sund på flo sjø. På Litjneset ligg eit gardsbruk med dyrkamark ned mot stranda, og langs gardsvegen til Litjneset ligg ytterlegare eit bustadhus. Det er planta litt lebelte av sitkagran og bergfuru langs og dels inn i området.

### Naturfagleg skildring:

På landsida er det stort sett lynchhei og bergrabbar med mosedekke, men og nokre myrflater. Strandengsbremmane som dels er bra utvikla rundt enkelte av buktene og vågane, er for det meste relativt smale og på ein del strekningar oppbrotne av berg og stein i stranda. Dei registrerte, botaniske verdiane er først og fremst knytt til strandområda sør for tunet på Litjneset, og her finst ein del typiske soneringar med relativt bra artsutval. Ut frå ei kartvurdering er det i registreringsrapporten for havstrand i Møre og Romsdal antyda at det og kan finnast interessante lokalitetar mot indre delar av Einesvågen. Synfaringar i 1998 bekrefta dette, og det synest som om delar av dette området kunne vere vel så viktige som dei verdivurderte områda. Ein del uttak av skjelsandhaldig lausmasse langs gardsvegen til Litjneset har øydelagt ein del av dei naturlege utformingane av strandengar som vert sette under vatn i springfloperiodene vinterstid, men samstundes har det etablert seg ny vegetasjon i dei dammane der det er teke ut masse. Her blei det konstatert fleire interessante artar i store og tette bestandar, både vanleg havgras og skruehavgras, saman med trådtjønnaks og muligent busttjønnaks. Det synest såleis å vere interessante førekomstar i tillegg til det som har kome med i registreringsrapporten for havstrand i Møre og Romsdal, og grunnlaget for avgrensing av aktuelt verneområde på denne lokaliteten synest fagleg mangelfull. Det vil derfor vere behov for systematiske og grundige registreringar av strandengsmosaikkane i heile dette området før endeleg verdivurdering og avgrensing av eit eventuelt verneområde. Dette bør også omfatte ei vurdering av om det kan vere aktuelt med ei avbøting/restaurering av deler av dei områda som har vore utsette for massuttak for å kunne sikre heile spekteret av strandengs-/brakkvassplanter som finst i området.

Verdivurderte tema:

Registreringstema	Verdivurdering	Omfang
Myrbotanikk	?	bør undersøkast
Havstrand	***	enkeltlokalitet
Kalkgrunnsplanter	?	bør undersøkast
Marinbiologi	?	bør undersøkast
Ferskvassbiologi	?	bør undersøkast
Våtmark	**	enkeltlokalitet
Grågås forvaltingsplan	**?	hekke-/beiteområde
Sjøpattedyr	**?	oter

Verneverdiane i dette området knyter seg stort sett til havstrandsbotanikk, men bør supplerast slikt at alle strandplantесamfunn blir verdivurderte, eventuelt og i grenselandet mot nærslekta plantесamfunn (kalkelskande planter, ferskvassbotanikk). Verdivurderingane konkluderer i utgangspunktet med nasjonale interesser, men det er grunn til å tru at dette vil bli ytterlegare underbygt ved å skaffe eit breiare vurderingsgrunnlag.

## 6. BEHOV FOR TILLEGGSREGISTRERINGAR OG OPPDATERING AV KUNNSKAPSGRUNNLAG

Som det vil gå fram av merknadene til ein del av registreringane innan ulike tema, er det grunn til å tru at vurderingsgrunnlaget er noko mangelfullt, dels sviktande innan nokre tema. Det er i tillegg tema som openbert er interessante, men der det knapt ligg føre kunnskap. Arbeidet med fagrapporten har dessutan klarlagt at det for nokre tema finst innsamla rådata som ikkje er samanfatta, presenterte og verdivurderte, og der det innafor ramma av dette prosjektet ikkje var økonomi eller tid til å få hente ut kunnskapen frå dei kjeldene som har han. Det kan og vere behov for å få betre oppdatering av status for enkelte verdivurderingar som ligg noko attende i tid, og for enkelte tema er det naudsynt med ei kvalifisert, reint fagleg vurdering av om registrerte område kan prioriterast mot kvarandre, eller om dei utfyller kvarandre i ein verdiforsterkande heilskap. Slike vurderingar var det heller ikkje rom for innan budsjettet for denne rapporten.

Ut frå dette peikar det seg ut ein del behov for å forbetre data- og vurderingsgrunnlaget for dei naturfaglege verneverdiane i Smøla. På nokre felt bør kunnskapsbasen såleis supplerast for å få ein mest mogleg komplett verneplan både med tanke på tema og verdiar:

### 1. Innhenting av eksisterande kunnskap:

Det vart i samband med prosjektarbeidet klarlagt at det finst ein del felldata som ikkje er presentert i rapportens form eller andre tilgjengelege publikasjonar eller kjelder. Dette gjeld botaniske opplysningar, først og fremst om hei- og fjellvegetasjon, bl.a. kalkgrunnsvegetasjon. For å få ut desse opplysningane er det naudsynt med kjøp av tenester.

### 2. Verdivurdering av eksisterande registreringsmateriale:

Det vil vere behov for å få ei kvalifisert, fagleg vurdering av verneverdiar og prioriteringar innan enkelte tema. Dette gjeld først og fremst myrregistreringane, der det vil vere viktig å få klarlagt kor vidt registrerte og verdivurderte myrområde er utfyllande i høve til kvarandre, eller om enkelte område kan prioriterast mot kvarandre. Det vil og vere behov for å få verdivurdert enkelte heiområde innafor det som er avgrensa som aktuelle verneområde, for å få ei meir komplett verdisetjing av desse områda.

### 3. Behov for tilleggsregistreringar innan visse tema:

Som det vil gå fram andre stader i rapporten, vil det vere behov for tilleggsregistreringar innan følgjande tema:

#### Havstrand

Føreliggande registreringar synest svært mangelfulle og treng supplerings både med tanke på spesielle vegetasjonssamfunn og representativitet. Spesielt aktuelle streknin-  
gar, område og lokalitetar er følgjande:

- Edøyvalen
- Nordvestsida av Edøya mellom Utheim og Edøyvalen
- Austsida av Kuløya
- Jøstøløya
- Vestre og sørlege del av Jøa
- Utlaupsområdet for Hopaelva
- Sjøvågen
- Fløtjønna

#### Kristtorn

Det skal finnast fleire førekomstar i øyane mellom Kuløya og Smøla.

#### Kalkgrunnsbotanikk

Det er kalkberggrunn over eit relativt stort område på sørlege del av Smøla. I registreringsmaterialet finst opplysningar frå deler av dette området, både myrbotanikk og tørrbakke- og heisamfunn. Dette er likevel ikkje utfyllande, og det bør kartleggast meir representativt i høve til potensialet.

#### Ferskvassbotanikk

Vegetasjonstyper og artsmangfald er etter måten rikt når det gjeld ferskvassvegetasjonen i Smøla. Innafor dei områda som er avgrensa som aktuelle for vurdering i ein verneplansamanheng, er det og med eit rikt utval av ferskvassbotanikk. Temaet er likevel ikkje verdivurdert, og både dette og spørsmålet om det finst verdifulle lokalitetar som ikkje er med blant dei aktuelle verneområda, skaper behov for ei registrering og verdivurdering av dette temaet i samband med ein verneplan. Jamfør og behov for å kartlegge eventuelle verneverdiar i Kyrhaugvatnet.

### **Litteratur (både referert litteratur og kunnskapsbase):**

- Aksdal, S. 1994: Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, Rapport nr. 6-1994.
- Brategard, T. og T. Holthe 1995: Kartlegging av egnede marine verneområder i Norge. Tilrådning fra rådgivende utvalg. Utredning for DN nr. 1995-3.
- Benliksen, E., K. Høiland, T. E. Branderud og J. B. Jordal 1998: Truete og sårbare sopparter i Norge – en kommentert rødliste. Fungiflora. 221 s
- Direktoratet for naturforvaltning 1994: Oversikt over norske vassdrag med anadrome laksefisk pr. 01.01.1994. Utskrift av lakseregisteret.
- Direktoratet for naturforvaltning 1996: Handlingsplan for gjess. DN-rapport 1996-2.
- Dolmen, D. 1991: Ferskvannsbiologiske og hydrografiske undersøkelser av 20 vassdrag i Møre og Romsdal 1988. Verneplan IV. Trondheim. Vitenskapsmuseet. Rapp. Zool. Ser, 1989-3. 105 s.
- Fediuk, F. 1975: SMØLA, berggrunnsgeologisk kart 1321 I – M 1:50.000. NGU.
- Ferdinand, F., A. Gardarson, A. Haapanen, C. Helweg Ovesen, J. Höjer, M. Norderhaug, H.Ormio og H. M. Thamdrup 1973: Oversikt over viktige våtmarker i Norden. 336 s.
- Folkestad, A. O. 1974: Feltkurs i ornitologi, Smøla 15.-20. jan. 1974. Rapport frå kurs i vintertelling av fugl, arrangert av Norsk Ornitologisk Forening. Stensilert rapport. 13 sider.
- Folkestad, A. O. 1975a: Wetland bird migration i Central Norway. *Ornis Fennica* 52: 49-56.
- Folkestad, A. O. 1975b: Vintertaksering av fugl på Smøla 31. Januar-2. Februar 1975. Stensilert rapport. 8 sider.
- Folkestad, A. O. 1975c: Registreringar på Smøla 1974. Stensilert rapport til Miljøverndepartementet og ornitologiske undersøkingar på Fast-Smøla. 18 s.
- Folkestad, A. O. 1975d: Total artsliste over fugl kjent frå Smøla. Stensilert rapport. 10 sider.
- Folkestad, A. O. 1976a: Vintertaksering av fugl på Smøla 13.-15. Februar 1976. Stensilert rapport. 9 sider.
- Folkestad, A. O. 1976b: Friluftsliv og naturvern i Møre og Romsdal. Registrering av område som er av verdi for friluftsliv og naturvern i Møre og Romsdal. Stensilert rapport. Generell del. xx s.
- Folkestad, A. O. 1976c: Friluftsliv og naturvern i Møre og Romsdal. Registrering av område som er av verdi for friluftsliv og naturvern i Møre og Romsdal. Stensilert rapport. Spesiell del 38. Smøla. xx s.
- Folkestad, A. O. 1977a: Vintertaksering av fugl på Smøla 4.-6. februar 1977. Summarisk rapport over innsamla data. Stensilert rapport. 11 sider.
- Folkestad, A. O. 1977b: Registrering av ornitologisk viktige våtmarker i Norge. Stensilert rapport til Miljøverndepartementet. 519 s.
- Folkestad, A. O. 1978: Takseringer og studier av gråstrupedykker i overvintringsområdene på Norskekysten. *Anser*, Supplement 3: 84-89. Lund.
- Folkestad, A. O. 1979: Sjøfugl og sjøfuglforvaltning. *Vår fuglefauna* 4: 4-18.
- Folkestad, A. O. 1983: Sjøfuglreservatplan for Møre og Romsdal. Utdrag frå manuskript.
- Folkestad, A. O. 1996: Smøla kommune. *Rallus* 1996: 98-115.
- Folkestad, A. O. 1998: Prosjekt Havørn. Delprosjekt Møre og Romsdal. a. Bestandsovervaking, ringmerking m.m. b. Territoriebruk. Årsrapport for 1997. 12 sider.
- Folkestad, A. O. manus: Prosjekt Havørn. Organisering, bestandsforhold, populasjonsdynamikk, forvaltningsproblematikk. Prosjektrapport for perioden 1975-1998. Manuskript 102 s.

- Folkestad, A. O. og J. Loen 1998: Hekkefugl i Møre og Romsdal. - Ein statusrapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavingdelinga, Rapport 4-98. 125 s.
- Folkestad, A. O. og J. Suul 1978: Våtmarker av ornitologisk verneverdi. Stensilert rapport 14 s.
- Follestad, A. 1982: Vintertelling av sjøfugl på Smøla 6.-7.2.1982. Stensilert rapport.
- Follestad, A. 1983a: Vintertellingar av sjøfugl på Smøla 6.-7.2.1983. Stensilert rapport.
- Follestad, A. 1983:b Ornitologiske undersøkingar i Smøla kommune 1974-1983. Oppsummeringsrapport frå diverse registreringsarbeid i regi av NOF. 87 s.
- Folvik, A. og I. J. Øien 1995: Åkerriksa i Norge 1995. Bestandsstatus og tiltaksplan. Norsk Ornitologisk Forening, Rapport nr. 2-1995. 24 s + vedlegg.
- Folvik, A. og I. J. Øien 1996: Åkerriksa i Norge 1996. Bestandsstatus og tiltaksplan. Norsk Ornitologisk Forening, Rapport nr. 6-1996. 19 s + vedlegg.
- Fremstad, E., P. A. Aarrestad og Anfinn Skogen 1991: Kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag. Naturtype og vegetasjon i fare. NINA-utredning 029. 172 s.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1982: Utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal fylke. 224 s.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1985a: Rapport om forundersøkingar av konsekvensar ved oljeboring på Møre I. Natur- og miljøvern.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1985b: Overvintrande sjøfugl i risikoområdet for oljeboring på Møre I. Supplement til rapport om forundersøkingar av konsekvensar ved oljeboring på Møre I. Natur- og miljøvern.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1988: Utkast til verneplan for myr. 143 s.
- Fægri, K. 1960: The coast plants. I Fægri K. & al. (eds.): Maps of distribution of Norwegian plants. I. Univ. i Bergen skr. nr. 26. 134 s + 54 pl.
- Gjellan, A. 1974: Rapport fra Smøla-undersøkelser 1974. Ornitologiske registreringer i potensielt verneverdige områder. Fredningsforslag. Stensilert rapport til Verdens Villmarksfond – WWF i Norge. 21 s.
- Gjershaug, J. O., P. G. Thingstad, S. Eldøy og S. Byrkjeland 1994: Norsk fugleatlas. Hekkefuglenes utbredelse og bestandsstatus i Norge. Norsk Ornitologisk Forening. Klæbu. 552 s.
- Gjærevoll, O. 1990: Alpine plants. Berg, R. et al. (eds.): Maps of distribution of Norwegian vascular plants. Vol. II. Tapir. Trondheim 126 s + 37 pl.
- Gustad 1987: Polarjo i Møre og Romsdal høsten –85. Rallus 17: 52-54.
- Grimmett R. F. A., & T. A. Jones 1989: Important Bird Areas in Europe. International Council for Bird Preservation Technical Publication No. 9. Cambridge. 888 pp.
- Gaarder, G. og J. B. Jordal 1996: Biologisk mangfold på sørlige deler av Smøla. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Rapport nr. 8-1996. 59 s.
- Hansen, B. og F. A. Juhl 1995: Kulturminneregistrering på Sør-Smøla. Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeskonservatoren. 54 s + kart.
- Hansen, O. 1932: Det fyrste utkast til flora yver Nordmøre. Nordmøre Historielag. Årsskr. 1932: 6-27.
- Helweg Ovesen, C., A. Bondo-Andersen, P. Borg, O. Jøsang, L. Pålsson, R. Ruuhijärvi, L. Vilborg og B. Aas 1973: Oversikt over verneområder i: Danmark, Finland, Norge og Sverige. Stensilert rapport. Oslo. 300 s (upaginert).
- Holten, J. I., A. A. Frisvoll og E. Aune 1986a: Havstrand i Møre og Romsdal. Flora, vegetasjon og verneverdier. Økoforsk rapport 1986: 3A, 253 s.
- Holten, J. I., A. A. Frisvoll og E. Aune 1986b: Havstrand i Møre og Romsdal. Lokalitetsbeskrivelser. Økoforsk rapport 1986: 3B, 184 s.

- Jordal, J. B. 1993: Soppfloraen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Miljøvernavdelinga, rapport nr. 2 1993. 189 s.
- Jordal, J. B. og G. Gaarder 1993: Soppfloraen i en del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga rapport nr. 9 – 1993. 76 s.
- Jordal, J. B. og G. Gaarder 1996: Noen soppfunn i ugjødsla beite- og slåttmarker II. *Agaria* 14 (23): 90-110.
- Jordal, J. B. og G. Gaarder 1997: Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-96. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga. Rapport 1-1997. 177 s.
- Jordal, J. B. og G. Gaarder 1998a: Noen soppfunn i ugjødsla beite- og slåttmarker III. *Agaria* 15 (24/25): 29-58.
- Jordal, J. B. og G. Gaarder 1998b: Røddlistearter i Møre og Romsdal – planter, sopp og lav. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, Rapport nr. 3-1998. 109 s.
- Jordal, J. B. og G. Gaarder 1998c: Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1997-98. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga, rapport nr. 2-1998.
- Jordal, J. B. og S. Sivertsen 1992: Soppfloraen i noen ugjødsla beitemarker i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, rapport nr. 11 1992. 65 s.
- Kristiansen, J. N. 1974: Strandengundersøkelser i Møre og Romsdal, Sør- og Nord-Trøndelag og Nordland. Foreløpig rapport i forbindelse med Miljøverndepartementets landsplan for verneverdige naturområder og forekomster. Univ. i Trondheim, Kgl. norske vidensk. selsk. Mus. Upubl. rapport. 63 s.
- Lindmo, S, P. H. Salvesen og A. Skogen 1991: Verneverdige forekomster av barlind og kristtorn i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. UNIB. Bot. Inst. Rapp. 50. 105-106.
- Marker, E. 1977: Landsoversikt for naturområder og forekomster av verdi for undervisning og forskning i Norge. Notater fra Møre og Romsdal. Stensilsamling.
- Melby, M. W. 1996a: Kulturlandskap. Forvaltningsplan for sørlige deler av Smøla. Statusrapport. Ressurser, bruk og interessekonflikter. Miljøfaglig Utredning 1996:22.
- Melby, M. W. 1996b: Kulturlandskap. Forvaltningsplan for sørlige deler av Smøla. Virksomhetsbeskrivelse for prosjektperioden 02.10.95-31.12.96. Miljøfaglig Utredning 1996:24.
- Melby, M. W. 1996c: Kulturlandskap. Forvaltningsplan for sørlige deler av Smøla. Sluttrapport. Miljøfaglig Utredning 1996:23.
- Moen, A. 1984: Myrundersøkelser i Møre og Romsdal i forbindelse med den norske myrreservatplanen. Rapport Botanisk serie 1984-5, DKNVS-Museet, Trondheim.
- NOU 1991: Verneplan for vassdrag IV. NOU 1991:12A
- Olsvik, H. 1991: *Velia caprai* Tamanini (Hem., Hepteroptera, Veliidae) found i central Norway. *Fauna norv. Ser. B* 38: 30-31.
- Olsvik, H. 1998: Smøla's øyestikkere. Notat. 2 s.
- Rinde, E., H. Christie, S. Fredriksen og A. Sivertsen 1992: Økologiske konsekvenser av taretråling: Betydninga av tareskogens struktur for forekomst av hapterfauna, bunnfauna og epifytter. NINA Oppdragsmelding 127, 1992. 37 s.
- Sivertsen, K. 1991: Høsting av stortare og gjenvekst av tare etter taretråling ved Smøla, Møre og Romsdal. Havforskningsinstituttet. *Fisken og havet* nr.1 1991. 44 s.
- Sivertsen, S., J. B. Jordal og G. Gaarder 1994: Noen soppfunn i ugjødsla beite- og slåttmarker. *Agaria* 13 (21): 1-38.

- Skogen, A. 1969: Trekk av noen oseaniske myrers vegetasjon og utvikling. IHD-rapport nr. 1: 88-95.
- Skogen, A. 1970: Plantegeografiske undersøkelser på Frøya, Sør-Trøndelag III. Alpine og nordlige innslag i floraen. Blyttia 28: 108-124. Kart. Linmjølke.
- Skogen, A. 1971a: Økologiske og plantegeografiske undersøkesler i verdens nordligste ekelund. Blyttia 29: 235-250.
- Skogen, A. 1971b: Studies in Norwegian maritime heath vegetation. I. The eco-sociological range of *Carex binervis* at its northern distribution limit. Universitetet i Bergen. Årb. Mat.-Naturv. Ser. 1970, 5: 1-17.
- Tønsberg, T. 1992: The soridiate and isidiate, corticolous, crustose lichens in Norway. Sommerfeltia 14: 331 pp.





# SMØLA KOMMUNE

## Tegnforklaring:

- Landbruk:**
- Interesseområde for jordbruk
  - Dyrkbar myr
  - Dyrka mark
  - Myr


**Miljøvern:**

- Havstrand
- Interesseområder
- Kulturlandskaps verdier
- Botaniske verneverdier
- Zologiske verneverdier
- Delområde myr

- \*\*\*\* Internasjonal/nasjonal
- \*\*\* Nasjonal/regional
- \*\* Lokal
- \* Liten/ingen verdi

Målestokk : M 1 : 100000

Registrert av: Fylkesmannens Miljøvernåvnd. v/AV Otter Folkestad 1998  
 Registrert av: Fylkesmannens Landbruksavdeling 1998  
 Grunnlagkart NSB-Kartdata  
 Produisert av Statens Kartverk Merie og Romedal 1998  
 Tiltalsenhet: LOTS 6041



## Prosjekt Verneplan Smøla - Områdeavgrensning

### Tegnforklaring:

 Områder med naturfaglige verneinteresser

1	Øyområdet Kulisvaet - Olsøysvaet (Aktuell verneform Landskapsvernområde/Reservat)	210,69 Km <sup>2</sup>
2	Sentrale myr og heiområde på "Fast-Smøla" (Rokstadeiva - Pålbeikken)	49,01 Km <sup>2</sup>
3	Fuglevågvasdraget - Aurevasdraget - Hinnåvasdraget (Aktuell verneform Landskapsvernområde/Reservat)	10,10 Km <sup>2</sup>
4	Hopavassdraget (Aktuell verneform Reservat)	3,46 Km <sup>2</sup>
5	Aunvågen - Straumøya (Aktuell verneform Reservat)	1,59 Km <sup>2</sup>
6	Monsøyområdet (Aktuell verneform Reservat)	15,54 Km <sup>2</sup>
7	Storvassøya - Skalmen (Aktuell verneform Reservat)	0,25 Km <sup>2</sup>
8	Fløjtjønnå (Aktuell verneform Reservat)	0,08 Km <sup>2</sup>
9	Edøyvalen (Aktuell verneform Reservat)	0,22 Km <sup>2</sup>
10	Kyrhaugvatna (Aktuell verneform Reservat)	0,57 Km <sup>2</sup>
11	Lifneset (Aktuell verneform Reservat)	0,58 Km <sup>2</sup>
12	Remman (Aktuell verneform Reservat)	1,71 Km <sup>2</sup>
13	Sjøvågen (Aktuell verneform Reservat)	
	Straumøya m.fl. (Aktuell verneform Reservat)	

Målestokk : M 1 : 100 000

Registrert av: Fylkesmannens Miljøvernadv. v/Avn Ottar Folkestad 1998

Grunnlagskart N50-Kartdata

Tiltelesnr: LOT8 6041

Produsert av Statens Kartverk Møre og Romsdal 1998